

NOU

Noregs offentlege utgreiingar **2004: 15**

Regional statsstøtte og EØS-reglane

Utgreiing frå eit utval nedsett ved kronprinsregentens resolusjon 27. februar 2004
Avgjeven til Kommunal- og regionaldepartementet 23. august 2004

Statens forvaltningstjeneste
Informasjonsforvaltning

Oslo 2004

ISSN 0333-2306
ISBN 82-583-0785-1

Lobo Media AS

Til Kommunal- og regionaldepartementet

Regjeringa oppnemnde ved kronprinsregentens resolusjon 27. februar 2004 eit utval som basert på faglege vurderingar skulle sjå på det distrikts- og regionalpolitiske handlingsrommet som EØS-avtalen og ESA sine gjeldande retningslinjer for offentlig støtte tillet.

Utvalet legg med dette fram si innstilling

Oslo, 25. juni 2004

Per Christiansen
leiar

Marit Aaberg

Anne Berg

Silje Gamstøbakk

Lars Hagen

Lillian Hatling

Arild Hervik

Ellen Mulstad

Jan Mønnesland

Mette Rye

Innhold

	Samandrag	7	4.2	Bedriftsretta verkemiddel i Noreg	35
1	Innleiing	9	4.2.1	Bagatellmessig støtte	35
1.1	Bakgrunn, oppnemning og arbeidet i utvalet	9	4.2.2	Støtte til nyinvesteringar	36
1.2	Mandat og mål	9	4.2.3	Støtte til sysselsetjing	39
1.3	Bakgrunn	10	4.2.4	Støtte til opplæring	40
1.3.1	Den graderte arbeidsgivaravgifta	10	4.2.5	Støtte til konsulentbistand og andre tenester	41
1.3.2	Omlegging av den graderte arbeidsgivar avgifta	11	4.2.6	Støtte til forskning og utvikling	41
1.3.3	Dei næringsretta utviklingstiltaka	12	4.2.7	Risikokapital som egenkapital	44
1.4	Andre utgreiingar	13	4.2.8	Transportstøtte	45
1.4.1	Kunnskapsstatus for den graderte arbeidsgivaravgifta	13	4.2.9	Støtte til miljøvern	45
1.4.2	Effektutvalet	13	4.2.10	Støtte til krisetiltak og omstilling	46
1.4.3	Konkurranseflater i EØS	13	4.2.11	Sektorar med egne regelverk	46
1.4.4	Distriktskommisjonen	14	4.2.12	Oppsummering av dei norske ordningane	48
2	Generell juridisk del	15	4.3	Investering i infrastruktur og andre tilretteleggingstiltak	48
2.1	Om EØS-avtalen.	15	4.4	Sal av offentlig eigedom og bygningar	51
2.1.1	Innleiing	15	4.5	Personretta tiltak	51
2.1.2	Kva EØS-avtalen ikkje omfattar	15	4.6	Inntektssystemet til fylke og kommunar	52
2.1.3	Prinsippa for samarbeidet og handhevinga av reglane	17	4.7	Nasjonale verkemiddel i andre EØS-statar	53
2.1.4	Oversyn over rettskjeldene	18	4.7.1	Innleiing	53
2.2	Innhaldet i reglane for statsstøtte	18	4.7.2	Generellt om statsstøtte i andre EØS-stater	53
2.2.1	Innleiing	18	4.7.3	Dei viktigaste regionale verkemidla ...	55
2.2.2	Om hovudregelen – når støtte i utgangspunktet er forboden	20	4.8	EUs strukturfond og Interreg-programmet	59
2.2.3	Tillaten statsstøtte – gruppefritak	21	4.8.1	Generelt om strukturfonda	59
2.2.4	Tillaten statsstøtte – artikkel 61(3) ...	22	4.8.2	Målområda	60
2.2.5	Støtte til verksemd med særlege oppgåver – artikkel 59(2)	24	4.8.3	Fellesskapsinitiativ	61
2.3	Saksbehandling og handheving i statsstøttesakar	24	4.8.4	Norsk deltaking i Interreg-programmet	61
2.3.1	Oversyn	24	4.8.5	Strukturfonda etter 2006	61
2.3.2	Meldeplikta og ESAs behandling	25	4.9	Nye reglar i EU med verknad for statsstøtteområdet	61
2.3.3	Domstolskontrollen	26	4.9.1	Nye reglar for regionalstøtte	62
3	Mål og effektar ved distriktpolitiske verkemiddel	27	4.9.2	Krise- og omstrukturingsstøtte	62
3.1	Distriktpolitikk – avstandsulemper og utkantproblem	27	4.9.3	Støtte som har avgrensa verknad på samhandelen	62
3.2	Ulik treffgrad og innretning	29	4.9.4	Tenester av allmenn økonomisk interesse	62
3.3	Effektivitet i høve til distriktpolitiske mål	30	5	Oppsummering og vurdering	63
3.4	Sideeffektar og vridingseffektar i høve til marknader og regionar	31	5.1	Innleiing	63
3.5	Generelle og selektive verkemiddel ...	31	5.2	Det juridiske handlingsrommet	63
4	Nærings- og distriktpolitiske verkemiddel	33	5.3	Dei økonomiske omsyna	64
4.1	Innleiing	33	5.4	Vurderingar av handlingsrom og tiltak	64
4.1.1	Oversyn	33	5.5	Nokre konkrete vurderingar	65
4.1.2	Den geografiske avgrensinga av det distriktpolitiske støttekartet	33	5.5.1	Fysiske investeringar	65
			5.5.2	Sysselsetjing	65
			5.5.3	Kompetanseheving	66

5.5.4	Forsking og utvikling	66	4	Transportstøtte	97
5.5.5	Infrastruktur	66	5	Busetnad innafor støttekartet og maksimale regionale støttesatser	
5.5.6	Andre tiltak	67		i EU-statar og Noreg	99
5.6	Avslutning	67		Differensiert arbeidsgiveravgift	
5.7	Økonomiske og administrative konsekvensar	67	6	Kunnskapsstatus: Oppsummering	103
			7	Utdrag frå NOU 2004:2	
Vedlegg				"Effekter og effektivitet - effekter av statlig innsats for regional utvikling og distriktpolitiske mål"	105
1	Gruppefritaksreglane	68		Distriktskommisjonens mandat	109
2	Sonar for gradert arbeidsgivaravgift ..	94	8	Litteraturliste	110
3	Dei distriktpolitiske virkemiddelområda: kommunar	95	9		

Samandrag

Ved å slutte seg til EØS har Noreg godteke visse avgrensingar når det gjeld handlingsrommet for å utforme nasjonal politikk på fleire område. Dette gjeld også på statsstøtteområdet og innanfor distrikts- og regionalpolitikken.

Hovudregelen i EØS-avtalen er at statsstøtte er forboden. Det er likevel gjort fleire unntak frå dette som inneber at visse former for statsstøtte er lovleg. Utvalet har kartlagt kva for handlingsrom norske styresmakter har innanfor EØS-rammene, og kome til at handlingsrommet på fleire område er stort.

EØS-reglane og EU-kommisjonens/ESAs retningslinjer for statsstøtte gir dei ytre rammene for nasjonal nærings- og regionalpolitisk statsstøtte i EØS-statane. Utvalet har i samsvar med mandatet gjort sine vurderingar ut frå gjeldande regelverk. Regelverket i dag for regional statsstøtte gjeld ut 2006. Nye regler frå 2007 er under arbeid og kan innebere endringar i det handlingsrommet utvalet har kartlagt. Dette kan òg gjelde statsstøtte i form av gradert arbeidsgivaravgift.

Kapittel 1 i utgreiinga gir eit oversyn over oppnemninga av og arbeidet til utvalet. Det gir att mandatet som utvalet har fått, og korleis utvalet har tolka mandatet. Det er gitt ei kort framstilling av kva omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta går ut på. Utvalet har kort omtalt andre utgreiingar som kan ha ei særleg interesse i samband med denne utgreiinga.

I kapittel 2 gir utvalet eit juridisk oversyn over regelverket for statsstøtte etter EØS-avtalen. Ikkje all støtte er omfatta av denne avtalen. Avtalen omfattar til dømes ikkje landbruk og fiske (avsnitt 2.1).

Dei unntaka som gjeld frå forbodet mot statsstøtte, går fram av forordningsreglar (om gruppefritak) og av den praksisen ESA har for godkjenning av statsstøtte etter dei retningslinjene ESA nyttar (avsnitt 2.2). ESA er det organet som godkjenner norsk statsstøtte etter EØS-reglane. Det er gitt omfattande reglar for saksbehandlinga, og ESA kan krevje at ulovleg statsstøtte som er gitt, skal betalast attende frå den som har fått støtta. Vedtaka til ESA kan prøvast for EFTA-domstolen (avsnitt 2.3).

I kapittel 3 gir utvalet eit oversyn over dei økonomiske vurderingane som kan knyttast til ulike tiltak, særleg dei fordelane og dei ulempene som regionalpolitiske tiltak har. Desse blir vurderte opp mot dei distriktpolitiske måla den graderte arbeidsgivaravgifta var innretta mot. Kapittelet trekkjer særleg fram forhold i samband med dei næringsretta tiltaka som kan nyttast til å kompensere for omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta.

I kapittel 4 kartlegg utvalet nokre av dei viktige bedriftsretta ordningane i Noreg (avsnitt 4.2). Dei er knytte opp mot dei formåla som er tillatne etter regelverket for statsstøtte, med ein kort gjennomgang av desse reglane. Utvalet har deretter vurdert i kor stor grad handlingsrommet som reglane gir er utnytta. Kartlegginga omfattar særleg støtte til nyinvesteringar, sysselsetjing, opplæring, konsulentbistand og andre tenester, forskning og utvikling, transportstøtte, risikokapital og miljøvern. Bagatellstøtte er omtalt som eit viktig unntak, særleg for små og mellomstore bedrifter. Utvalet peiker på at fleire eksisterande støtteordningar ikkje er notifiserte til ESA. Det inneber at støtte frå desse ordningane er gitt etter bagatellstøttereglane. Fordi den graderte arbeidsgivaravgifta har prioritet som bagatellstøtte, nyttar bedriftene i distrikta no heilt eller delvis rommet for bagatellstøtte. Det bør derfor vurderast om desse ordningane kan bli notifiserte etter tillatne støtteformål.

Infrastrukturtiltak kan normalt ikkje reknast som statsstøtte, men spørsmålet kan likevel kome opp i visse tilfelle (avsnitt 4.3). Personretta tiltak er ikkje statsstøtte etter reglane fordi dei ikkje direkte kjem bedrifter til gode (avsnitt 4.5). Også sal av offentlig eigedom er teke med. Ved slike sal må ein passe på å nytte marknadsvilkår, viss ikkje kan reglane om statsstøtte kome i bruk (avsnitt 4.4).

Utvalet gir også eit oversyn over verkemiddel i enkelte andre EØS-statar (avsnitt 4.7) og ei kort framstilling av strukturfonda i EU (avsnitt 4.8). Sist i kapittelet (avsnitt 4.9) nemner utvalet forslaga frå EU-kommisjonen til nye reglar for regionalpolitisk statsstøtte. Blant forslaga er ei opning for driftsstøtte i "arktiske strøk".

Kapittel 5 oppsummerar det juridiske handlingsrommet på grunnlag av vurderingane i kapittel 2 (avsnitt 5.2) og dei økonomiske omsyna ut frå vurderingane av mål og effektar ved distriktpolitiske verkemiddel i kapittel 3 (avsnitt 5.3). Slik utvalet ser det, bør rettesnora for valet av tiltak som skal kompensere for auka arbeidsgivaravgift, vere at tiltaka i eit langsiktig perspektiv vil verke utviklande på distrikta, framfor at ein søker etter tiltak som direkte kompenserer visse bedrifter eller bransjar.

Oppsummeringa går over i vurderingar av handlingsrom og tiltak. Dei faglege og politiske vala vil til ein viss grad bli styrte av om ein ønskjer å kompensere for avgiftsauken etter omlegginga av arbeidsgivaravgifta, eller om ein siktar meir mot overordna regionalpolitiske mål (avsnitt 5.4). Utvalet vurderer konkret

fysiske investeringar, kompetanseheving, forskning og utvikling, infrastruktur samt nokre andre tiltak (avsnitt 5.5). Utvalet viser til slutt til at oppgåva for styresmaktene blir å finne ein god kombinasjon av tiltak som er både lovlege og fornuftige (avsnitt 5.6).

Utgreiinga har hatt som mål å kartleggje eit handlingsrom og ikkje å gi tilrådingar om konkret utforming av verkemiddel. Utvalet kjem ikkje med forslag til vedtak som har økonomiske eller administrative verknader (avsnitt 5.7).

Kapittel 1 Innleiing

1.1 Bakgrunn, oppnemning og arbeidet i utvalet

I *oppmodningsvedtak* nr. 66 (2003–2004) frå 26. november 2003 bad Stortinget regjeringa om oppnemne eit utval ”for å vurdere konkret utforming av virkemidler som kan settes inn innanfor rammen av EØS-regelverket som følge av bortfall av differensiert arbeidsgiveravgift” (Budsjett-innst. S. I (2003–2004)).

Eit utval vert oppnemnt ved kronprinsregentens resolusjon av 27.02.2004. Det blei lagt vekt på at utvalet skulle ha juridisk, forskningsbasert, næringslivsorientert og regionalpolitisk kompetanse, og at sentrale styresmakter skulle delta i utvalet. Utvalet skulle konkretisere opplegget og avgrense utgreiinga etter mandatet og avslutte arbeidet innan 21.06.2004. Utvalet fekk denne samansetjinga:

- Professor Per Christiansen, Universitetet i Tromsø, Tromsø (leiar)
- Underdirektør Marit Aaberg, Nærings- og handelsdepartementet, Oslo
- Direktør Anne Berg, Nordland European Office, Brussel
- Førstekonsulent Silje Gamstøbakk, Finansdepartementet, Oslo
- Avdelingsdirektør Lars Hagen, Innovasjon Norge, Oslo
- Rådgivar Lillian Hatling, Kommunal- og regionaldepartementet, Oslo
- Professor Arild Hervik, Høgskolen i Molde, Molde
- Advokat Ellen Mulstad, Næringslivets Hovedorganisasjon, Oslo
- Samfunnsøkonom Jan Mønnesland, Utdanningsforbundet, Oslo

Utvalet har hatt sekretariat med kontorplass i Kommunal- og regionaldepartementet. Sekretær for utvalet har vore cand.oecon. Mette Rye, Møreforsking Molde AS. Utvalet har i tillegg hatt bistand frå advokat Ingvald Falch.

Utvalet har hatt seks møte i alt. Under arbeidet har fleire av medlemmene samarbeidd om å leggje fram forslag for utvalet til delar av utgreiinga. Utvalet har søkt å konsentrere vurderingane om dei viktigaste sidene ved dei næringsretta tiltaka. I den samanhangen har vi først og fremst nytta den kompetansen som finst i sjølve utvalet. Vi har også brukt utgreiingsmateriale som alt ligg føre.

Den korte tidsfristen som blei sett, har lagt eit band på kor djupt det har vore mogleg for utvalet å gå i utgreiinga. Det hadde vore ønskjeleg å komme litt lenger i vurderinga av handlingsrommet for nokre av dei næringsretta tiltaka som er nemnde i kapittel 4.

1.2 Mandat og mål

Utvalet fekk følgjande *mandat* for arbeidet av regjeringa:

1. Utvalget skal ut fra faglige vurderinger se på det distrikts- og regionalpolitiske handlingsrommet for nasjonale virkemidler som EØS-avtalen og ESAs gjeldende retningslinjer for offentlig støtte, og håndhevingen av dette, tillater. Dette skal være til hjelp blant annet i arbeidet med å vurdere hvilke konkrete tiltak overfor næringslivet som kan settes inn som en del av kompensasjonen for økt arbeidsgiveravgift i distriktene, jf. avsetningen av næringsrettede utviklingsmidler i statsbudsjettet til regionale og bransjerettede utviklingstiltak.
2. Utvalget skal også skaffe bedre innsikt i hvilke virkemidler som anvendes i andre deler av EØS-området.
3. Utvalget skal både sammenfatte eksisterende kunnskap og dra nytte av internasjonale utredninger og erfaringer og annet pågående arbeid.
4. Vurderinger av virkemidler må ta utgangspunkt i målene om en særskilt næringsrettet innsats i områder og bransjer som får økt arbeidsgiveravgift fra og med 2004 og at virkemidler skal medvirke til å fremme målet om å sikre bosetting i alle deler av landet og ta ut det verdiskapingspotensialet som finnes der.
5. Eksisterende økonomiske rammer vil være utgangspunkt for utvalgets vurderinger.

Utvalget må konkretisere opplegget og avgrensinger for utredningsarbeidet med utgangspunkt i det ovenstående.

Utvalgets funksjonsperiode er fra oppnevningstidspunktet til 21. juni 2004. Resultatene av utvalgets arbeid skal legges fram i form av en offentlig utredning (NOU) sommeren 2004.

I samsvar med mandatet har utvalet gjort desse *konkretiseringane og avgrensingane av arbeidet*:

Til punkt 1: Det sentrale, faglege spørsmålet blir å undersøkje kva handlingsrom EØS-reglane om offentleg støtte gir for norske tiltak i distrikts- og regionalpolitikken, det vil seie kva verkemiddel som er tillatne etter reglane for statsstøtte. Dette omfattar ei vurdering både av reglane og av korleis reglane blir handheva. Med dette må hovudvekta i arbeidet leggjast på dei *juridiske vurderingane*.

Til punkta 2 og 3: Bruk av regionale og bransjeretta nærings- og utviklingstiltak i andre land i EØS skal undersøkjast for å gi betre innsikt. Ei *kartlegging* er basert på eksisterande kunnskap og med sikte på at tiltak er i samsvar med regelverket for statsstøtte. Utvalet vil i denne samanhengen både leggje vekt på dei juridiske sidene og på økonomiske og regionalfaglege vurderingar.

Til punkt 4: Utvalet finn ikkje at det er nødvendig med ei konkretisering av mandatet på dette punktet.

Til punkt 5: Både *selektive* og *generelle* tiltak må vurderast, men rammene for vurderingane er knytte til distrikts- og regionalpolitiske tiltak, til reglane for statsstøtte i EØS og til at tiltaka skal kompensere for omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta. Ved ei eventuell prioritering må ein ta utgangspunkt i den eksisterande budsjettamma.

Når det gjeld *skjerma sektor*, har Stortinget bedt regjeringa om snarast råd å utforme forslag som så langt det er mogleg vidarefører ordninga med den graderte arbeidsgivaravgifta. Forslag om dette er utgreidde særskilt og vil derfor ikkje bli behandla av utvalet (sjå avsnitt 1.4.3).

Sidan dei næringsretta utviklingstiltaka som følgje av omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta skal setjast inn alt i perioden 2004 til 2007, vil utvalet sjå på *det eksisterande regelverket*. Men det er også naturleg å seie noko om moglege konsekvensar for handlingsrommet av dei forslaga til revidering av det horisontale og regionalpolitiske regelverket for statsstøtte som ligg føre i EU. Endringar her vil ha relevans for EØS.

Utvalet vonar at utgreiinga kan vere til hjelp for dei som gjer *politiske vedtak* om korleis pengane til næringsretta tiltak etter omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta skal nyttast. Det er viktig at dei tiltaka som blir vedtekne, er i tråd med EØS-reglane for offentleg støtte, og at avgjerdestakarane er merksame på det eksisterande handlingsrommet ved utforminga og iverksetjinga av tiltaka.

Utvalet meiner også at dei som *førebur planar* om bruken av desse midlane, skal ha nytte av utgreiinga i sitt eige arbeid. Ved prioriteringa av dei næringsretta tiltaka i 2005–2006, og kanskje ved seinare årgangar av planar, kan det vere eit ønske å endre samansetjinga av tiltaka. Også da vil ein få opp spørsmål om kva som er lovleg, og kva som er fornuftig.

1.3 Bakgrunn

1.3.1 Den graderte arbeidsgivaravgifta

Arbeidsgivaravgifta blei innført i 1967 til finansieringa av folketrygda. Frå og med 1975 er satsen for arbeidsgivaravgifta gradert etter kvar arbeidstakaren bur (skattekommune). Ein fekk ei *regionalt gradert arbeidsgivaravgift*. I byrjinga var graderinga i tre soner eller regionar, der den høgaste satsen var 17 prosent og den lågaste satsen 14 prosent. Fram til tidleg i 1990-åra auka differensieringa, og den graderte arbeidsgivaravgifta blei etter kvart det tyngste regionalpolitiske verkemiddelet. Den graderte arbeidsgivaravgifta skulle vere med på å sikre busetjinga i distrikta gjennom å stimulere til sysselsetjing ved at kostnadene for bruk av arbeidskraft blei lågare der enn på meir sentrale stader. Tanken er at dei tilsette vanlegvis har bustad i nærleiken av den bedrifta dei er tilsette i.

Ordninga med gradert arbeidsgivaravgift har fleire *gode eigenskapar*. Ho er treffsikker i forhold til målet om auka sysselsetjing i distrikta. Ein enkel administrasjon gjer det kostnadseffektivt. Det gir ein stabilitet som er ein fordel for langsiktige disposisjonar.

Arbeidsgivaravgifta er gradert i *fem soner*. Svalbard, Nord-Troms og Finnmark er heilt fritekne frå avgifta (sone 5). Fram til 1.1.2004 har resten av Nord-Noreg betalt 5,1 prosent (sone 4). Mindre område i Sør-Noreg har betalt 6,4 prosent (sone 3), medan større delar har betalt 10,6 prosent (sone 2). I sentrale strøk og regionsenter (sone 1) er satsen 14,1 prosent. Den graderte arbeidsgivaravgifta gjeld for sonene 2 til 5 og omfattar rundt 350 000 årsverk. Av desse er 220 000 årsverk i privat sektor. Dersom ordninga hadde blitt ført vidare fullt ut i 2004, er det rekna ut at den graderte arbeidsgivaravgifta ville utgjere ein fordel for privat og offentleg sektor i dei aktuelle regionane på om lag 8,5 mrd. kroner.

Med *EØS-avtalen* kom spørsmålet opp om den graderte arbeidsgivaravgifta kunne førast vidare. Overvaksingsorganet til EFTA (ESA) sa tidleg frå om at dei såg på ordninga som *statsstøtte*. Regelverket for statstøtte i EØS-avtalen opnar generelt berre for investeringsstøtte til definerte mål som forskning og utvikling (FoU), regionalpolitiske mål, miljømål osv. Driftsstøtte blir normalt ikkje godteken.

ESA gjorde i juli 1998 eit vedtak som påla Noreg å endre delar av den norske arbeidsgivaravgifta. Noreg saksøkte ESA for EFTA-domstolen med krav om at vedtaket måtte gjerast om. Den norske regjeringa sa mellom anna at den graderte arbeidsgivaravgifta var ein del av det generelle skattesystemet i Noreg og dermed ikkje omfatta av reglane for statsstøtte i EØS-avtalen.

Men ESA fekk *medhald* av EFTA-domstolen i sak E-6/98 i at den graderte arbeidsgivaravgifta måtte reknast som statsstøtte og dermed var regulert av reglane i EØS-avtalen. På dette grunnlaget gjorde ESA vedtak som godkjende hovudtrekka i ordninga, men

Tabell 1.1 Satsane for arbeidsgiveravgift i sonene 3 og 4 i overgangsperioden

	Sone 3	Sone 4
2003	6,4	5,1
2004	8,3	7,3
2005	10,2	9,5
2006	12,1	11,7
2007	14,1	14,1

at unntaket som gjeld, omfattar område med lågt folketal per kvadratkilometer. Unntaket blei gjort ut frå ei tolking av retningslinjene for *transportstøtte*.


I 2000 behandla EU-kommisjonen ei liknande, men mindre omfattande svensk ordning med reduserte sosiale avgifter for delar av tenestesektoren i Nord-Sverige. Sverige fekk ikkje høve til å halde fram med ordninga. Den svenske regjeringa godtok avgjerda til Kommisjonen. Kommisjonen bad etter dette ESA om å vurdere den norske ordninga på ny. I september 2002 gjorde ESA eit vedtak om at den graderte arbeidsgivaravgifta ikkje var i samsvar med EØS-avtalen. ESA viste mellom anna til den tolkinga Kommisjonen hadde nytta i saka om reduserte sosiale avgifter i Nord-Sverige.

Noreg måtte leggje om den graderte arbeidsgivaravgifta frå og med 2004.

1.3.2 Omlegging av den graderte arbeidsgivaravgifta

Omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta har likevel ikkje ført til at avgifta må opphevast fullt ut.

Den graderte arbeidsgivaravgifta er halden ved lag i Finnmark og Nord-Troms ("*Tiltakssona*"). Dette vedtaket byggjer på regelen i *Protokoll 3* i avtalen om overvåkingsorganet til EFTA og EFTA-domstolen (ODA, sjå avsnitt 2.1.3). Medlemsstatane kan i den faste komiteen til EFTA gjere eit samrøystes vedtak



Figur 1.1 Utrekna kostnadsauke i privat sektor per fylke i prosent av samla kostnadsauke.

Kjelde: Møreforsking Molde

om at statsstøtte er lovleg dersom uvanlege omstende ("*exceptional circumstances*") tilseier det. Dette er eit strengt krav. Slikt vedtak vart gjort og vedtaket skal vurderast etter ein periode på tre år. Vedtaket til medlemsstatane kan ikkje endrast av ESA.

Den graderte arbeidsgivaravgifta kan også nyttast som før for dei næringane som ikkje går inn under EØS-avtalen, det vil seie *landbruk og fiske* med tilhøyrande industri. Dette er nærmare omtalt i avsnitt 2.1.2.

Vidare kan Noreg behalde den graderte arbeidsgivaravgifta uendra så lenge avgiftsfordelen går inn under reglane om *bagatellmessig støtte*. Slik støtte er definert som 100 000 euro (om lag 810 000 kroner) over tre år for kvart føretak. Dette svarer til 33 333 euro kvart år (eller om lag 270 000 kroner som er lagt til grunn av norske styresmakter for 2004). Unntaket fører til at den graderte arbeidsgivaravgifta kan førast vidare fullt ut for dei bedriftene der samla støtte ikkje vil vere meir enn denne summen.

Ordninga inneber *vidareføring* av dei låge satsane inntil differansen mellom 14,1 prosent og den låge

Tabell 1.2 Utrekna verknad ved omlegging av gradert arbeidsgivaravgift, 2004, mill. kroner

<i>Auka proveny ved full sats (14,1 prosent) for arbeidsgivaravgift i heile landet</i>	8 550
<i>Omlegging av ordninga</i>	8 550
Vidareføre nullsatsen i Tiltakssona	1 520
Vidareføre ordninga for landbruk og fiskeri	300
Vidareføre satsane innanfor frisummen i sonene 2 til 4 (bagatellmessig støtte)	2 330
Verknaden i 2004 av overgangsperiode i sonene	1 000
Verknaden av overgangsperiode i kommunal sektor	1 250
Kompensasjon til offentleg sektor	1 440
Direkte transportstøtte, tilsegnfullmakt	200
Næringsretta utviklingstiltak i sonene 2 til 4, løyving og tilsegnfullmakt	510

Kjelde: St.prp. nr. 1 (2003–2004) Skatte-, avgifts- og tollvedtak

satsen utgjør 270 000 kroner per år, uavhengig av storleiken på føretaket. For lønnskostnader ut over dette må det svarast 14,1 prosent arbeidsgivaravgift. For dei bedriftene som ikkje blir kompenserte fullt ut, verker bagatellstøtta (fribeløpet) som eit botnfrådrag. Om lag 55 prosent av årsverka og 90 prosent av bedriftene blir kompenserte fullt ut innafor bagatellstøtteordninga (fribeløpsordninga).


Regjeringa fekk i oktober 2003 samtykke frå ESA for ei *gradvis opptrapping* av arbeidsgivaravgifta i sonene 3 og 4 i perioden 2004 til og med 2006, slik det er vist i tabell 1.1. Dei regionane som høyrer inn under sone 2, får ikkje ei slik gradvis opptrapping. Desse får ei avgiftsauke som svarer til 3,5 prosentpoeng av lønnskostnader som overstig den delen som framleis blir undergitt låg sats på grunn av bagatellstøtteordninga.

Frå og med 2007 skal arbeidsgivaravgifta betalast med den høgaste satsen i heile landet, med dei unnataka som er nemnde ovanfor, og så sant ei varig ordning kan finnast for sone 5. I denne sona gjeld den graderte arbeidsgivaravgifta mellombels i tre år etter vedtaket som nemnt.

Når opptrappinga er fullført i 2007, har den største kostnadsauken som følgje av omlegginga skjedd i dei nordlegaste fylka (figur 1.1). Figur 1.1 viser òg at overgangsordninga dempar effekten.

Figur 1.2 viser at når ein ser på hovudnæringar, er det industri og transport som kjem ut med størst kostnadsauke etter omlegginga. Her er det teke omsyn til bagatellmessig støtte og at enkelte næringar ikkje er omfatta av EØS-avtalen.

Stortinget har vedteke at offentleg sektor skal kompensereast fullt ut for den auka avgifta. Privat sektor skal kompensereast ved at ein tek inn igjen verkemiddelet transportstøtte og gjennom næringsretta utviklingstiltak, i tillegg til at bagatellstøttereglane skal nyttast. Etter kvart som overgangsordninga blir avvikla, aukar ramma for dei næringsretta utviklings-



Figur 1.2 Utrekna kostnadsauke etter opptrapping fordelt på hovudnæringar (i prosent av samla kostnadsauke).

Kjelde: Møreforsking Molde

tiltaka tilsvarende. Målet er at omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta skal vere *provenynøytral*.

For 2004 er summen som står til rådvelde for dei næringsretta tiltaka, rekna til 510 mill. kroner. Denne summen er rekna til å auke med om lag 300 mill. kroner årleg dei neste tre åra. Etter at overgangsperioden er over, vil da ein sum på om lag 1,4 mrd. kroner stå til rådvelde for slike tiltak.

1.3.3 Dei næringsretta utviklingstiltaka

Dei næringsretta utviklingsmidlane skal først *tilbake til regionane* på ein slik måte at dei kjem næringslivet til gode. I brev av 10.02.04 frå Kommunal- og regionaldepartementet til fylkeskommunane er det sagt mellom anna at

målet med midlene er å få til en særskilt næringsrettet innsats i områder som fikk økt arbeidsgiveravgift fra og med 2004. Utgangspunktet er at disse midlene er næringslivets penger. Midlene skal føres tilbake på en slik måte at de treffer næringslivet, og benyttes til tiltak som kan gi varige, positive effekter for næringslivet og regionene.

Midlane kan *nyttast* på ulike sektorar og område, til dømes samferdsel, digital infrastruktur, FoU og nyskaping, kompetanseheving, samarbeid mellom skole og næringsliv, næringsretta program i regi av verkemiddelapparatet eller andre tiltak som kan gjere næringslivet meir konkurransedyktig og lønnsamt.

Planane for korleis dei næringsretta utviklingsmidlane skal brukast, skal fastsetjast regionalt. *Fylkeskommunane* har fått den koordinerande rolla i arbeidet. Det er frå Kommunal- og regionaldepartementet mellom anna peikt på at næringslivet i regionane skal spele ei sentral rolle i utforminga av planane, og at bruken av midlane skal skje i samsvar med EØS-avtalen.

Planane er til *behandling i Kommunal- og regionaldepartementet* medan arbeidet med denne utgreiinga går for seg. Utvalet har fått opplyst at eit generelt inntrykk er at graden av konkretisering varierer mykje i dei ulike planane. Av dei tiltaka som oftast er nemnde, er

- kompetanseutvikling – tiltaka har eit stort volum og er nemnde i alle planane
- FoU – også med eit stort volum i framlegga
- infrastruktur og samferdsel, der særleg veg, breiband og digital infrastruktur er nemnde
- marknadsføring av regionen
- generell bedrifts- og næringsutvikling (mellom anna ved Innovasjon Norge)
- innovasjon og nyskaping

Kommunalkomiteen bad i sin kommentar til statsbudsjettet 2004 om at regjeringa skulle vurdere tiltak som i større grad kunne nå bransjar som elles ville få lita nytta av dei andre kompensasjonsordningane. I brev (10.02.2004) frå Kommunal- og regionaldepartementet til fylkeskommunane er det mellom anna sagt:

Som en del av arbeidet med de regionale handlingsplanene ønsker regjeringen at partene selv kommer med innspill på hvilke bransjer eller type virksomhet som i særlig grad vil bli rammet i den enkelte region/det enkelte fylke, og for hvilke bransjer det vil være ønskelig å legge opp egne bransjevise program i forhold til. Jeg vil i denne sammenheng understreke at bransjevise program i denne sammenheng både kan bety nasjonale bransjeprogram og regionale program.

1.4 Andre utgreiingar

Det ligg føre fleire utgreiingar om regionalpolitikken. For utgreiinga frå dette utvalet er det særleg utreiingane frå den uavhengige ekspertgruppa som gav ein status over kunnskapen for den graderte arbeidsgivaravgifta i rapport nr. 0105 frå Møreforsking om *"Differensiert arbeidsgivaravgift. Kunnskapsstatus"*; utgreiinga frå eit offentleg utval i NOU 2004:2 om *"Effekter og effektivitet. Effekter av statlig innsats for regional utvikling av distriktspolitiske mål"* (*"Effektutvalet"*), og ECON-rapport nr. 2004-018 om *"Konkurransesflater mot EØS-land i arbeidsgiveravgiftssone 2, 3 og 4"* som har interesse. Dessutan må arbeidet i Distriktskommissjonen nemnast.

1.4.1 Kunnskapsstatus for den graderte arbeidsgivaravgifta

I juni 2001 oppnemnte Kommunal- og regionaldepartementet ei ekspertgruppe som skulle lage ein rapport om kunnskapsstatus for den graderte arbeidsgivaravgifta og vurdere nokre alternativ. Ekspertgruppa vurderte generelt verkande, graderte ordningar for meirverdiavgift (moms), inntektsskatt og bustøtte. Differensiert moms kan reknast som lite tenleg og vanskeleg å administrere, og ville dessutan truleg bli vurdert som statsstøtte av ESA. Differensiert inntektsskatt og bustøtte er personretta tiltak som knapt er veligna for å skape arbeidsplassar, men kan lettare påverke flyttepreferansar. Utvalet kom til at det underliggjande problemet er lite mangfald av arbeidsplassar og låg sysselsetjing i regionane. Utvalet konkluderte samrøystes med at den graderte arbeidsgivaravgifta hadde den høgaste treffgraden og dei lågaste administrative kostnadene.

1.4.2 Effektutvalet

Utgangspunktet for dette utvalet var eit ønske om å auke kunnskapen om effektar av ulike typar statleg innsats for regional utvikling og distriktspolitikk, jf. St.meld. nr. 34 (2000–2001) *"Om distrikts og regionalpolitikken"* og St.meld. nr. 30 (2000–2001) *"Langtidsprogrammet"*. Utgreiinga gjeld regionalpolitikken i vid meining, altså summen av den politikken styresmak-

tene fører til fordel for distrikta og regionane. Distriktspolitikken i snever meining (tiltak på budsjettet for Kommunal- og regionaldepartementet) og særlege distriktsmessige tiltak på andre område er i mindre grad tekne opp. Utgreiinga avklarar også metodar og indikatorar for samanlikning av tiltak. Også Effektutvalet vurderer den graderte arbeidsgivaravgifta som eit treffsikkert, lite byråkratisk og viktig verkemiddel i regionalpolitikken.

Utvalet meiner elles at tiltak som skal kompensere for den graderte arbeidsgivaravgifta, kan forvaltast på eit regionalt nivå. Dette kan gjere det enklare å oppnå ei samordning av statleg politikk. Utvalet peiker også på at det er eit unytta handlingsrom innanfor maksimalsatsane mellom anna i forhold til regionalpolitisk grunnlagt investeringsstøtte.

1.4.3 Konkurransesflater i EØS

Stortinget bad i november 2003 regjeringa om å utforme forslag til regelverk som så langt som mogleg vidarefører ordninga med den graderte arbeidsgivaravgifta for bransjar eller vesentlege delar av bransjar som ikkje er i konkurranse med verksemdar i andre EØS-statar. Nærings- og handelsdepartementet fekk i mars 2004 ein rapport frå ECON og advokatfirmaet Schjødt om dette. Grunnlaget for vurderingane er at statsstøtte etter EØS-avtalen berre er ulovleg når støtta kan verke konkurransevridande i handelen mellom EØS-statane.

I rapporten er konkurranseflater mellom norske bedrifter i sonene 2, 3 og 4 og bedrifter i andre EØS-statar kartlagde. Kartlegginga byggjer på opplysningar om bedriftene i desse sonene og data frå Statistisk sentralbyrå om utanrikshandelen. Dessutan er det gjort ei intervjuundersøking av eit utval bedrifter.

For industribedrifter er konkurranseflata kartlagd ut frå regionale eksport- og importdata. For tenesteytande sektor støttar rapporten seg i hovudsak på intervjuundersøkingar og deira eigen kunnskap om marknadsforholda. Rapporten konkluderer med at industribedriftene i dei fleste tilfella har konkurranseflater mot konkurrentar i EØS, medan 75 prosent av bedriftene i tenesteytande sektor ikkje har nokon vesentleg konkurranseflate mot bedrifter i andre EØS-statar.

Regjeringa sende i april 2004 ei notifisering til ESA av ei ordning med den graderte arbeidsgivaravgifta for ikkje-konkurranseutsette bransjar. Vurderingane og konklusjonane i rapporten blei lagde til grunn. I ei pressemelding (21.04.04) frå Finansdepartementet om saka står det mellom anna at:

Regjeringen har tidligere redegjort for vanskelighetene med ESAs strenge krav til dokumentasjon og hvor lite som skal til før ESA anser at samhandelen er påvirket. Vi har ikke mottatt nye signaler fra ESA som skulle tyde på at denne praksisen er endret.

Foss peker samtidig på at de regionale virkningene av et særlig avgiftsunntak for ikke-konkurranseutsatte bransjer vil gi en uheldig konkurransevidning. En slik ordning vil favorisere ikke-konkurranseutsatte enkeltbedrifter på bekostning av mer konkurranseutsatte bedrifter. Dette vil skape uheldige konkurranseforhold mellom bedrifter i samme region. Virkningen vil kunne bli at distriktene utvikler et næringsliv som i større grad er dominert av skjermet virksomhet.

1.4.4 Distriktskommisjonen

Distriktskommisjonen blei oppnemnd i februar 2003 med mandat til å ta ein gjennomgang av den samla distrikts- og regionalpolitikken i dag. Dette omfattar distrikts- og regionalpolitikken som verkar på busetjing og regional utvikling i både vid og snever meining. Utvalet skal drøfte måla, verdigrunnlaget og problemforståinga i forhold til dei aktuelle utfordringane i regionalpolitikken. Dette gjeld til dømes endringar i busetjingspreferansar og i næringsstrukturen. Arbeidet skal sjåast i samanheng med verkemiddelbruken i ein del andre land. Målet er å leggje eit grunnlag for ei

brei politisk forankring av innretning og val av typar verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken. Utvalet skal vege distriktspolitikken mot andre overordna samfunnsmessige omsyn, inkludert effektivitet i økonomien, miljøet osv. I denne ramma skal dei særlig sjå på verkemiddeltypar som kan føre til nyskaping og næringsutvikling.

Distriktskommisjonen skal leggje fram konkrete forslag om å styrkje eller endre innrettinga av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken i dag. Dei økonomiske rammene som gjeld, skal likevel ikkje aukast, og rammevilkåra for Noregs deltaking i EØS og WTO skal gjelde for forslaga. Distriktskommisjonen skal leggje fram resultata av arbeidet i oktober 2004 som ei offentleg utgreiing (NOU).

Tidsperspektivet til Distriktskommisjonen er mellomlang og lang sikt. I forhold til EØS er det særleg situasjonen etter 2007 som er viktig, medan det eksisterande regelverket vil styre dei kompenserande tiltaka som skal gjerast i dei tre åra 2004–2006. I samband med det lengre perspektivet vil distriktskommisjonen vurdere EUs forslag til revidert horisontalt regelverk og nytt regionalpolitisk regelverk.

Kapittel 2

Generell juridisk del

2.1 Om EØS-avtalen

2.1.1 Innleiing

EØS-avtalen er ein avtale mellom Noreg, Island og Liechtenstein på den eine sida og EU-statane og Det europeiske fellesskapet på den andre sida. Etter utvidinga av EU med ti nye medlemmer 01.05.2004 har EU 25 medlemsstatar, medan EØS omfattar 28 statar.

For å gjere framstillinga enklare vil vi, dersom ikkje noko anna er sagt, berre skrive "Noreg", "norske styresmakter" og så vidare, sjølv om dei andre statane i EØS normalt er bundne på same måten. Med "EFTA-statane" meiner vi dei EFTA-statane som deltek i EØS. Dette omfattar ikkje Sveits.

Eit par ytterlegare terminologiske merknader kan vere på sin plass. Når utvalet skriv "EU", er det Den europeiske unionen som er meint. Men sidan EU-retten mellom anna også omfattar reglar i den felles utanriks- og tryggingspolitikken og den felles justispolitikken, må vi skrive "EF" (Det europeiske fellesskapet) når vi har for auge reglane om det økonomiske samarbeidet, reglane for statsstøtte medrekna. Desse reglane har sin heimel i traktaten for Det europeiske fellesskapet ("EF-traktaten"). Sidan domstolen i EU for det meste har kompetanse innanfor EF-retten, blir han kalla "EF-domstolen". Når vi skriv "rettsakt", meiner vi ikkje berre rettsleg bindande regelverk (forordningar og direktiv), men også enkeltvedtak (som er rettsleg bindande) og ikkje-bindande fråsegner ("opinions") og rekommandasjonar.

2.1.2 Kva EØS-avtalen ikkje omfattar

Gjennom EØS-avtalen blir EFTA-statane knytte til den *indre marknaden* i EU. Men EØS-avtalen omfattar ikkje alle områda som EU-statane samarbeider om. Det som ikkje har med den indre marknaden (dei fire fridommane) å gjere, fell stort sett utanom EØS-avtalen, til dømes område for felles politikk i EU (tollunionen, landbrukspolitikken, pengepolitikken, utanriks- og tryggingspolitikken m.v.).

Men heller ikkje når det gjeld den indre marknaden, dekkjer EØS-avtalen alle områda. *Landbruk og fiske* er ikkje med. Dette er nærmare omtalt i St.meld. nr. 27 (2001–2002) (den såkalla EØS-meldinga, i avsnitt 1.2.2):

"EUs felles marked for landbruksvarer og felles landbrukspolitik."

Ubearbeidede landbruksvarer er som hovedregel unntatt fra det generelle forbudet mot toll og andre handelsrestriksjoner, og konkurransereglene og reglene om statsstøtte mv. gjelder heller ikke på landbrukssektoren. I bilaterale avtaler er det imidlertid gitt noen lettelser i markedsadgang i form av tollfrie kvoter eller nedsatt toll på visse produkter, for eksempel ost. For bearbeidede landbruksvarer, dvs. varer som inneholder industrielt bearbeidede landbruksråvarer så som knekkebrød, pizza, sprit og hermetisk barnemat, er det etablert et eget regime i form av den såkalte protokoll 3. Den gir adgang til å legge importavgifter på landbrukskomponenten i produktet, mens bearbeidingskomponenten skal være tollfri. Denne ordningen, som først nylig ble ferdigforhandlet, er nærmere beskrevet under 2.4.4. EUs veterinærbestemmelser og annet regelverk som skal sikre folke- og dyrehelsen er tatt inn i avtalen; jf. 2.4.3.

EUs fiskeripolitikk og det felles marked for fisk og andre produkter fra havet.

Avtalen omfatter ikke ressursforvaltning og gir ikke generelt fri markedsadgang, men den gir redusert toll og noe bedret markedsadgang også for fiskeriprodukter. Tollen på mange bearbeidede varer er imidlertid forblitt så høy at det er ulønnsomt å foreta bearbeiding for EU-markedet i Norge. Også produkter som sild, makrell og reker er gjenstand for relativt høy toll. Det gjelder egne regler om konkurranse og statsstøtte for fiskerisektoren, og norske produkter er ikke beskyttet mot såkalte antidumpingavgifter og straffetoll (jf. 2.4.5)."

Avgrensinga er knytt til varer og produkt. I samband med omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta måtte Stortinget i avgiftsvedtaket ta stilling til kva slags bedrifter som er omfatta av EØS-avtalen. Det blei gjort ved ei opplisting av dei næringane som held fram med ordninga med lågare arbeidsgivaravgift i visse geografiske område også etter 31.12.2003. Dette er omtalt i statsbudsjettet for 2004 (sjå St.prp. nr. 1 (2003–2004) i punkt 2.8.3.3 om vidareføring av ordning for primærnæringane fiskeri og landbruk):

"Deler av virksomheten innenfor landbruk og fiskeri faller utenfor EØS-avtalens forbud mot statsstøtte og kan således beholde differensiert arbeidsgiveravgift. Regjeringen går inn for å videreføre den differensierte arbeidsgiveravgiften for disse næringene. Videreføringen er begrenset til de foretakene som driver virksomhet som faller inn under de definerte næringsgruppene i tabell 2.3 tabell 2.1 i denne rapporten, og som knytter seg til produkter

Tabell 2.1 En oversikt over næringer innenfor fiskeri- og landbrukssektoren hvor dagens geografiske differensiering opprettholdes

Under næringen 01 Jordbruk og tjenester tilknyttet jordbruk, jakt og viltstell	
01.1	Dyrking av jordbruks- og hagebruksvekster
01.2	Husdyrhold
01.3	Kombinert husdyrhold og planteproduksjon
01.4	Tjenester tilknyttet jordbruk og husdyrhold, unntatt veterinærtjenester. Beplantning og vedlikehold av hager og parkanlegg
01.5	Jakt, viltstell og tjenester tilknyttet jakt og viltstell
Under næringen 02 Skogbruk og tjenester tilknyttet skogbruk	
02.01	Skogbruk
02.2	Tjenester tilknyttet skogbruk, unntatt tømmermåling
Under næringen 05 Fiske, fangst og fiskeoppdrett. Tjenester tilknyttet fiske, fangst og fiskeoppdrett	
05.01	Fiske og fangst
05.02	Fiskeoppdrett og klekkerier
Under næringen 15 Produksjon av næringsmidler og drikkevarer	
15.1	Produksjon, bearbeiding og konservering av kjøtt og kjøttvarer
15.2	Bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer
15.3	Bearbeiding og konservering av frukt og grønnsaker
15.4	Produksjon av vegetabiliske og animalske oljer og fettstoffer
15.5	Produksjon av meierivarer og iskrem
15.6	Produksjon av kornvarer, stivelse og stivelseprodukter
15.7	Produksjon av fôr til husdyrhold
Under næringen 51 Agenturhandel	
51.2	Engroshandel med jordbruksråvarer og levende dyr
51.31	Engroshandel med frukt og grønnsaker
51.32	Engroshandel med kjøtt og kjøttvarer
51.33	Engroshandel med meierivarer, egg, matolje og -fett
51.381	Engroshandel med fisk og skalldyr
Under næringen 61 Sjøtransport	
61.103	Innenriks sjøtransport, men bare for så vidt gjelder drift av brønnbåter
63.12	Lagring, men bare for så vidt gjelder drift av kornsiloer

Kjelde: Finansdepartementet.

som ikke er omfattet av EØS-avtalen. Dersom foretaket driver «blandet» virksomhet, og den delen av virksomheten som knytter seg til varer som faller innenfor EØS-avtalen, eller befinner seg utenfor de nærmere definerte næringskodene, er av ubetydelig omfang, legges det opp til at det fortsatt skal kunne svares arbeidsgiveravgift med redusert sats for foretakenes lønnskostnader.

Provenyvirkningen av å videreføre den differensierte arbeidsgiveravgiften for deler av virksomheten innenfor landbruk og fiskeri, anslås på svært usikkert grunnlag til om lag 300 mill. kroner påløpt og om lag 250 mill. kroner bokført i 2004 i forhold til en arbeidsgiveravgiftssats på 14,1 pst.”

Næringsavgrensinga er teken inn § 1 bokstav j i avgiftsvedtaket. Det går fram av tredje ledd under denne bokstaven at det også skal nyttast lågare satsar

der det blir drive *blanda verksemd*, dersom den delen som fell utanfor næringsavgrensinga er ”ubetydelig”. I forskrift (15.12.2003) frå Finansdepartementet er det fastsett kva som er meint med dette (§ 5):

”Med virksomhet av ubetydelig omfang i avgiftsvedtaket § 1 bokstav j tredje ledd menes virksomhet hvor omsetningen knyttet til aktiviteter eller produkter som faller utenfor første ledd ikke utgjør mer enn 5 pst. av foretakets totale omsetning i foregående år.”

Heller ikkje *skatte- og avgiftspolitikken* inngår i EØS-avtalen. Dette går fram av at EØS-avtalen ikkje omfatter konkrete reglar om skattar og avgifter. Men dei generelle prinsippa i EØS-avtalen gjeld likevel. Dette er mellom anna stadfesta i dommen frå EFTA-domstolen i saka om den graderte arbeidsgivaravgifta (sak E-

6/98) og er omhandla i EØS-meldinga (punkt 12.4.10) på denne måten:

"EØS-avtalen inneholder ikke regler om skatte- og avgiftsharmonisering. Avtalen pålegger imidlertid Norge å gjennomføre samme regelverk som EU med hensyn til de fire friheter og statsstøtte. Videre er Norge forpliktet til å overholde avtalens generelle forbud mot forskjellsbehandling på grunnlag av nasjonalitet. Ikke-diskrimineringsprinsippet skal forhindre at nasjonale myndigheter favoriserer egne borgere og foretak. Statsstøtte-reglene innebærer at statlige overføringer eller ordningar herunder skattesubsidier som begunstiger enkelte foretak eller produksjonen av enkelte varer eller tjenester, er forbudt dersom dette er konkurransevidende og påvirker samhandelen mellom EØS-landene. De fire frihetene, statsstøtteregele og ikke-diskrimineringsprinsippet legger således begrensninger på utformingen av det norske skatte- og avgiftssystemet.

EØS-avtalen er ikke begrenset til å gjelde bestemte nasjonale lover eller ordningar. Det er tilstrekkelig at samhandelen rent faktisk påvirkes. Dersom for eksempel norsk skatte- og avgiftslovgivning har høyere skattesatser for utlendinger, strengere regler for fradrag for utgifter påløpt i utlandet, eller skatt på utenlandske inntekter når tilsvarende norske inntekter er skattefrie, vil dette etter forholdene være egnet til å påvirke samhandelen og konkurransevilkårene mellom Norge og de øvrige EØS-stater, og kan etter en konkret vurdering anses å være i strid med EØS-avtalen.

Det kan dermed sies at EØS-avtalens alminnelige bestemmelser gjelder de faktiske virkningene av norsk skatte- og avgiftslovgivning. Det vil for så vidt måtte vurderes om norske skatte- og avgiftsregler har konsekvenser som kan innebære brudd på avtalen. Dette er også uttalt av EFTA-domstolen i relasjon til EØS-avtalens statsstøtteregele, i saken om differensiering av den norske arbeidsgiveravgiften."

2.1.3 Prinsippa for samarbeidet og handhevinga av reglane

Formålet med EØS-avtalen er å styrkje handel og økonomiske band mellom partane med *like konkurransevilkår* og gjennomføring av like reglar, sjå artikkel 1. Siktemålet er økonomisk marknadstilpassing, og avtalen inneber at EFTA-statane blir ein del av EUs indre marknad.

I EU skal EF-retten ha direkte verknad og førerang i den interne rettsordenen i medlemsstatane. Dette gjer EF-retten til eit overnasjonalt rettssystem, samtidig som EF-retten blir ein del av retten i kvar stat. Her ligg ein prinsipiell skilnad frå EØS-avtalen, som er ein folkerettsleg avtale. Den EØS-retten som skal gjelde i Noreg, må først gjennomførast av norske styresmakter ved eigne vedtak. EØS-lova gjennomfører i norsk rett dei sentrale reglane i EØS-avtalen, mellom anna statsstøtteregele, og desse reglane har som utgangs-

punkt førerang framfor annan norsk rett. Nye forordningar og direktiv må gjennomførast frå gong til gong, noko som vil seie at norske styresmakter kan reservere seg mot (ny) EØS-lovgiving (kalla vetorett).

EØS-avtalen byggjer på eit prinsipp om *likskap* ("*homogeneity*", "*ensartethet*") og *dynamikk*, som inneber at det ikkje skal oppstå skilnader av noko omfang mellom EF- og EØS-retten. Skal målet om like reglar kunne oppfyllest fullt ut, må styresmaktene i praksis endre norsk regelverk etter dei endringane som skjer i EU. Skulle dette ikkje skje, vil det i prinsippet svekke målet om likskap og dynamikk. Det vil kunne truge avtalen. Dette er truleg ein viktig grunn til at norske styresmakter ikkje har nytta reservasjonsretten til no. På den andre sida skal Kommisjonen konsultere EØS-statane under førebuinga av nye reglar.

Som det går fram av både fortalen og artikkel 1 i EØS-avtalen, er det eit mål å sikre like konkurransevilkår i marknaden. Konkurransen mellom bedrifter i ulike EØS-statar skal vere fri og rettviss ("*free and fair*"). Reglane om statsstøtte går inn under konkurranseregele i EU. Reglane byggjer på den erkjenninga at statane kan undergrave like konkurransevilkår gjennom å gi bedrifter statsstøtte. Derfor kan statane ikkje aleine avgjere om og i tilfelle kva slags statsstøtte dei skal gi. Dersom statane kunne bestemme dette sjølve, ville ein få ulik praksis og vridde konkurranseforhold. Behovet for å sikre lik praksis er grunnen til at Kommisjonen og ESA har fått ei sterk stilling i handhevinga av regelverket.

EØS-avtalen har gjennomført *ulike ordningar* for å nå målet om likskap og dynamikk. Særleg kan nemnast at ordlyden i den materielle EF- og i EØS-retten er identisk, at EFTA-domstolen i sin praksis har plikt til å leggje vekt på avgjerdene til EF-domstolen, at forordningar skal gjennomførast i Noreg "som sådan" (det vil seie utan endringar), og at norske styresmakter har plikt til å gi EØS-reglar rang framfor andre norske reglar. I tillegg til regelverket om den indre marknaden og konkurranseregele, gjeld *dei generelle prinsippa* i EU også i EØS. Til dømes gjeld forbodet mot diskriminering på nasjonalt grunnlag, prinsippet om at tiltak må vere forholdsmessige og plikta statane har til lojalte å etterleve EØS-retten.

Alt dette fører til at det i praksis ikkje er nokon skilnad på dei rettsreglane som følgjer av EU sine reglar for den indre marknaden og dei reglane som norske styresmakter er bundne av. Ein kan derfor generelt seie at reglane for statsstøtte *er dei same* i EU som i Noreg.

EFTA-statane har sine *eigne institusjonar* i EØS. Det såkalla *to-pilarsystemet* var nødvendig fordi EFTA-statane ikkje kunne godta at Kommisjonen og EF-domstolen hadde formell myndigheit i deira jurisdiksjonar. EFTA-organa byggjer på ein eigen avtale om overvaksingsorganet (ESA) og domstolen (EFTA-domstolen). Denne avtalen er til vanleg forkorta ODA. ODA er ein separat avtale mellom EFTA-statane, men

er reelt sett knytt til EØS-avtalen. *ESA og EFTA-domstolen* er dei sentrale EØS-organa også i statsstøtte-samanheng. ESA har myndigheit i forhold til EFTA-statane. Denne myndigheita svarer til myndigheita Kommisjonen har overfor EU-statane. Tilsvarende gjeld for EFTA-domstolen samanlikna med EF-domstolen.

ESA har til oppgave å kontrollere at statsstøttereglane blir følgde av EFTA-statane. Det går fram av Protokoll 3 til ODA at ESA, saman med medlemsstatane, skal overvake all statsstøtte i EFTA-statane. Dette svarer til oppgåva Kommisjonen har overfor EUs medlemsstatar etter artikkel 88(1) i EF-traktaten. Protokoll 26 i EØS-avtalen fastslår at ESA på statsstøtteområdet skal ha den same myndigheita som den Kommisjonen har. Protokoll 27 gir ESA og Kommisjonen ei plikt til å samarbeide nært om handhevinga av statsstøtteregelverket, sjå også artikkel 62(2) i EØS-avtalen. Den praksisen som Kommisjonen følgjer, skal få innverknad på arbeidet til ESA.

2.1.4 Oversyn over rettskjeldene

Regelverket om statsstøtte står i *EØS-avtalen*, i *lovgevinga* (forordningar) og i dei *retningslinjene* som ESA har for behandlinga av statsstøttesaker.

Hovudreglane er forankra i artiklane 61 til 64 i EØS-avtalen. Artikkel 61 er den mest sentrale regelen og svarer til artikkel 87 i EF-traktaten. *EØS-avtalen med protokollar* og vedlegg finst på den kronologiske lista over gjeldande lover under lov frå 1992.11.27 nr 109.

I artikkel 63 i EØS-avtalen er det vist til at *Vedlegg XV* inneheld konkrete reglar om statsstøtte. I dette vedlegget er det referert til *rettsakter* som er aktuelle. Når nye eller endra reglar blir vedtekne i EU, blir dei aktuelle reglane først gjorde til ein del av EØS-avtalen etter vedtak i EØS-komiteen. Til dømes er referanse til kommisjonsforordningane om opplæringsstøtte, bagatellmessig støtte og støtte til små og mellomstore bedrifter tekne inn i Vedlegg XV til EØS-avtalen etter at EØS-komiteen vedtok dette. Denne avgjerda er så gjort til ein del av norsk rett ved forskrift.

Overvakings- og domstolsavtalen (ODA) med *protokollar* finst tilgjengeleg på <http://www.lovdato.no>.

ESA har utgitt *retningslinjer* som inneheld ei tolking av reglane for statsstøtte og som klargjer kva for støtte som kvalifiserer til godkjenning. På engelsk heiter dei "*Guidelines on the application and interpretation of Articles 61 and 62 of the EEA Agreement and Article 1 of Protocol 3 to the Surveillance and Court Agreement*" og finst på <http://www.eftasurv.int/fieldsofwork/fieldstateaid/guidelines/>. Utdrag av retningslinjene finst i ei uoffisiell norske omsetjing på den delen av Lovdata sine databasar som krev subskripsjon, under "*EFTAs overvåkningsorgan*". Desse retningslinjene er parallelle med retningslinjene til Kommisjonen.

Lov 27.11.1992 om *offentleg støtte* finst på oversynet til Lovdata over gjeldande lover på <http://www.lovdato.no>. Når det gjeld *forskrifter* som er gitt med heimel i lova, finst dei på oversynet til Lovdata over "*sentrale forskrifter*" under same dato.

Nærings- og handelsdepartementet gav i 2000 ut ein trykt *retteleiar* til EØS-regelverket for støtte til næringslivet. Ein oppdatert versjon av retteleieren er tilgjengeleg på heimesida til departementet under <http://www.dep.no/nhd/> under "*offentlig støtte*" og "*hva er støtte*". Heimesida til Nærings- og handelsdepartementet inneheld også det meste av det regelmateriale som er nemnt her.

Med *forvaltningspraksis* blir det sikta til dei avgjerdene som ESA og Kommisjonen tek på statsstøtteområdet. Desse er å finne på <http://www.eftasurv.int/fieldsofwork/fieldstateaid/stateaidregistry/>. Der er det også ein peikar til registeret til Kommisjonen sine forvaltningsavgjerder.

Ein god del av EF-retten er utvikla gjennom avgjerder frå EF-domstolen, noko som også er tilfelle på statsstøtteområdet. Rettspraksis frå EF-domstolen og EFTA-domstolen er derfor ei viktig rettskilde. Avgjerdene som er tekne av EFTA-domstolen, finst på <http://www.eftacourt.lu/decidedcases.asp> og avgjerdene til EF-domstolen på <http://curia.eu.int/en/content/juris/index.htm>.

2.2 Innhaldet i reglane for statsstøtte

2.2.1 Innleiing

Statsstøtte kan føre til marknadsforstyrring som kan påverka samhandelen, og er derfor ikkje i samsvar med ideen om like vilkår på den indre marknaden. Av den grunn er statsstøtte som *hovudregel forbode*. Men det er gjort unntak som inneber at statsstøtte i nokre tilfelle likevel er lovleg.

Strukturen i statsstøttereglane går fram av artikkel 61 i EØS-avtalen. Unntaka kan delast i *fem* grupper:

For det *første* inneheld artikkel 61(2) i EØS-avtalen unntak for visse definerte typar støttetiltak. Ved bruken av denne regelen er ikkje ESA eller andre gitt noko skjønn. Unntaka gjeld (1) støtte av sosiale grunnar til forbrukarar, (2) støtte for å bøte på naturkatastrofar og (3) støtte i Tyskland i samband med samanslåinga av aust og vest. Desse unntaka er ikkje aktuelle i vår samanheng og blir derfor ikkje drøfta nærmare her.

For det *andre* er det gjort unntak i artikkel 61(3) i EØS-avtalen. I tilfelle der støtte blir ramma av forbodet i artikkel 61(1), gir artikkel 62 i EØS-avtalen ESA myndigheit til å *godkjenne* ei planlagd støtte dersom minst eitt av dei fire alternative vilkåra som er lista opp i artikkel 61(3) bokstavane a)–d) er oppfylte. ESA er her gitt ei skjønnsmessig myndigheit når minst eit av vilkåra er oppfylt. Unntaket byggjer på det synet at statsstøtte i mange tilfelle kan vere eit nødvendig og

Boks 2.1 Ordlyden i artikkel 61 om statsstøtte

1. Med de unntak som er fastsatt i denne avtale, skal støtte gitt av EFs medlemsstater eller EFTA-statene eller støtte gitt av statsmidler i enhver form, som vrir eller truer med å vri konkurransen ved å begunstige enkelte foretak eller produksjonen av enkelte varer, være uforenlig med denne avtales funksjon i den utstrekning støtten påvirker samhandelen mellom avtalepartene.
2. Forenlig med denne avtales funksjon skal være:
 - a) støtte av sosial karakter som gis de enkelte forbrukere, forutsatt at den ytes uten forskjellsbehandling på grunnlag av varenes opprinnelse
 - b) støtte som har til formål å bøte på skader som skyldes naturkatastrofer eller andre eksepsjonelle hendelser
 - c) støtte til økonomien i visse områder i Forbundsrepublikken Tyskland som er påvirket av Tysklands deling, i den utstrekning støtten er nødvendig for å oppveie de økonomiske ulemper forårsaket av delingen
3. Som forenlig med denne avtales funksjon kan anses:
 - a) støtte som har til formål å fremme den økonomiske utvikling i områder der levestandarden er unormalt lav, eller der det er alvorlig underbeskjeftigelse
 - b) støtte som har til formål å sikre at et viktig prosjekt av felles europeisk betydning kan realiseres, eller å bøte på en alvorlig forstyrrelse av økonomien i en av EFs medlemsstater eller en EFTA-stat
 - c) støtte som har til formål å lette utviklingen av enkelte næringsgrener eller på enkelte økonomiske områder, forutsatt at støtten ikke endrer vilkårene for samhandelen i et omfang som strider mot felles interesser
 - d) andre former for støtte angitt av EØS-komiteen i samsvar med del VII


forsvarleg verkemiddel for å utjamne ulike konkurranseforhold eller for å oppnå gevinst for samfunnet, til dømes positive miljø- og regionalverknader. I praksis er skjønnsfridommen til ESA avgrensa gjennom reglar (ulike forordningar om statsstøtte) og gjennom dei retningslinjene ESA har gitt med heimel i artikkane 5(2) bokstav b og 24 i ODA. Retningslinjene uttrykkjer dei nærmare vilkåra for og nivået på den støtta som kan rekne med godkjenning.

For det *tredje* er det gitt ein del gruppefritak gjennom visse forordningar som gjer unntak frå forbodet om statsstøtte. Det dreier seg om bagatellstøtte, opplæringsstøtte, sysselsetjingsstøtte og støtte til små og mellomstore bedrifter (SMB).

For det *fjerde* inneheld artikkel 59(2) i EØS-avtalen ein regel som kan gi ein stat rett til å yte statsstøtte (vederlag) til føretak som er tillagt oppgåva med å utføre ei teneste "*av almen økonomisk betydning*". Føresetnaden er at statsstøtta er strengt nødvendig for å utføre oppgåva.

For det *femte* finst det ein regel i ODA-protokoll 3 artikkel 1 nr. 2(3), der EFTA-statane kan gjere vedtak om at ei støtte skal erklærast i samsvar med EØS-avtalen. Regelen svarer til artikkel 88(2) i EF-traktaten, som opnar for at Rådet kan gjere det same med verknad for ein EU-stat. Denne regelen er å sjå på som ein sikringsventil. EFTA-statane har nytta heimelen ein gong, da dei i 2003 erklærte at ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift i Finnmark og Nord-Troms er i samsvar med avtalen, sjå avsnitt 1.3.2.

Nedanfor vil vi først omtale innhaldet i statsstøtte-omgrepet (avsnitt 2.2.2). Deretter skal vi utdjupe unntaka som går fram av forordningar (avsnitt 2.2.3), kapittel 61(3) (avsnitt 2.2.4) og artikkel 59(2) (avsnitt 2.4.5).



Figur 2.1 Grensa mellom statsstøtte og ikkje-statsstøtte må på figuren avklarast i det grøne området. Grensa mellom lovleg og ulovleg statsstøtte må på figuren avklarast i det gule området.

2.2.2 Om hovudregelen – når støtte i utgangspunktet er forboden

Statsstøtte er *definert* slik i artikkel 61(1) i EØS-avtalen:

”støtte gitt av EFs medlemsstater eller EFTA-statene eller støtte gitt av statsmidler i enhver form, som vrir eller truer med å vri konkurransen ved å begunstige enkelte foretak eller produksjonen av enkelte varer, [] i den utstrekning støtten påvirker samhandelen mellom avtalepartene.”

Slik støtte *”skal være uforenlig med denne avtales funksjon”*, det vil seie vere forboden. Dei fire vilkåra for at noko er ulovleg statsstøtte, er derfor at støtte må

- vere gitt av statsmidlar i alle slags former (offentleg støtte)
- tilgodesjå enkelte bedrifter eller produksjonen av enkelte varer
- vri konkurransen eller truge med dette
- vere eigna til å påvirke samhandelen mellom EØS-statane

Alle fire krava må vere oppfylte samtidig. Dersom eitt av vilkåra ikkje er oppfylt, blir ikkje tiltaket omfatta av forbodet om statsstøtte.

2.2.2.1 Offentleg støtte – statsmidlar i alle slags former

Sjølve støtteomgrepet er vidt og omfattar som utgangspunkt *alle slags økonomiske fordelar* som tilkjem foretak. Det er effekten av tiltaket, altså om tiltaket i praksis gir ein økonomisk fordel til bedrifta, som er avgjerande. At tiltaket ikkje hadde som formål å gi ein økonomisk fordel, hjelper ikkje. Det typiske tiltaket er direkte tilskott (pengeoverføring), men også lån og garantiar på gunstige vilkår blir rekna som støtte. Det same gjeld om det offentlege skyt inn aksjekapital på ikkje-marknadsmessige vilkår, og om det offentlege ikkje får eller krev utbytte på aksjekapital slik ein marknadsaktør ville ha gjort. Eit anna døme er sal eller utleige av eigedom frå det offentlege til underpris eller innkjøp av eigedom til det offentlege til overpris. Også fritak frå normale byrder, slik som skatte- og avgiftslette, kan kome inn under statsstøtteomgrepet.

Det er ofte vanskeleg å avgjere om det ligg føre statsstøtte dersom det offentlege investerer i eller gjer avtale med offentlege eller private foretak. I slike tilfelle skal det *marknadsøkonomiske investorprinsippet* brukast (omhandla i ESAs retningslinjer, kapittel 19-20). Prinsippet går ut på at statsstøtte ligg føre dersom investeringa er gunstigare for foretaket enn det eit privat foretak i same økonomiske og konkurransemessige situasjon kunne oppnådd frå ein privat eigar. Etter rettspraksisen ved EF-domstolen kan det offentlege samanliknast med ein stor og langsiktig investor. Det inneber til dømes at det offentlege etter forholda lovleg kan akseptere å dekkje tap i drifta for ei verksemd

i ein periode. Det er vesentleg at marknadsvurderinga blir gjort av nokon som ikkje har eigeninteresse av utfallet. Målet er også å sjå til at det offentlege ikkje sikrar eigne foretak usaklege fordelar i konkurransen med andre (private) foretak.

Dersom det offentlege i same eining driv både konkurranseutsett verksemd og verksemd som er skjerma frå konkurranse, er det fare for at statsstøtte som lovleg kan ytast til den skjerma verksemda blir overført til den konkurranseutsette verksemda der støtta er ulovleg (kryssubsidiering). Det er ikkje ulovleg å organisere både skjerma og konkurranseutsett verksemd i den same eininga, men det må stillast krav til at verksemda sikrar seg mot mogleg kryssubsidiering, til dømes ved at ho har separate rekneskapar for dei ulike delane av verksemda.

Det er ein føresetnad at den støtta som blir delt ut, er gitt av ”statsmidlar” som inneber ein økonomisk fordel for foretaket. Men ikkje alle fordelar er omfatta. Til dømes vil endringar (forbetringar) av dei generelle rammevilkåra for visse foretak og bransjar vanlegvis ikkje føre med seg overføringar frå det offentlege. Om ei støtte blir gitt av stat, fylkeskommune eller kommune, spelar inga rolle. Dette gjeld også støtte som er gitt meir indirekte, til dømes av offentlege eller private organ som er utpeikte eller oppretta av stat eller kommune. Føresetnaden er at det offentlege utøver ein viss kontroll og styring med verksemda.

EF-domstolen fastslo i sak C-280/00, *Altmark*, at vederlag til verksemdar som utfører tenester av *”almen økonomisk betydning”*, fell utanfor statsstøtteomgrepet i artikkel 61, men berre dersom fire vilkår er oppfylte. Når dei fire vilkåra er oppfylte, er derfor tildelinga lovleg utan at det er nødvendig å gi melding til og få godkjenning frå ESA. Dei fire vilkåra er:

1. Foretaket må vere *pålagt* å oppfylle ei plikt til å yte ei offentleg teneste, og plikta må vere klart definert.
2. Kriteria for utrekning av *vederlaget* må vere fastlagde på førehand på ein objektiv og gjennomiktig måte.
3. Vederlaget må ikkje overstige det som er nødvendig for å *dekkje utgiftene* med å oppfylle pliktene.
4. *Storleiken av vederlaget* må, dersom tildelinga av oppgåva ikkje har skjedd gjennom ein offentleg anbodskonkurranse, fastsetjast ut frå dei kostnadene ei veldriven gjennomsnittsverksemd vil ha for å oppfylle dei krava som er stilte.

I konkrete saker vil det ofte vere tvil om desse kriteria er oppfylte. Da kan artikkel 59(2) komme i bruk, sjå nærmare avsnitt 2.2.5.

2.2.2.2 Støttetiltakane

Tiltaket må etter artikkel 61(1) vere til fordel for *”enkelte foretak eller produksjonen av enkelte varer”*. I dette ligg at berre einingar som driv økonomisk verk-

semd er omfatta. Det er ikkje nødvendig at verksemda har profitt som mål, det er nok at føretaket deltek i ein aktivitet som skjer på ein marknad i konkurranse med andre.

Støtte til organ som utøver *offentleg myndigheit* fell utanfor. Det same gjer støtte til privatpersonar som ikkje driv næring. I Noreg finst det fleire personretta verkemiddel med formålet om å verke rekrutterande og stabiliserande i forhold til busetjing. Av eksisterande generelle tiltak kan vi særleg nemne Tiltaks-sona i Nord-Troms og Finnmark, som har ordningar med redusert personskatt gjennom auka botnfrådrag og redusert skattesats, auka barnetrygd, nedskriving av studielån og fritak for elavgift og meirverdiavgift på privat forbruk av strøm.

I kravet i artikkel 61(1) om at berre "*enkelte*" føretak og bransjar må rammast, ligg det eit krav om *selektivitet*. Ei støtte som alle får, det vil seie som gjeld heilt generelt, er inga statsstøtte etter EØS-avtalen. Men skiljet mellom selektive og generelle støtteordningar er ikkje alltid like lett å trekkje, særleg i tilfelle der ei ordning formelt er open for alle, men reelt sett berre er tilgjengeleg for nokre. Sentralt i vurderinga står kva for verknad støtta har i konkurransebiletet. EFTA-domstolen uttalte i sak E-6/98, *Norge mot ESA*, om den graderte arbeidsgivaravgifta mellom anna dette (avsnitt 37):

"Although the advantageous contribution rates are formally open to all undertakings, the Court finds that the system does in fact confer direct competitive advantages on undertakings in the favoured regions compared to undertakings located elsewhere, due to the high correlation between the zone of location of an undertaking and the place of residence of its workforce."

2.2.2.3 Konkurranssevriding

Det ligg føre konkurransevriding når statsstøtta påverkar eit eksisterande eller mogleg konkurranseforhold mellom føretak eller bransjar. Men det er ikkje nødvendig å påvise at støtta reint faktisk vrir konkurransen til fordel for mottakaren. Det er nok at støtta er *eigna* til å ha ein slik verknad, til dømes ved at mottakaren blir sett i stand til å selje varer til lågare prisar enn han elles kunne, og med det auke eller halde ved lag marknadsdelen sin. Det blir gjerne sagt at *potensielle* verknader er nok, mens ein ser bort frå *hypotetiske* verknader. Støtte til bedrifter som ikkje har eller kan få konkurrentar, til dømes monopolbedrifter, fell derfor utanfor forbodet. Der- som støtta blir gitt til ein heil bransje, blir støtta ramma dersom bransjen står i konkurranseforhold til andre bransjar.

2.2.2.4 Påverking av samhandelen

Det er eit vilkår at statsstøtta har ein *grenseoverskridande verknad*. Heller ikkje her er det nødvendig å

påvise at støtta reint faktisk vrir konkurransen i favør av føretak i ein stat. Det er nok at mottakaren har moglege (potensielle) konkurrentar frå andre EØS-statar, anten på eksportmarknader eller på heime- marknaden. I ein velfungerande indre marknad skal det derfor lite til før vilkåret er oppfylt.

På den andre sida vil mykje *lokal tenesteyting* i praksis ikkje kunne bli utsett for konkurranse frå andre statar. Støtte til slik verksemd kan derfor etter forholda falle utanfor regelverket.

2.2.3 Tillaten statsstøtte – gruppefritak

Som nemnt er det gjort unntak frå forbodet mot stats- støtte i ein del *kommisjonsforordningar*. Innhaldet i desse er at dersom ei støtte oppfyller dei vilkåra som er sette i vedkomande forordning, er støtta lovleg utan meldepikt til ESA. Tiltaka må likevel meldast til Nærings- og handelsdepartementet, sidan departe- mentet er forplikta til å opplyse ESA om støtte som er gitt. Forordningane er gjennomførte i Noreg ved for- skrift 12.05.2003 nr. 1429. Det dreier seg om desse til- fella:

2.2.3.1 Bagatellstøtte

Av kommisjonsforordning nr. 69/2001 følgjer at støtte på under 100 000 euro til eit føretak i løpet av tre år er lovleg. Den som yter bagatellmessig støtte, har plikt til å kontrollere at vilkåra er oppfylte.

Bagatellstøtte kan *ikkje brukast* i transportsektoren. Her er det varsla ei oppmyking frå Kommisjonen. Det kan heller ikkje nyttast til å støtte eksportrelatert verksemd, det vil seie verksemd som er direkte knytt til å auke eksportvolum, til å etablere distribusjonsnett eller til å dekkje faste utgifter i samband med eksport- verksemd. Unntaka kan ikkje nyttast i tilfelle det blir kravt at innanlandske produkt skal prioriterast framfor importerte.

2.2.3.2 Opplæringsstøtte

Av kommisjonsforordning nr. 68/2001 følgjer at støtte- ordningar og individuell støtte til opplæringsformål er lovlege innanfor ein viss del av opplæringskostnadene. Det blir skilt mellom støtte til *generell* opplæring (opp- læring som i stor grad kvalifiserer til arbeid i andre føretak eller på andre arbeidsområde) og *særskild* opp- læring (opplæring som stort sett er knytt til den nover- ande eller framtidige stillinga for arbeidstakaren i mot- takarbedrifta).

Til særskild opplæring kan som utgangspunkt 25 prosent av kostnadene til store bedrifter og 35 prosent av kostnadene til SMB dekkjast. For generell opplæ- ring er grunnsatsane 50 prosent og 70 prosent. Alle *satsane* er høgare for føretak i område som kan få regi- onalstøtte, og dersom det dreier seg om vanskeleg- stilte arbeidstakarar. Satsgrensene gjeld ikkje for sjø- transportsektoren. Det kan i alle høve ikkje delast ut

meir enn 1 mill. euro til eitt føretak for eitt enkelt opplæringsprosjekt. Opplæringsstøtta skal heller ikkje kumulerast med anna støtte.

2.2.3.3 Sysselsetjingsstøtte

Av kommisjonsforordning nr. 2204/2002 følgjer at støtteordningar for å skape *nye arbeidsplassar* er lovlege innanfor ein viss del av lønnskostnadene over ein periode på to år. Dersom arbeidsplassane blir skapte i område og sektorar som ikkje kvalifiserer til regionalstøtte, kan støtta dekkje 15 prosent av kostnaden i små bedrifter og 7,5 prosent av kostnaden i mellomstore bedrifter. Dersom arbeidsplassane blir skapte i område og sektorar som kvalifiserer til regionalstøtte, kan støtta ikkje overskride satsen for den maksimale regionale investeringsstøtta. For SMB kan dette maksimum likevel auke etter visse fastsette reglar. Tilskottet til mottakaren kan likevel aldri vere lågare enn 25 prosent. Det gjeld eigne reglar for rekruttering av funksjonshemma arbeidstakarar.

Dette unntaket kan *ikkje nyttast* til å støtte eksportretta tiltak og i tilfelle der det blir kravt at innanlandske produkt skal prioriterast framfor importerte.

2.2.3.4 Små og mellomstore bedrifter

Av kommisjonsforordning nr. 70/2001 følgjer at individuell støtte og støtteordningar til små og mellomstore bedrifter (SMB) er lovlege innanfor dei rammene og vilkåra som er fastsette. SMB er definert som føretak som har mindre enn 250 tilsette, *og* som anten har ei omsetning på mindre enn 40 mill. euro *eller* ein balanse på mindre enn 27 mill. euro. For *små* bedrifter er grensene slik: 50 tilsette, 7 mill. euro og 5 mill. euro (nye definisjonar frå 2005; sjå boks 2.2). Føretaket er ikkje lite eller mellomstort dersom det blir ått med 25 prosent eller meir av eit føretak som ikkje er lite eller mellomstort. Tala for slike nærståande føretak må leggjast saman.

Støtte til *investeringar* i anleggsaktiva kan i utgangspunktet ystast med 15 prosent av kostnadene til små bedrifter og 7,5 prosent av kostnadene til mellomstore bedrifter. Satsane aukar med 10 prosent dersom investeringa skjer i område som kvalifiserer til regio-

nalstøtte. Støtte til *rådgivingstenester* som ikkje er del av dei ordinære driftsutgiftene til føretaket, samt deltaking på varemesser og liknande, kan ystast med inntil 50 prosent av kostnadene. Det er teke inn reglar for største individuelle støttesum.

Dette unntaket kan *ikkje nyttast* til å støtte eksportretta tiltak og i tilfelle det blir kravt at innanlandske produkt skal prioriterast framfor importerte.

2.2.4 Tillaten statsstøtte – artikkel 61(3)

Den statsstøtta som i utgangspunktet er forboden etter artikkel 61(1) i EØS-avtalen, kan bli godkjend av ESA etter vilkåra i artikkel 61(3). Regelen har denne ordlyden:

”Som forenlig med denne avtales funksjon kan anses:

- a) støtte som har til formål å fremme den økonomiske utvikling i områder der levestandarden er unormalt lav, eller der det er alvorlig underbeskjeftigelse,
- b) støtte som har til formål å sikre at et viktig prosjekt av felles europeisk betydning kan realiseres, eller å bøte på en alvorlig forstyrrelse av økonomien i en av EFs medlemsstater eller en EFTA-stat,
- c) støtte som har til formål å lette utviklingen av enkelte næringsgrener eller på enkelte økonomiske områder, forutsatt at støtten ikke endrer vilkårene for samhandelen i et omfang som strider mot felles interesser,
- d) andre former for støtte angitt av EØS-komiteen i samsvar med del VII.”

Ein kan merke seg at ordlyden peiker på at den støtta som blir gitt, må ha som mål ei *positiv utvikling*. Det å motstå ei negativ utvikling kan kome inn under dette. Sidan målet er å få til endring, følgjer at *driftsstøtte* i regelen vil ha vanskelegare for å få godkjenning enn *investeringsstøtte*. Vidare vil det vere dei positive verknadene støtta har på gjennomføringa av EØS som er avgjerande. Og endeleg er det eit vilkår at støtta er *nødvendig* for å oppnå nytteverknadene. Dersom det er truleg at marknaden sjølv vil bøte på den svikten som tiltaket skal avhjelpe, skal støtte ikkje godkjennast.

Boks 2.2 Ny definisjon av små og mellomstore bedrifter

Tabell 2.2 Ny definisjon av mikrobedrifter, småbedrifter og mellomstore bedrifter med verknad frå 01.01 2005:

Bedrifter	Tilsette	Omsetning	Balanse
Mellomstore	< 250	Euro 50 mill.	Euro 43 mill.
Små	< 50	Euro 10 mill.	Euro 10 mill.
Mikro (ny)	< 10	Euro 2 mill.	Euro 2 mill.

Kjelde: Kommisjonens vedtak av 8. mai 2003

Regelen i *bokstav a)* krev at levestandarden er svært låg eller arbeidsløysa svært høg i forhold til resten av EØS. Det regionale støttekartet for Noreg omfattar i dag ikkje område som har ein så låg levestandard eller ei så høg arbeidsløysa at bokstav a) kan brukast. Regelen i *bokstav b)* vil berre unntaksvis vere aktuell. Han gjeld fellesprosjekt mellom fleire EØS-statar. Heller ikkje *bokstav d)* får noko praktisk å seie for denne utgreiinga. Regelen krev at EØS-komiteen først har gjort særskilt vedtak.

Av dette følgjer at det først og fremst er støtte som er tillaten etter *bokstav c)*, som det er aktuelt å sjå nærmare på. Kravet er her at støtta "*har til formål å lette utviklinga av enkelte næringsgrener eller på enkelte økonomiske områder*". Dette er tolka slik at regelen heimlar støtte til regionar som har dårlegare økonomisk utvikling enn andre regionar i den same staten. Der- som det skal ytast støtte til enkeltforetak, er det ein føresetnad at støtta hjelper til med å utvikle ei næring eller ein region. Det er ikkje nok at støtta berre gjer situasjonen lettare for det aktuelle foretaket, til dømes at den gjer det mogleg å betale ned på tyngjande gjeld.

I tillegg er det etter bokstav c) eit krav om at støtta ikkje endrar vilkåra for samhandelen mellom medlemsstatane i eit omfang "*som strider mot felles interesser*". Dei positive bidraga ei støtte fører til for næringsgreiner og regionar, må ein vege opp mot dei skadeverknadene støtta kan ha på gjennomføringa av EØS, først og fremst ved at samhandelen blir vridd eller kan bli vridd.

Om vilkåra i *bokstav c)* er oppfylte, må ESA foreta ei skjønnsmessig vurdering for å kunne avgjere om ei meld støtte skal godkjennast. Kommisjonen har i sin praksis generelt lagt vekt på at støtta er til allmenn interesse i Fellesskapet, at støtta er nødvendig for å få til ei positiv utvikling, og at støtta har ei form og eit omfang som ikkje går meir ut over ein annan stat enn det som kan forsvarast i lys av dei positive verknadene. Det er vidare lagt vekt på at

- støtta er eit *insitament* til verksemda
- støtta ikkje dekkjer *driftskostnadene til verksemda*, med unntak av regional transportstøtte
- støtta er nødvendig fordi *marknadskreftene* sjølve ikkje gir eit nødvendig insitament til verksemda
- støtta må *stå i forhold* til dei handikappa ho skal bøte på
- fordelane ved støtta må *vege tyngre* enn ulempene ho har for konkurranse og samhandel
- støtta må stemme overeins med dei *grunnleggjande rettsprinsippa* i EF-retten (til dømes prinsippet om ikkje-diskriminering)

ESAs retningslinjer fastset nærmare korleis ESA vil nytte *skjønnsfridommen sin*. Dei svarer til retningslinjene til Kommisjonen. Slike retningslinjer gjer det lettare på førehand å vurdere kva resultat ei sak vil få. Ein kan gå ut frå at ESA vil følgje retningslinjene i sin praksis, sjølv om dei ikkje er formelt bindande. Men

fordi ESA skal gjennomføre konkrete vurderingar, vil det ikkje liggje føre avklaring før vedtak er gjort. Den myndigheita ESA har til å bruke skjønn i saker om statsstøtte, gjer derfor det nasjonale handlingsrommet usikkert inntil vedtak er fatta. ESA si utøving av skjønn er underlagd kontroll frå EFTA-domstolen.

ESA sine retningslinjer er delte inn i horisontal støtte (del III), støtte i samband med utøvinga av eigarskap og kontroll med offentlege føretak (del IV), sektorstøtte (del V) og regionalstøtte (del VI). For dei bedriftsretta tiltaka som skal kompensere for omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta, er regionalstøtte den mest aktuelle. Men også andre støtteformer kan vere aktuelle.

Med *horisontal støtte* (del III) meiner ein støtte som blir gitt generelt utan omsyn til kva for sektor og region verksemda opererer i. I denne samanhengen finst det retningslinjer om støtte som risikokapital, støtte til forskning og utvikling (FoU), miljøstøtte, støtte til kriseramma bedrifter, statsgarantiar, kortsiktige eksportkreditlar, støtte i forhold til direkte bedriftsskattlegging og støtte ved sal av fast eigedom frå offentlege styresmakter.

Støtte i samband med *offentlege føretak* (del IV) gjeld støtte som offentlege styresmakter kan gi til næringsverksemd som det offentlege kontrollerer. Kontroll kan byggje på at det offentlege eig mesteparten av aksjekapitalen i foretaket, at det offentlege har flest av røystene i styringsorgana i selskapet eller har rett til å peike dei ut. Sjølve støtta kan vere kapitalinnskott, garantiar, lån, utbyttepolitikk eller anna. Eit hovudformål med desse reglane er å hindre at offentlege føretak blir favoriserte i større grad enn private, og å krevje innsyn i finanstransaksjonar mellom det offentlege og slike føretak.

Sektorstøtte (del V) gjeld støtte til bedrifter i visse sektorar som har særskilde problem og karakteristika. Spesielt gjeld det kol- og stålindustrien, maritim transport, skipsbygging og allmennkringkasting.

Med *regionalstøtte* (del VI) meiner ein støtte til næringsretta tiltak med eit *regionalpolitisk* formål inn- anfor eit godkjent verkemiddelområde.

Retningslinjene har det til felles at dei skildrar nærmare *vilkåra* som må oppfyllest for å kvalifisere til støtte. For å kvalifisere til miljøstøtte, er det til dømes ikkje nok at verksemda i foretaket blir sett i samsvar med eksisterande EØS-standardar. Berre dersom støtta fører til eit høgare miljøvernnivå enn det standardane krev, kan støtte tildelast. Derne- st inneheld retningslinjene reglar om *kva slags støtte* som kan tilde- last, til dømes om ein kan gi driftsstøtte eller berre investeringsstøtte. Vidare går det fram av retningslin- jene *kor mykje* støtte som kan tildelast. For regional- støtte går det til dømes fram kor stor del av ei god- kjend investering som maksimalt kan støttast i dei ulike områda. Endeleg har retningslinjene reglar om *kumulering* av støtte. Det foretaket som til dømes kvalifiserer til både SMB-støtte og regionalstøtte, får avkorta summen på visse måtar.

2.2.5 Støtte til verksemd med særlege oppgåver – artikkel 59(2)

Av artikkel 59(1) går det fram at dei allmenne reglane i EØS-avtalen – mellom anna reglane for statsstøtte – også gjeld for offentlege føretak og for føretak som er gitt særlege eller eksklusive rettar. Frå denne hovudregelen er det i artikkel 59(2) sett opp eit *unntak* med denne ordlyden:

”Føretak som er blitt tillagt oppgaven å utføre tjenester av almen økonomisk betydning, eller som har karakter av et fiskalt monopol, skal være undergitt reglene i denne avtale, fremfor alt konkurranse-reglene, i den utstrekning anvendelsen av disse regler ikke rettslig eller faktisk hindrer dem i å utføre de særlige oppgaver som er tillagt dem. Utviklingen av samhandelen må ikke påvirkes i et omfang som strider mot avtalepartenes interesser.”

Grunntanken bak regelen er at EØS-avtalen ikkje skal stå i vegen for at visse *nødvendige oppgåver* i samfunnet blir utførte. Som eit døme kan vi nemne avgjerda i sak C-209/98, der EF-domstolen aksepterte ei dansk ordning som gav nokre føretak einerett og plikt til å samle inn og gjenvinne byggjeavfall, sjølv om dette i utgangspunktet var i strid med konkurransereglane i EF-traktaten. Domstolen var samd i at eineretten var nødvendig for å sikre god nok gjenvinningskapasitet. Eit anna døme er saka om dei gunstige rammevilkåra til Husbanken. Dette blei akseptert av ESA under artikkel 59(2) i EØS-avtalen fordi Husbanken har som oppgåve å yte tilskot til å byggje moderate privatatte bustader.

Grunnvilkåret i artikkel 59(2) er at det offentlege har gitt føretaket ei oppgåve av *”almen økonomisk betydning”*. Eigentleg dreier det seg om tenesteytingar av forretningsmessig karakter som tener allmennytige formål, typisk innanfor sektorane for transport, energi, kommunikasjon og miljø. Statane har fått ein viss skjønsmargin til sjølve å definere tenester som dette uttrykket kan gjelde for. Men EFTA-domstolen kan kontrollere at staten tydeleg har pålagt oppgåva, og også at staten har definert kva oppgåva går ut på. Oppgåva kan fastsetjast ved lov, forskrift, konsesjon eller avtale.

Det sentrale rettslege spørsmålet i desse sakene vil ofte vere om unntak er *nødvendig* for å få gjort oppgåva. I dette ligg at føretaket utan unntaket (støtta) ikkje får utført oppgåva på akseptable økonomiske vilkår. Eit typisk døme er at føretaket ikkje er i stand til å få ein pris hos brukarane som er høg nok for ei akseptabel fortjeneste. Dette kriteriet avgjer også kor mykje støtte som kan givast i det aktuelle tilfellet, idet ein ser på støtta som vederlag for å utføre oppgåva. ESA vil i kvart tilfelle leite etter andre tiltak som vil vere eit mindre omfattande unntak frå EØS-avtalen, og i den samanhengen også vurdere om føretaket blir overkompensert. For å sikre seg mot ei klage om overkompensasjon, kan det ofte vere nødvendig å nytte anbodskonkurranse som grunnlag for tildeling.

Siste setning i artikkel 59(2) legg opp til ei vurdering av *proporsjonaliteten*. Om dette har EFTA-domstolen i saka om Husbanken (sak E-4/97) uttalt at den felles interessa til statane i å gjennomføre EØS-avtalen fullt ut må vegast opp mot interessa kvar stat har i det aktuelle unntaket. I denne samanhengen vil det typisk vere vanskelegare å få omfattande unntak enn meir avgrensa unntak.

2.3 Saksbehandling og handheving i statsstøttesakar

2.3.1 Oversyn

Saksbehandlings- og handhevingsreglane er ein viktig del av regelverket om statsstøtte. Det er fleire grunnar til det. Ein grunn er at ESA kan påleggje dei nasjonale styresmaktene å krevje at ulovleg statsstøtte blir betalt attende frå det føretaket som har motteke støtta, noko det kan vere vanskeleg å gjere for føretaket. Konsekvensane av å trø feil kan derfor bli store. Ein annan grunn er at nasjonale styresmakter ofte har eit ønske om å gi statsstøtte som eit ledd i ein politikk. Da er det viktig å kjenne saksbehandlingsreglane for å planlegge korleis og når politikken kan setjast ut i livet. Ein tredje grunn er at saksbehandlingsreglane i mange tilfelle er avgjerande for om ei støtte er lovleg eller ikkje. Det er da vesentleg både for offentlege styresmakter og dei involverte føretaka å vite kva tiltak det er nødvendig å melde, og korleis dei kan vente at saksbehandlinga vil bli.

Regelverket for statsstøtte vender seg til styresmaktene, ikkje til dei ulike føretaka, sjølv om det er dei som nyt godt av statsstøtta. Meldeplikta er ei plikt norske styresmakter har overfor ESA. Det er Nærings- og handelsdepartementet¹ som melder frå på vegne av staten. Departementet må derfor ha melding frå andre norske styresmakter (medrekna regionale og lokale styresmakter) før statsstøtte blir gitt. Departementet må i kvart tilfelle vurdere om melding til ESA er nødvendig. Etter § 2 i lova om offentlig støtte skal derfor alle støttetiltak som kjem inn under artikkel 61 i EØS-avtalen, meldast til Nærings- og handelsdepartementet.

Artikkel 62 i EØS-avtalen slår fast at ESA skal *”kontinuerlig granske”* alle eksisterande støtteordningar og alle planar om å innføre eller endre statsstøtteordningar i EFTA-statane. Det same går fram av artikkel 1 i del I i Protokoll 3 til ODA.

Den sistnemnde regelen skil mellom eksisterande og planlagde støtteordningar. Eksisterande støtte er lovleg inntil ESA har vedteke at ho ikkje er det, sjå artikkel 1(2) i protokollen. Ny støtte kan på den andre sida ikkje setjast i verk før ho er godkjend av ESA, sjå

1. Etter endringar i departementsstrukturen 18.06.2004 er saksansvaret for statsstøtteregelverket overført til moderniseringsministeren.

artikkel 1(3) i protokollen. Følgjande skal etter del II, artikkel 1 i protokollen, reknast som *eksisterande støtte*:

- støtteordningar som var sette i verk *før EØS-avtalen* tok til å gjelde
- støtte som er *godkjend* av ESA
- støtte som må *reknast som godkjend* av ESA fordi ESA ikkje har gjort noko vedtak sjølv om melding er gitt
- støtte som ESA ikkje lenger kan gripe inn mot på grunn av *forelding*
- støtte som ikkje var statsstøtte da ho blei gitt (til dømes fordi føretaket var skjerma frå konkurranse), men som *seinare må reknast* som statsstøtte ut frå endringar i EUs indre marknad

Ny støtte er all statsstøtte som ikkje er eksisterande støtte. Til dette reknar ein både nye støtteordningar, støtte utdelt i enkelttilfelle og endringar i eksisterande støtte. Det meste av den støtta det vil vere aktuelt å dele ut etter bortfallet av den graderte arbeidsgivaravgifta, må ein derfor sjå på som ny støtte.

Nasjonale styresmakter kan vere i *tvil* om eit tiltak er statsstøtte – og med det meldepliktig eller ikkje. Ved slik tvil er det tryggast å melde tiltaket. Støtte bør ikkje utbetalast før det er klart at støtta er lovleg. ESA kan etter Protokoll 3, del I, artikkel 1(3) og del II artikkel 4 nr. 4 i protokollen setje i verk ein formell undersøkingsprosedyre dersom ein etter ei førebels vurdering er i tvil om støtta er i tråd med EØS-avtalen. I mellomtida kan tiltaket ikkje setjast i verk ("*stillstandsklausul*"), sjå Protokoll 3, del II artikkel 3 i ODA.

Ei *melding* til Nærings- og handelsdepartementet (eller det departement som til kvar tid har ansvaret. For tida er ansvaret i ferd med å overførast moderniseringsministeren), og eventuelt seinare til ESA, om ei ny støtte må innehalde alle dei opplysningane som er relevante for å vurdere om støtta er i samsvar med eller kan oppnå unntak etter EØS-avtalen. Dette omfattar opplysningar om målet for støtta, kor stor støtta er, eventuelle krav til eigendel, støtteforma, korleis kostnadene blir rekna ut, vilkåra for tildeling av støtte, reglar for eventuell kumulasjon, budsjett for støtta og varigheit. Også prosjektplanar og opplysningar om eigarstruktur hos støttemottakar (til dømes ved SMB-støtte) kan vere relevante.

Eit eige skjema som finst på heimesidene til Nærings- og handelsdepartementet, skal fyllast ut for å sikre at alle opplysningane er tekne med. Melding til ESA skal skrivast på engelsk.

2.3.2 Meldeplikta og ESAs behandling

ESA skal ha *førehandsmelding* om all ny statsstøtte, sjå Protokoll 3, del II artikkel 2 til ODA, med mindre det finst eit grunnlag for ikkje å melde frå. Eit slikt grunn-

lag kan vere at ESA tidlegare har godkjent støtteordninga som den aktuelle støtta kjem inn under. Eit anna grunnlag kan vere gruppefritaka som er nemnde i avsnitt 2.2.3.

Staten har plikt til å melde frå til ESA i god tid før støtteordninga tek til å gjelde og støtta blir utbetalt. Meldinga skal innehalde *tilstrekkelege opplysningar* for at ESA skal kunne gjere sitt vedtak. ESA vil be om fleire opplysningar dersom meldinga ikkje er fullstendig.

Når ei støtteordning er meldt til ESA, har ESA tre moglege val:

- å fastsetje at den ordninga det er meldt frå om, *ikkje er statsstøtte*
- å *godkjenne statsstøtta* fordi ho kjem inn under eit unntak
- å setje i gang ei *formell undersøking* etter Protokoll 3 i ODA

Innan to månader etter at ESA fekk ei fullstendig melding ("*complete notification*"), må ESA ha bestemt kva alternativ ein vil velje, sjå Protokoll 3, del II artikkel 4 til ODA. Dersom ESA innan fristen ber om fleire opplysningar, går fristen frå den tida ESA får tilleggsopplysningane. Dersom ESA ikkje har gjort noko vedtak innan fristen, skal støtta som utgangspunkt vurderast som om ho er godkjend av ESA.

Dersom ESA vedtek å setje i gang ei formell undersøking, skal vedtaket publiserast i EØS-tillegget til EF-tidende ("*Official Journal*"). Dette er ein open prosedyre, og kvar part som denne saka kjem ved, kan kome med synspunkt innan ein viss frist. Etter ei nærmare gransking som ESA normalt skal slutføre innan 18 månader, vil ESA gjere eit vedtak. Dette vedtaket kan gå ut på at støtta anten ikkje blir rekna som statsstøtte, at støtta kan godkjennast som eit unntak, eller at støtta er ulovleg.

Dersom ESA vedtek at støtta er ulovleg, skal ESA som hovudregel også vedta at støtte – om ho er utbetalt – skal krevjast tilbake med renter² frå den som har fått støtta, sjå ODA Protokoll 3, del II artikkel 14. Unntak frå tilbakebetalingsplikta er gjort i tilfelle dette "*would be contrary to a general principle of EEA law*". Med dette siktar ein til tilfelle der det er absolutt uråd å gjennomføre ei tilbakebetaling, og tilfelle der det er vanskar av konstitusjonell karakter (til dømes forbod mot tilbakeverknad av lover) med å krevje støtta tilbake. At mottakaren hadde rimelege forventningar om å få behalde støtta, eller at han vil gå konkurs dersom han må betale pengane tilbake, er ikkje nok for å sleppe plikta. Tilbakebetalingsplikta når det gjeld norske føretak, er heimla i lova om offentleg støtte § 5.

Detaljerte reglar for saksbehandlinga står i rådsforordning nr. 659/1999 (22.03.1999) – den såkalla *prosedyreforordninga*.

2. Referanserenta blir fastsett av ESA, og er for tida (juni 2004) sett til 3,75 prosent.

2.3.3 Domstolskontrollen

Avgjerdene til ESA kan overprøvast av EFTA-domstolen som i tilfelle *avgjer autoritativt* kva som er lovleg statsstøtte etter EØS-retten. EFTA-domstolen vil overprøve om ESA har brukt reglane korrekt, til dømes om ESA har funne at noko er statsstøtte som ikkje er det, eller omvendt. Derimot vil EFTA-domstolen vere varsam med å overprøve ESA sitt skjønn der reglane gir ESA skjønnsfridom, til dømes ved avgjerda om ei støtte skal godkjennast etter artikkel 61(3) eller ikkje.

Ein *EFTA-stat* som er usamd i eit vedtak ESA har gjort, kan saksøkje ESA for EFTA-domstolen, sjå artikkel 36 i ODA. Til dømes kan Noreg gå til sak med krav om å oppheve ESAs avgjerd om at ei støtte er ulovleg. Dersom ESA avgjer at ei eksisterande støtte er ulovleg, kan til dømes ESA saksøkje Noreg etter artikkel

31 i ODA dersom Noreg ikkje rettar seg etter avgjerda. Det gjeld i alle tilfelle ein søksmålsfrist på to månader frå avgjerda blei kunngjort.

Også private partar kan saksøkje ESA med krav om at eit vedtak ESA har gjort er ulovleg, sjå artikkel 36(2) i ODA. Ein konkurrent til føretaket som har fått godkjent ei statsstøtte, kan til dømes krevje at godkjenninga er ulovleg. Tilsvarande kan føretaket som skulle nyte godt av ei støtte som ikkje blei godkjend, saksøkje ESA. Men private partar kan berre få overprøvt vedtak som er "*rettet til vedkommende*" eller som "*angår vedkommende direkte*". EFTA-domstolen har på det grunnlaget til dømes avgjort at Den Norske Bankforening kunne reise søksmål om vedtak som tillet statsstøtte til Husbanken (sak E-4/97), men nekta Stiftelsen Bellona å reise søksmål om skatteordninga for Snøhvit-feltet (sak E-2/02).

Kapittel 3

Mål og effektar ved distriktspolitiske verkemiddel

Dette kapittelet diskuterer bruken av verkemiddel generelt og bruken av næringsretta verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken spesielt. Det blir drøfta korleis ein kan skilje mellom *sterke og svake sider* ved dei ulike verkemidla, og korleis ein skal vurdere treffgraden dei har. Det er understreka at ein må vurdere all bruk av verkemiddel samla. Dei ulike verkemidla må vurderast både kvar for seg og i samanheng med andre verkemiddel som har å gjere med andre delar av eit samansett problem. Kapittelet omtaler den plassen den graderte arbeidsgivaravgifta har hatt i distrikts- og regionalpolitikken til no, og kva for eigenskapar ordninga har.

Når ein skal vurdere sterke og svake sider ved eit verkemiddel, kan ein ta utgangspunkt i desse dimensjonane:

1. treffgrad
2. vridingseffektar
3. styringseffektivitet
4. transaksjonskostnader

Treffgrad er knytt til vurderinga av kva problem verket middelet har mest direkte og dermed sterkast effekt på. Etter dette må ein vurdere om verket middelet er effektivt i eit *dynamisk perspektiv* og i forhold til den rolla det spelar for å nå eit mål. I tillegg må ein vurdere kva ønskte og ikkje ønskte *tilpassingar* som kan kome, anten i andre marknader eller hos støttemottakarane eller styresmaktene. *Transaksjonskostnadene* må vurderast i forhold til forventa effekt. Vi illustrerer bruken av dimensjonane med å sjå på ein del bedriftsretta og personretta tiltak som har vore evaluerte.

3.1 Distriktspolitikk – avstandsulemper og utkantproblem

Grunnlaget for distriktspolitikken er merksemda på *avstandsulemper og utkantproblem*. Dette skil distriktspolitikken frå regionalpolitikken generelt.

Regionalpolitikk er eit omgrep som dekkjer forholdet statsmakta har til dei regionale forvaltningsnivåa (fylke og kommunar). Eit viktig felt i denne politikken gjeld regionale skilnader. Når regionalpolitikken prøver å motverke slike skilnader, må ein innrette seg etter kva slags utfordringar ein står overfor. Ein må derfor først vurdere kva utfordringane er, og kva som er drivkrafta bak denne utviklinga. Tiltaka har høgast treffgrad om dei siktar direkte mot desse drivkreftene.

Innretninga må òg vere ulik alt etter om utfordringane er av langvarig eller mellombels karakter.

Strukturelle skilnader skal i prinsippet kunne utjamnast ved *mellombels innsats* dersom denne innsatsen er godt målretta og sterkt nok dosert. Dette gjeld arbeidsmarknadspolitikk, fordelingspolitikk, næringspolitikk osv. Ein region som er prega av industriell avvikling på grunn av sviktande marknader for det som er og tradisjonelt har vore produkta frå denne regionen, bør i prinsippet kunne omstillast til ein ny næringsstruktur som er meir tilpassa den aktuelle marknadssituasjonen, og deretter kunne operere utan særleg statsstøtte. Dette er ein av grunnane til at EUs strukturprogram – slik som dei norske omstillingsprogramma – har ein mellombels karakter.

Eit mellombels omstillingsprogram kan likevel berre i liten grad kompensere for ei perifer plassering. Ei ikkje-sentral plassering inneber ofte både lange avstandar til dei sentrale marknadene, lågt folketal per kvadratkilometer og svak lokal etterspurnad. Med *avstandsulemper* meiner ein at bedrifter i distrikta vil ha vanskelegare for å lykkast økonomisk, sjølv om dei driv like effektivt og marknadstilpassa som bedrifter i sentrale strøk. Lange transportavstandar er ei årsak til dette, lite og svakt utvikla næringsmiljø, små, lokale marknader for produkt og tilbodet av arbeidskraft er andre årsaker. Slike geografiske forhold er av langvarig karakter. Eit mål om å ta vare på hovudtrekka i det busetjingsmønsteret ein har i dag, krev dermed ein kontinuerleg innsats i dei perifere områda.

Ein faktor som ofte blir nemnd som ein grunn for at det er nødvendig med støttetiltak, er manglar ved *kredittmarknaden*. Långivarar og låntakarar vil ha ulik informasjon om risikoen og potensialet i prosjektet. Dette vil særleg ramme mindre og nystarta bedrifter som gjerne har liten tilgang til intern kapital. I distrikta vil også andrehandsverdien (salsverdien ved opphøyr) av fysiske investeringar som bygg, anlegg og andre mindre mobile kapitalgjenstandar vere lågare enn i sentrale strøk. Dermed vil risikoen ved lån til slike investeringar bli høgare og tilbodet av kapital dårlegare.

Dei fleste norske omstillingsregionane ligg i distrikta og har såleis både typiske distriktsproblem og strukturelle utfordringar. Erkjenninga av at distriktspolitikken har ein ekstra dimensjon i forhold til ein meir strukturelt orientert regionalpolitikk, har lang historisk tradisjon i dei nordiske landa (Danmark er eit unntak, for der har dei ikkje regionar med lang

avstand til tettstader.) Dette resulterte i at EU ved medlemskapstingingane med Finland, Sverige og Noreg godtok lågt folketal per kvadratkilometer som eit sjølvstendig regionalpolitisk kriterium for støtte på linje med høg arbeidsløyse og låg inntekt. Samtidig blei det utvikla eigne strukturfondstiltak for slike regionar. I tillegg blei det opna for å akseptere transportstøtte retta mot å kompensere for varige driftskostnader i samband med avstandsulempar.

Distriktpolitikken er utviklingsorientert. Det gjeld å få til gode rammevilkår for ei positiv utvikling og hjelpe til med å setje i gang vekstgenererande prosessar, til dømes ved å stimulere til eit dynamisk og godt miljø for entreprenørskap. Tiltaka er derfor ikkje berre grunnlagt ut frå omsynet til marknadssvikt, sjølv om det også blir lagt vekt på slike forhold. Derfor må den *langsiktige utviklinga* ha stor vekt når ein vurderer dei distriktpolitiske verkemidla.

Distriktpolitikken har hatt stabilisering av busetjingsstrukturen som eit hovudmål gjennom store delar av etterkrigstida. Målet er i den siste regionalmeldinga definert som å *"opprettholde hovedtrekkene i bosettingsmønsteret og ha likeverdige levekår i hele landet"* (St.meld. nr. 34, 2000–2001 *"Om distrikts- og regionalpolitikken"*). I dei årlige regionalpolitiske utgreiingane er det peikt på målet om å utvikle vidare vekstkraftige regionar i alle delar av landet.

Mens busetjingsmålet lenge blei sett på som det viktigaste, har verkemidla i all hovudsak vore retta inn mot næringsutvikling. Årsaka er ein grunntanke om at ein ved å stimulere næringslivet og sysselsetjinga legg grunnlaget for å halde ved lag og utvikle busetjinga, når mangel på arbeidsplassar og lite mangfald i næringslivet er årsaker til at folk flytter. I lova om Innovasjon Norge står det mellom anna at oppgåva er å *"fremme bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsom næringsutvikling i alle deler av landet"*. Reint personretta tiltak, til dømes lågare regionale inntektskattar, har vore mindre nytta i norsk distriktpolitikk. Slike tiltak har likevel fått ein tydeleg plass i tiltakssona for Finnmark og Nord-Troms, som blei oppretta i 1990.

Gradert arbeidsgivaravgift som distriktpolitisk verkemiddel

Norsk distriktpolitikk har i stor grad vore retta inn mot *kapitalstøtte*. I det meste av etterkrigstida har investeringstilskot, subsidierte lån, garantiar og innsats av statleg kapital (mellom anna oppretting av statsbedrifter) vore dei tyngste verkemidla. Dette er i seinare tid utvida til eit meir variert sett av verkemiddel som også er retta mot mjuke investeringar, til dømes bedriftsutvikling, etablerarstøtte, program for kompetanseutvikling og liknande (sjå avsnitt 4.2 for eit oversyn). Felles for desse verkemidla er at dei skal fremme investeringar i vid meining. Opplæring er i denne samanhengen å rekne som ei investering i

humankapital og er derfor investeringsstøtte, og ikkje driftsstøtte.

Innrettinga mot meir støtte til mjuke investeringar kom gradvis. Da den graderte arbeidsgivaravgifta blei innført i 1975, var den tradisjonelle distriktsstøtta framleis primært retta inn mot fysiske investeringar, det vil seie tilskot til dømes til bygningar, anlegg og maskinar. Det var eit brot med tradisjonen at ein innførte eit verkemiddel som subsidierte arbeidskraft, og at støtta var retta inn mot drift. Ein gjennomgang av debatten rundt innføringa av gradert arbeidsgivaravgift finst i rapporten *"Kunnskapsstatus differensiert arbeidsgiveravgift"* og i utgreiinga frå Effektutvalet.

Eit anna nytt element var at den graderte arbeidsgivaravgifta var generell og næringsnøytral, medan investeringsstøtta verka selektivt. I staden for at styresmaktene valde ut kva for bransjar ein ville satse sterkare på og kva for prosjekt som hadde størst nyskapande effekt, nådde den graderte arbeidsgivaravgifta *alle*, både industri og tenesteyting, og sterke og svake verksemdar. Også kommunal sektor fekk nytte godt av ordninga.

Eit slikt totalt overrisslande system var eit resultat av tanken om at no måtte den ledige arbeidskrafta nyttast. Den regionale arbeidsløysa var eit bevis på at dei tradisjonelle verkemidla ikkje var gode nok til å få god nytte av denne ressursen. Den beste måten å auke sysselsetjinga på var å subsidiere prisen på arbeidskraft. Med ei slik subsidiering fekk det vere opp til *marknaden lokalt* å fordele ressursane. Det var ikkje nødvendig for statlege styresmakter å detaljstyre dette.

Det siste var også eit brot med den tradisjonelle holdninga om at det var industrien, særleg den kapitalkrevjande industrien, som hadde dei gode framtidsutsiktene. Den tradisjonelle tankegangen var basert på at dei tenesteytande næringane ville kome etter av seg sjølv berre ein fekk utvikla det ein kalla basisarbeidsplassar, i første rekkje i industrien, men også i til dømes reiselivet. Kva verknad dei tenesteytande sektorane sjølve hadde på regional utvikling, blei stadig meir fokusert i den faglege og politiske debatten. Ein innsåg at tenesteytande sektorar og andre sektorar (industri og liknande) måtte utviklast samtidig, fordi dei andre sektorane var avhengige av eit breitt tilbod innanfor tenesteyting og omvendt. Verkemiddelet treffe godt dei tenesteytande sektorane sidan lønnskostnadene her utgjer ein stor del av dei samla kostnadene.

Gradert arbeidsgivaravgift skulle ikkje erstatte den investeringsretta distriktpolitikken, men snarare tilføre eit nytt element. Men dei bedriftsretta verkemidla var så sterkt retta mot kapitalsubsidiering at det blei behov for noko som motverka ei overstimulering av produksjonsfaktoren kapital på ein måte som gjekk utover sysselsetjinga.

Den graderte arbeidsgivaravgifta utvikla seg etter kvart til å bli det *finansielt tyngste instrumentet* i norsk

distriktspolitik. Årsaka til det var dels at graderinga auka sterkt i perioden 1980–91, dels at løyvingane til bedriftsretta distriktsstøtte blei redusert frå førstninga av 1990-åra og fram til i dag. Ein annan grunn var at den graderte arbeidsgivaravgifta har ei automatisk dosering: Med utgangspunkt i avgiftssatsane vil verke-middelet auke i volum i takt med aktivitets- og lønns-veksten.

3.2 Ulik treffgrad og innretning

Utviklinga med eit breiare sett av verkemiddel illustre-rer ei aukande erkjenning av at utfordringane for dis-trikta er *samansette*. Ein bør derfor ikkje vurdere ver-ke midla kvar for seg, men ut frå kva rolle kvart av dei har i eit sett av verkemiddel. Dei fleste verkemidla kan treffe fleire mål, og dei kan treffe ulikt. Til dømes vil somme verkemiddel vere meir retta mot verdiskaping, mens andre har sterkare effekt på busetjing. Somme er retta mot bruk av arbeidskraft, andre mot bruk av kapital i produksjonen.

På tilsvarande vis vil dei ulike verkemidla treffe dei ulike delane av næringslivet med *ulik grad av intensi-tet*. Eit verkemiddel kan vere retta mot å dekkje ein mangel i den samla verkemiddelbruken, eller det kan ha som mål å kompensere for utilsikta effektar av andre verkemiddel. Eit verkemiddel kan også sjølv ha sideeffektar som ein bør ta med i vurderinga av den samla effektiviteten.

Dei direkte effektane er gjerne sterkare enn dei indirekte. Ein får eit meir effektivt sett med verkemid-del dersom ein vel verkemiddel som har ein direkte effekt på det ein meiner er opphavet til dei problema regionen har. Dersom ein meiner at låg sysselsetjing er ei viktig årsak til problema i regionen, vil tiltak direkte retta mot å auke sysselsetjinga vere dei mest effektive. Dersom ein meiner det er typen av arbeids-

plassar som er mangelen, kan andre tiltak ha høgare treffgrad.

Ein region i utvikling opplever vekst i syssel-setjinga, auka folketal, auka kompetanse, aukande lokal etterspurnad, kunnskapsutvikling, utvikling av velferd, mangfald i tenestetilbod, kulturelle aktivitetar osv. Ein region i tilbakegang er prega av *negative utvi-klings-tendensar* for fleire av eller alle desse aspekta. Bruk av distriktspolitiske verkemiddel har som opp-gåve å bremse dei negative tendensane. Da kan det vere fleire ting ein bør rette tiltak inn mot, og mange av tiltaka kan ha sideeffektar på andre trekk i utvik-linga. Nedanfor følgjer ei tentativ liste over type verke-middel og den effekten dei kan ha på ulike mål (tabell 3.1):

Støtte til *fysiske investeringar* (lån og tilskot) stimule-rer direkte kapitalbruken i bedriftene og styrkjer dei tek-nologisk og økonomisk. Oftast vil dette ha ein effekt også på kompetansenivået til bedrifta (teknisk og utstyrsmes-sig produksjonsevne og kompetansen hos dei tilsette). Vurdert i eit dynamisk perspektiv kan det føre til investe-ring i ny teknologi som aukar verdiskapingspotensialet på sikt. Vanlegvis reknar ein med at det også blir syssel-setjingseffektar, men dette er ikkje alltid opplagt. Det kan vere situasjonar der investeringa er arbeidssparande, slik at sysselsetjinga blir mindre. Dersom ein får ein positiv sysselsetjingseffekt, vil den regionale gevinsten vere auka busetjing. Dette vil også påverke det regionale tenestenivået.

Støtte til *"mjuke" investeringar* er innretta mot bedriftsutvikling, kompetanseoppbygging osv. Denne støtta er retta mot å auke kompetansen til bedrifta i brei meining for å styrkje konkurranseevna. Det kan vere eit problem på bedriftsnivå å vurdere om slike investeringar er effektive for å betre lønnsmda i bedrifta. I den grad slik innsats gir opning for auka produksjon, vil ein få effektar også for dei andre måla som er nemnde i tabellen.

Tabell 3.1 Ulike verkemiddel har effekt på ulike mål

	Effektar på bedriftsnivå			Effektar på regionnivå		
	Fysisk kapital	Arbeidskraft	Kompe-tanse	Syssel-setjing	Busetjing	Tenestetilbod
Fysisk investeringsstøtte	+++	+	++	+	+	+
Utviklingstiltak, "mjuk" støtte	+	+	+++	+	+	+
Gradert arbeidsgivaravgift	+	+++		+++	++	++
Skattelette for personar	+	++		++	+++	++
Studielånavskrivning		++	+++	++	++	+++
Fysisk infrastruktur	+	+	+	+	+	+
Nettverk, innovasjonssys-tem: "mjuk" infrastruktur	+	+	+++	+	+	++

+: svakare (dels indirekte) effekt
++: klar effekt
+++ : sterk direkte effekt

Både den fysiske og den "mjuke" investeringsstøtta er etter kvart stadig meir retta mot prosjekt som blir rekna for å vere *nyskapande*. Ei slik innretning gjer at kompetanse blir viktig. Verknaden for aktivitetsnivået og sysselsetjinga i bedrifta er meir indirekte. Ein må likevel rekne med at effekten er positiv og stimulerer til bruk av kapital og auka kompetanse i verksemdene.

Den graderte arbeidsgivaravgifta vil gi ein direkte effekt på måten bedriftene bruker arbeidskraft på, og dermed på den regionale sysselsetjinga. Da blir også busetjinga påverka sidan ho heng saman med sysselsetjinga. Den tenesteytande sektoren er arbeidsintensiv, og den graderte arbeidsgivaravgifta rårar derfor denne sektoren betre enn fysisk investeringsstøtte, noko som gir ein sterkare effekt på det regionale tenestetilbodet.

Lette i *personskatten* verkar direkte inn på busetjinga ved at det blir økonomisk gunstigare å bu i ei sone med skattelette enn utanfor. Tiltaket gir stimulanse til bedriftene gjennom auka etterspurnad og ved at lønnsnivået kan forhandlast ned. Dermed blir bruk av arbeidskraft sterkare stimulert enn bruk av kapital i bedrifta.

Ordninga med *avskrivning av studielån* i Tiltakssona har ført til auka tilgang på kompetente tilsette i privat og offentleg sektor. Tiltaket har god effekt på busetjinga og sysselsetjinga. Også marknadsføringskapasiteten til bedriftene har blitt direkte påverka av betre tilgang på utdanna folk.

Investeringar i *nettverk og innovasjonssystem* kan hjelpe til med å betre kontakten mellom verksemdar og mellom verksemdar og kunnskapsmiljø. Utvikling av slikt samarbeid må ein sjå i eit langsiktig perspektiv, der verknadene vil vere indirekte og først vise seg etter ei tid.

Tabell 3.1 er ikkje uttømmende. Etableringsstøtte er til dømes eit tiltak som fremmar ny verksemd. Når fleire får støtte til å skape ny verksemd, vil det føre til at den samla aktiviteten blir større. Ein får vitalisert næringslivet i regionen. Her er det eit eige mål at nye deltakarar skal hjelpast fram. Auka rammeoverføringar til fylke og kommunar vil til dømes gi ein direkte effekt på både sysselsetjinga og tenestetilbodet og kan medverke til ein sosial infrastruktur på linje med fysiske infrastrukturar.

Tabell 3.1 er meint å illustrere korleis ulike typar tiltak verkar ulikt på ulike mål for den regionale utviklinga. På tilsvarande vis vil verkemidla treffe dei ulike delane av næringslivet med ulik grad av intensitet. Den tenesteytande sektoren vil ofte ha lite kapital per tilsett. Verkemiddel retta mot støtte til arbeidskraft vil råke denne sektoren meir direkte enn verkemiddel som er retta mot bruk av fysisk kapital. Tilsvarande vil det vere ulikskapar mellom større og mindre bedrifter, der verkemiddel som krev stor innsats i både søkjefasen og gjennomføringsfasen, vil vere meir aktuelle for dei større einingane enn for dei mindre.

Når ein skal erstatte den graderte arbeidsgivaravgifta med andre verkemiddel, kan ein derfor *ikkje få identiske verknader* som om ein hadde vidareført den graderte arbeidsgivaravgifta. Kvart kompenserande tiltak må vere bygt opp annleis og ha ei anna innretning og dermed eit anna nedslagsfelt. Ei regional kompenserings ut frå målet om å få lik distriktpolitisk effekt av statsstøtta inneber å få til ein like god verknad for dei overordna måla: å stabilisere hovudtrekka i busetjingsmønsteret ved å stimulere til varige og lønnsame arbeidsplassar i dei delane av landet som opplever avstandsulemper til sentrale marknader. Eit slikt perspektiv kan føre til kompensasjon for dei som får dei høgaste kostnadene ved omlegginga, men treng ikkje ha det.

3.3 Effektivitet i høve til distriktpolitiske mål

Som gjennomgangen ovanfor tyder på, er det vanskeleg å samanlikne dei ulike typane av distriktpolitiske verkemiddel ved å bruke eitt felles effektmål. Mål som kostnader per ny eller sikra arbeidsplass vil vere meir relevant for eit verkemiddel som er direkte retta inn mot å støtte arbeidsplassar, enn eit verkemiddel som er direkte retta inn mot busetjing og der arbeidsplass-effekten er eit meir indirekte resultat.

Generelt er det uheldig å måle effekten av eit verkemiddel utan at ein tek heile målsamlinga med i analysen. Men ein slik analyse er det ikkje lett å få fram. Derfor opplever ein ofte at verkemiddel blir samanlikna med *forenkla målestokkar*. Til dømes måler ein kostnad per arbeidsplass også der sysselsetjingseffekten aleine ikkje er ein god indikator på målet med verkemiddelet.

Som nemnt er *investeringsstøtta* ikkje først og fremst retta inn mot sysselsetjinga. Ein burde derfor i større grad sørgje for ein effektstudie ved å sjå direkte på kapitalutviklinga og kompetanseutviklinga i bedriftene. Det blir også gjort i ein del av evalueringane, men av forstålege grunnar kan dette vanskeleg samanfatast i enkle, kvantitative indikatorar. Likevel kjem evalueringar fram til eit relativt kostnadseffektivt resultat når det gjeld sysselsetjinga.

Effektutvalet vurderte effektar av investeringar i infrastruktur. For investeringar i *transportinfrastruktur* viser utvalet til bruken av nytte-kostnad-analysar for å vurdere samfunnsøkonomisk effektivitet. For kortbanenettet og ferjer finn ein ofte god lønnsemd. Utvalet framhevar at samanhengen mellom slike investeringar og regionale mål er usikker og verkar indirekte.

Effektutvalet meinte også at det er gode grunnar for å føre ein aktiv regionalpolitikk på området *teleinfrastruktur* (tredjegerasjon mobilteknologi og breiband) som på transportområdet elles. Det offentlege kan ta på seg rolla som ein aktiv innkjøpar ved å finan-

siere utbygginga der det ikkje er lønnsamt. Utvalet såg IKT-teknologi som eit viktig satsingsområde i distriktspolitikken.

Effektivitet er òg knytt til *styringsproblem* i forvaltninga av verkemidla. Somme verkemiddel er meir krevjande å utøve og fører til stor bruk av ressursar frå støttemottakarane for å tilpasse seg ordninga. Til dømes kan bedrifter søkje offentlege subsidiar under påskot av manglande tilgang på privat eigenkapital. Det er vanskeleg å skilje slike "rent seekers" frå dei som treng stønaden for å gjennomføre eit prosjekt.

Det er ein viktig skilnad mellom å støtte eit investeringsprosjekt og ein produksjonsfaktor som inngår i den daglege drifta. Å redusere kostnaden til ein driftsfaktor som arbeidskraft vil i dei fleste tilfella ha ein effekt på tilpassinga i bedriftene i retning av at dei nyttar meir arbeidskraft enn dei elles ville ha gjort. Dette skjer anten ved at ein let produksjonen få eit større omfang, eller ved at samansetjinga av innsatsfaktorar blir påverka. I begge tilfella gir dette ein positiv effekt for den regionale sysselsetjinga, noko som er eit viktig mål for tiltaka. Ein vil derfor i liten grad finne bedrifter som ikkje blir påverka av støttetiltaket, det vil seie som vil tilpasse seg på same vis utan støtte.

3.4 Sideeffektar og vridingseffektar i høve til marknader og regionar

Verkemiddel som skal påverke ulike *produksjonsfaktorar*, som arbeid, kompetanse, kapital, transport og FoU, vrir dei relative prisane slik at den produksjonsfaktoren som får støtte, blir relativt sett billigare. Det vil vanlegvis føre til at det blir brukt meir av denne produksjonsfaktoren. Dette er tilsikta. Samtidig kan det skapast sideeffektar som kan vere ønskte eller ikkje ønskte. Eit døme kan vere transportstøtte. Når transport blir rimelegare, vil ein kome til å bruke meir av transportenester. Dette er tilsikta, for ein vil at bedrifter i distrikta lettare skal få transportert varer til marknader utanfor deira eigen region. Ein utilsikta effekt er at auka transport også gir meir trafikk og større utslipp av ureinande gassar.

Fysisk investeringsstøtte gjer investeringar billigare. Det vil ha ein tilsikta effekt ved at verksemda får meir rasjonelle lokale, meir effektive maskinar osv., men kan òg stimulere til nyetableringar. Ein sideeffekt kan vere at verksemda kvittar seg med arbeidskraft, slik at det blir færre arbeidsplassar i støtteområda. Vurdert i eit dynamisk perspektiv kan det over tid føre til investering i ny teknologi som aukar verdiskapingspotensialet på sikt.

Investeringar i *kompetansetiltak* verkar på dei relative prisane i arbeidsmarknaden ved å gjere kompetanse billigare. Det kan gi tilsikta vridingseffektar fordi kompetanse blir relativt sett billigare, noko som kan stimulere til fleire kompetansearbeidsplassar. Det same kan gjelde ved nedskriving av studielån. I

arbeidsmarknaden kan dette verkemiddelet til dømes føre til at arbeidstakaren godtek lågare lønn enn elles. Verkemiddelet kan føre til auka tilbod av kompetanse og på den måten redusere marknadslønna.

Støtte til kompetanse eller FoU har den tilsikta effekten at desse produksjonsfaktorane blir relativt sett billigare og meir ressursar vil gå til desse formåla. Fordi noko av gevinsten ved investering i kompetanse og FoU også kjem andre til gode enn dei som ber kostnadene, blir det investert for lite i slike tiltak dersom ein overlet det til marknaden. Her vil tiltaket redusere ein uheldig sideeffekt.

Ein type sideeffektar er at *konkurransen blir vridd* mellom støtteområda og område som ikkje har støtte. Relativt sett vil støtta føre til at det blir rimelegare å drive næringsaktivitet i område med støtte. Dette er ein tilsikta effekt. Formålet med støtte er dels å utløyse verdiskapingspotensialet i ein region, dels å vri aktiviteten frå sentrale område til støttesonene. Ein ikkje tilsikta effekt vil vere om ei bedrift som får støtte, konkurrerer ut ei anna bedrift i det same området slik at den samla effekten på sysselsetjing og produksjon i beste fall blir liten.

3.5 Generelle og selektive verkemiddel

Tiltak som er *søknadsbaserte*, blir kalla selektive tiltak. Midlane blir delte ut til mottakarane etter ei individuell vurdering av søknadene, vanlegvis etter fastlagde kriterium og innanfor ei budsjettamme. Typiske døme er dei bedriftsretta verkemidla til Innovasjon Norge.

Generelle verkemiddel er ordningar der alle som tilfredsstiller fastlagde kriterium, *har rett på støtte*. Er kriteria oppfylte, krevst det inga vurderingsbasert avgjerd. Slike kriterium kan til dømes vere at mottakaren er busett i støtteregionen. Slike verkemiddel råkar ofte ei breiare og meir generell gruppe av mottakarar enn det dei selektive verkemidla gjer. Den økonomiske definisjonen av generelle og selektive verkemiddel vik litt av frå den juridiske definisjonen, som er omtalt i kapittel 2.

Viktige fordelar med selektive verkemiddel er *treffgraden og budsjettkontrollen*. Ein kan kontrollere kven som får tildelt midlar, og kor mykje dei får. Eit selektivt verkemiddel siktar mot å unngå at ein gir støtte til eit prosjekt som likevel ville ha blitt gjennomført. For eit budsjett vil ei slik ordning gjerne bety at ein kan variere støtta etter behovet i dei ulike prosjekta. Dette kan gi eit rimelegare verkemiddel, og innanfor ei budsjettamme kan eit selektivt verkemiddel ofte verke meir målretta og effektivt.

Selektive verkemiddel er meir fleksible, og ein kan lettare drive motkonjunkturpolitikk dersom det er ønskeleg, sidan totalsummen kan varieres frå år til år. Samstundes kan fleksibilitet også oppfattast som eit trugsmål mot stabile rammevilkår. Eit slikt verkemiddel stiller også større krav til informasjon og informa-

sjonsbehandling. Ved val av selektive verkemiddel aukar derfor dei administrative kostnadene.

Eit anna problem ved selektive verkemiddel er fare for skeivt fordelt (asymmetrisk) informasjon mellom styresmaktene og potensielle mottakarar av støtte. Det vil seie at støttemottakaren har meir informasjon enn den som deler ut støtta mellom anna om innhaldet i prosjektet, kva prosjektet faktisk kan opne for og kor avgjerande prosjektet er for framtida til bedrifta. Bedrifta vil også i regelen vite mest om korleis evna er til å gjennomføre prosjektet. Det er eit problem dersom styresmaktene ikkje kan skilje mellom prosjekt som ville ha blitt gjennomførte i alle tilfelle, og prosjekt som treng statsstøtte. Det kan føre til eit samfunnsøkonomisk tap om bedrifter endrar innretninga på prosjekta sine for å få offentleg støtte i staden for at dei blir styrte av behova til bedrifta. I tillegg til at ein kan få uheldige utfall av behandlinga av søknader, vil det krevje arbeid å skilje produktive og uproduktive prosjekt.

Generelle verkemiddel har ikkje desse seleksjonsproblema. I regional næringspolitikk vil generelle verkemiddel stort sett heller ikkje vere konkurransevidande, med mindre kriteriet for tildeling aktivt favoriserer spesielle bransjar eller typar bedrifter. Den graderte arbeidsgivaravgifta vil favorisere næringar som har ein nokså arbeidskraftintensiv produksjon. Ut over dette er verkemiddelet nøytralt overfor næringane i ein region.

Generelle kriterium vil vanlegvis føre til lågare transaksjonskostnader enn det selektive verkemiddel gjer. Eit generelt verkemiddel opnar for enklare for-

valtning og lågare tilpassingskostnader dersom ein unngår kompliserte rutinar og regelverk. Slik kan både forvaltning og bedrift spare tid og krefter i samband med behandling av støtte. I somme tilfelle har ein også verkemiddel som både er rettighetsbaserte og krev ei viss søknadsbehandling, til dømes SkatteFUNN og den nasjonale transportstøtteordninga.

Generelle reglar kan lettare gi *stabile rammer*. Det gir større tillit og aukar utsiktene til at støttemottakane tilpassar seg og tek desse rammene som gitt når dei tek langsiktige flytte- og investeringsavgjerder. Stabilitet og truverde er viktig for at eit verkemiddelet skal vere effektivt.

Eit generelt verkemiddel råkar breiare og er derfor oftast *dyrare* enn selektive tiltak fordi ein støttar også dei aktivitetane som ville ha vore gjennomførte utan støtte. At ordninga blir dyr, kan gjere sitt til at ho ikkje kan gjennomførast i stort nok omfang, slik at verkemiddelet blir mindre effektivt. Når alle får støtte, har ein ikkje budsjettdekning til å gi store summar eller omfattande skattelette til kvar enkelt bedrift. Da blir verknaden av støtta også mindre.

Styrken ved selektive verkemiddel er *treffgraden* dersom ein har open konkurranse og gode seleksjonsrutinar. Dei svake sidene ved selektive verkemiddel er at det blir stilt strenge krav for å få valt dei gode prosjekta, og det utviklar seg lett insentivproblem. Styrken ved dei generelle tiltaka er færre informasjonsproblem, mindre fare for strategiske tilpassingar, meir stabilitet og truverde og dessutan lågare administrative kostnader.

Kapittel 4

Nærings- og distriktpolitiske verkemiddel

4.1 Innleiing

4.1.1 Oversyn

Som omtalt i kapittel 2 er statsstøtte i utgangspunktet forboden for å sikre like konkurransevilkår i den felles marknaden i Europa. I nokre tilfelle er det gode grunnar for å påverke marknaden, anten fordi ein står overfor ein marknadssvikt, eller fordi den gir eit fordelingsmessig resultat som ikkje er ønskjeleg. Reglane for statsstøtte skal sikre at det også her er like vilkår.

Næringsretta tiltak som inneber statsstøtte, må kome under eit av unntaka i reglane for statsstøtte knytte til *regionalstøtte*, *horisontal støtte* og *sektorstøtte* for å vere lovlege. Eit viktig skilje er støtte til investering og støtte til drift. Støtte til drift er i strid med regelverket for statsstøtte i EU. Reglane for bagatellstøtte og unntaket for regional transportstøtte (sjå avsnitt 4.2.1 og 4.2.8) er av dei få opningane for å gi driftsstøtte i tillegg til visse unntak i samband med miljøstøtte.

Innanfor det godkjende støttekartet for regional støtte opnar òg reglane for statsstøtte for å nytte høgare støttesatsar til tiltak enn utanfor. I *avsnitt 4.1.2* gir vi derfor ein kort omtale av støttekartet for å klargjere kva geografiske område reglane for slik statsstøtte gjeld i for perioden 2000–2006.

I *avsnitt 4.2* tek vi opp dei viktigaste eksisterande næringsretta verkemidla i Noreg. Målet er å kartlegge om handlingsrommet er utnytta innanfor dei eksisterande ordningane, og om vi har eit handlingsrom innanfor EØS-reglane for nye tiltak som inneber statsstøtte. Kartlegginga vil stort sett dreie seg om tiltak som er definerte som statsstøtte, og som er omfatta av unntaka i EØS-regelverket. Kartlegginga gjeld

- kort oversyn over *gjeldande reglar* (under bokstav a),
- oversyn over eksisterande norske ordningar i forhold til dei enkelte unntaka (under bokstav b), for å finne ut om enkelte tiltak er *unytta*, om nasjonale vedtak inneber ei innsnevring av det handlingsrommet EØS-reglane gir, og om praktiseringa av verkemidla inneber at handlingsrommet ikkje blir utnytta (under bokstav c).

I *avsnitt 4.3* ser vi på ordningar retta mot infrastruktur. Vi nyttar ein vid definisjon som omfattar både fysisk infrastruktur og dei tilretteleggjande strukturane som til dømes organisering av kunnskapsparkar, næringshagar, selskap for utvikling og marknadsføring av ein

region. Her ser vi på grensa mellom kva som blir rekna som statsstøtte, og kva som fell utanfor regelverket for statsstøtte.

I *avsnitt 4.4* ser vi på reglane for kjøp og sal av offentlig eigedom og bygningar. Kjøp og sal av varer og tenester mellom det offentlege og ei næringsverksend må skje etter marknadsvilkår for ikkje å bli rekna som statsstøtte.

I *avsnitt 4.5* tek vi for oss døme på personretta tiltak for regional utvikling.

I *avsnitt 4.6* omtaler vi handlingsrommet innanfor inntektssystemet til fylke og kommunar som regional utviklingsaktør.

I *avsnitt 4.7* presenterer vi eit utval av relevante tiltak som finst i andre EØS-statar. Vi har valt å sjå mest på Finland og Sverige, som på same måten som Noreg kan gi regionalpolitisk støtte etter artikkel 61(3)(c) i EØS-avtalen, og i mindre grad dei statane som også har 61(3)(a)-regionar. Finland og Sverige har mange av dei same problema som Noreg med omsyn til vedvarande periferi- og avstandsproblem, som nedgang i folketal og lange avstandar til sentrale marknader i store delar av landet.

I *avsnitt 4.8* gir vi eit oversyn over EUs strukturfond. Strukturfonda må følgje dei same reglane for statsstøtte som dei tiltaka nasjonale styresmakter set i verk.

Sidan reglane for statsstøtte er ein del av eit dynamisk system og det er varsla endringar i reglane for regionalstøtte frå 2007, blir forslaga frå Kommisjonen til desse og andre nye reglar på statsstøtteområdet (som blir revidert på ulike tidspunkt) nemnde i *avsnitt 4.9*.

Både når det gjeld dei bedriftsretta verkemidla i Noreg (avsnitt 4.2), infrastrukturtiltak i vid forstand (avsnitt 4.3) og relevante tiltak i andre EØS-statar (avsnitt 4.5), hadde det vore ønskjeleg om utvalet kunne ha gått noko djupare inn på handlingsrommet, til dømes i lys av dei tiltaka som er føreslått i dei regionale handlingsplanane. Det bør vurderast om arbeidet til utvalet på nokre punkt bør vidareførast i seinare arbeid.

4.1.2 Den geografiske avgrensinga av det distriktpolitiske støttekartet

Unntaka for næringsretta tiltak med regionalpolitiske mål kan nyttast innanfor *det godkjende distriktpolitiske verkeområdet*, etter dette kalla *støttekartet* (sjå figur 4.1).

Boks 4.1 Om krav til regional støtte og fastsetjinga av det norske støttekartet

Artikkel 61(3) bokstav a i EØS-avtalen tillet støtte til område med eit inntektsnivå målt ved regional BNP/capita under 75 prosent av EØS-snittet. I slike område kan det bli gitt investeringsstøtte med opptil 75 prosent av investeringskostnadene, og det kan bli gitt driftsstøtte. Noreg har sidan 1998 ikkje hatt slike område.

Støtte etter artikkel 61(3) bokstav c kan bli gitt til område som har andre problem enn høg arbeidsløyse og låg inntekt. Låg befolkningstettleik (under 12,5 innbyggjarar per kvadratkilometer) er her eit sjølvstendig kriterium.

At eit område fyller kriteria for regional støtte, gir ikkje statane einsidig myndigheit til å fastsetje verkeområdet (støttekartet). EFTA-statane må notisere eit område til ESA, som så skal godkjenne både grunnlaget for støtte, det foreslåtte verkeområdet og støttegrensene for ein bestemt periode. I kapittel 25 i retningslinjene for ESA for statsstøtte står det korleis det nasjonale støttekartet skal avgrensast.

Det norske støttekartet er utforma på grunnlag av kriteriet om lågt folketal per kvadratkilometer,

som etter retningslinjene for statsstøtte gir grunnlag for særskild regionalpolitisk statsstøtte i delar av landet. Dette blei forhandla fram i EØS-forhandlingane, og det vart vidare konkretisert i medlemskapsforhandlingane mellom EU og dei tre nordiske søkjarlanda.

I område der folk bur spreidd, er det i tillegg til investeringsstøtte også opna for støtte som utgjer ein meir varig kompensasjon for kostnader i samband med store avstandar og usentral lokalisering, men berre som direkte transportstøtte og berre etter særskild dokumentasjon av faktiske ekstra transportkostnader for næringslivet. Til grunn for inndelinga ligg ein analyse på kommunenivå, basert på indikatorar som skal spegle geografiske og demografiske forhold, arbeidsmarknad og inntektsnivå, og supplert med nasjonalt skjønn. Av desse er det lagt sterkast vekt på geografi, særleg sentralitet. Grunngivinga for det er at den distriktpolitiske innsatsen skal vere ein ekstra innsats for næringsutvikling for å kompensere for avstandsulempar og kostnadsfaktorar i samband med avstandsulempar, små marknader og lågt folketal.

Det aktuelle norske støttekartet gjeld for perioden 01.01.2000–31.12.2006. Støttekartet er delt i *tre prioriteringsområde*: A, B og C (sjå figur 4.1 og vedlegg 3) og omfattar om lag 25 prosent av folkemengda i Noreg.

Som vi ser av figuren, dekkjer område A Finnmark og Nord-Troms, område B er resten av Nord-Noreg, dei nordlegaste delane av Nord-Trøndelag og dei svakaste fjellområda i Sør-Noreg, mens område C utgjer resten av områda i Sør-Noreg med utkantproblem. Inndelinga speglar ei prioritering av verkemiddelinnsetts etter kor store utfordringar områda står ovanfor. Det er berre dei tre nordnorske fylka som fullt ut er med i støttekartet. Desse tre fylka oppfyller kravet om samla folketal på under 12,5 innbyggjarar per km², og ytterlegare grunngeving er derfor ikkje nødvendig i forhold til ESA.


I praksis blir dette støttekartet i dag først og fremst knytt til ulike maksimalsatsar for distriktsretta investeringsstilskot. Men det distrikts- og regionalpolitiske støttekartet er òg utgangspunkt for verkeområdet for den nasjonale transportstøtteordninga. For *transportstøtte* gjeld ei særskild geografisk avgrensing (eit eige *transportstøttekart*) innanfor støttekartet. Kartet er teke med i vedlegg 4.

I tillegg til støttekartet har Noreg eit område D, der ein ikkje kan gi distriktsutviklingstilskot til næringslivet, men der kommunane tidlegare kunne få

støtte frå Kommunal- og regionaldepartementet til *tilretteleggjande tiltak* for næringsutvikling. Område D er såleis ikkje relevant når det gjeld statsstøtte, og er ikkje ein del av det støttekartet som er godkjent av ESA. Når vi i denne rapporten bruker omgrepet *støttekartet*, meiner vi derfor områda A, B og C.

Det er *ikkje fullt samsvar* mellom støttekartet og det geografiske verkeområdet for den graderte arbeidsgivaravgifta. Tolv kommunar ligg i sone 2 for den graderte arbeidsgivaravgifta, men utanfor støttekartet. Dette gjeld kommunane Frosta i Nord-Trøndelag, Herøy, Haram og Aukra i Møre og Romsdal, Flora, Førde og Naustdal i Sogn og Fjordane, Bømlo og Tysnes i Hordaland, Iveland og Evje og Hornnes i Aust-Agder og Nord-Odal i Hedmark.

Desse kommunane fekk høgare arbeidsgivaravgift med omlegginga frå 01.01.2004, men kjem altså ikkje inn under dei gunstige reglane for bruk av verkemiddel som gjeld innanfor støttekartet. For *desse kommunane* må ein derfor grunngi tiltak ut frå dei generelle reglane som gjeld for landsdekkjande støtte, til dømes støtte til FoU, opplæring eller SMB-støtte. For næringsretta støtte gjeld derfor ei noko sterkare avgrensing av handlingsrommet for kompensasjon til bedrifter i desse kommunane enn i dei andre områda som er omfatta av omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta.



Figur 4.1 Dersom unntaksreglane omkring distriktspolitisk grunna statsstøtte skal nyttast, må regionen liggje innanfor områda A, B og C på kartet. Kategoriseringa A, B og C er knytt til ei gradering av maksimalsatsar for støtte til investeringar.

4.2 Bedriftsretta verkemiddel i Noreg

Tiltak og innsats som er viktige for regional utvikling og næringsutvikling sorterer under *fleire departement og sektorbudsjett*. I avsnitt 4.2 har vi søkt å gi eit oversyn over både dei verkemidla som er spesifikt distrikts- og regionalpolitiske og dei viktigaste verkemidla på dei ordinære sektorbudsjetta som andre departement enn Kommunal- og regionaldepartementet forvaltar.

Kommunal- og regionaldepartementet forvaltar *eigne regional- og distriktspolitiske verkemiddel* under programkategori 13.50 på statsbudsjettet. Dei midlane som er sette av til dette, er eit supplement til dei ordinære sektorbudsjetta, og skal nyttast til tiltak som har ei særleg regional- og distriktspolitisk grunngiving. Målet med midlane under programkategori 13.50 er å medverke til regional utvikling ved å utløyse meir av det verdiskapingspotensialet som finst i regionane, og medverke til verdiskaping for å skape meir

attraktive regionale miljø og stader med gode bu- og leveforhold.

Frå og med 2003 blei hovuddelen av dei regional- og distriktspolitiske verkemidla under Kommunal- og regionaldepartementet *desentralisert* til regionalt nivå gjennom ansvarsreforma. Som regionale utviklingsaktørar skal fylkeskommunane forvalte verkemidla i forpliktande partnerskap med næringslivet, verkemiddelaktørar, private organisasjonar, utdanningsinstitusjonar og kommunar.

Kartlegginga av verkemiddel i avsnitt 4.2 er såleis ikkje uttømmende og omfattar ikkje dei enkelte ordningar og tiltak som dei regionale styresmaktene sjølv har etablert og forvaltar lokalt. Det gjeld til dømes ulike fond, som kommunale næringsfond, kommunale og fylkeskommunale kraftfond og liknande. I desse tilfella er det også kommunane og fylkeskommunane som er ansvarlege for å forvalte ordningane i samsvar med statstøttereglane og eventuelt notisere ordningar til ESA (via Nærings- og handelsdepartementet). Kommunal- og regionaldepartementet har sendt eit brev til alle fylka det gjeld for å gjere særskild merkam på denne problematikken. Departementet ber i brevet også om at kommunar og fylkeskommunar vurderer om det finst heimel i statstøtteregelverket for å notisere eventuelle eksisterande ordningar som kan kome i konflikt med den nye fribeløpsordninga knytt til gradert arbeidsgivaravgift.

Avsnittet er delt inn etter dei støtteformåla som er tillatne etter reglane for statsstøtte i EØS, og omtaler kort reglane i samband med desse unntaka. Til kvart av støtteformåla er det gitt eit oversyn over dei viktigaste norske verkemidla i forhold til unntaka. Deretter er det gitt ei vurdering av i kva grad reglane for statsstøtte er utnytta i dei norske ordningane, både i forhold til om det skuldast nasjonale avgrensingar eller støttepraksis. I tabellane over eksisterande ordningar er det ikkje teke med alle ordningar som går inn under bagatellreglane. I tabell 4.16 er det eit oversyn over dei formåla dei norske ordningane kan nyttast til, og omfanget av dei, der namnet på ordningane er knytte til kapittel og postar i statsbudsjettet.

4.2.1 Bagatellmessig støtte

a) Kort om reglane

I avsnitt 2.2.3.1 er det ein generell omtale av reglane for bagatellstøtte. Reglane for slik støtte er gitt i kommisjonsforordning nr. 69/2001 (12.01.2001) (sjå vedlegg 1).

Når samla støtte til eit føretak ikkje overstig *100 000 euro over ein treårsperiode* frå første tilsegn om tildeling av støtte, blir støtta ikkje rekna for å vere konkurransevridande og/eller å påverke samhandelen mellom EØS-statar. Ho blir dermed ikkje ramma av forbodet mot offentleg støtte i EØS-avtalen. *Beløpsgrensa gjeld all offentleg støtte som blir gitt som bagatellstøtte* (støtte blir kumulert).

Der eit føretak omfattar *fleire bedrifter*, gjeld grensa per føretak.

Støtte som blir gitt etter regelverket for bagatellstøtte, hindrar likevel ikkje at støttemottakaren kan få støtte som blir gitt etter *andre støtteordningar* som er godkjende av ESA i forhold til dei tillatne støtteformåla. Til dømes kan det bli gitt støtte frå ei godkjend ordning i Innovasjon Norge utan at det hindrar at det blir gitt bagatellstøtte frå ei anna ordning.

Støtte i form av bagatellstøtte kan bli gitt til *alle slags formål*, inkludert drift. Det er likevel ikkje lov å gi støtte til eksportrelaterte aktivitetar knytt direkte til eksporterte mengder, til distribusjonsnettverk eller til andre løpande utgifter i samband med eksportaktivitetar.

Ein kan per i dag ikkje nytte reglane om bagatellstøtte i *transportsektoren*. Her er det no *varsla endringar*.

b) Eksisterande ordningar

Den graderte arbeidsgivaravgifta blir vidareført innanfor grensa for bagatellstøtte (sjå avsnitt 1.3.2).

Mange eksisterande ordningar er ikkje melde til ESA. Ordningar som ikkje er melde til ESA eller til norske styresmakter gjennom forenkla melding, må praktiserast etter reglane for bagatellstøtte. All slik støtte må derfor samla sett halde seg innanfor det fastsette taket for bagatellstøtte. Skal eit føretak få støtte ut over dette, må støtta ha heimel i eit anna unntak.

Kommunale og fylkeskommunale næringsfond er berre unntaksvis melde til ESA. For 2003 blei det løyvt 63,9 mill. kroner frå fylkeskommunane til kommunale næringsfond.

Ordninga med etablerarstipend som blir administrerte av Innovasjon Norge, er heller ikkje notifisert. Her kan stipenda ikkje vere større enn 200 000 kroner (400 000 kroner for såkalla inkubatorstipend).

På budsjettet til Arbeids- og administrasjonsdepartementet er det ei ordning med lønnstilskot som skal fremme tilsetjing av svake grupper av arbeidssøklarar (for yrkeshemma er det eigne ordningar). Denne ordninga er ikkje tilpassa sysselsetjingsforordninga og blir gitt som bagatellstøtte og administrert av Aetat. Ordninga blir gjennomgått i forhold til forordningane om sysselsetjing og opplæring.

Støtteordningar som først og fremst er retta mot landbruksnæringsane (mellom anna bygdeutviklingsmidlane) er ikkje notifiserte til ESA. I den grad slike ordningar blir nytta til verksemdar som er omfatta av EØS-avtalen, blir støtta gitt som bagatellstøtte.

I tillegg hender det at støtteordningar som er *notifiserte for andre formål*, blir nytta i forhold til bagatellreglane. I retningslinjer for Innovasjon Norge heiter det mellom anna at støtte etter bagatellreglane berre skal nyttast unntaksvis, og berre dersom formålet med prosjektet ikkje kjem innanfor nokre av dei andre tillatne støtteformåla. Vidare kan bagatellstøtte bli gitt ut frå desse ordningane om ein vurderer det som nødvendig å gi støtte som overskrider dei fastsette maksimalsatsane for dei ulike tillatne støtteformåla.

Kompetanseutviklingsprogrammet under Undervisnings- og forskningsdepartementet nyttar òg bagatellstøtte for denne ordninga.

c) Gjenverande handlingsrom

Den graderte arbeidsgivaravgifta har prioritet som bagatellstøtte. Det fører i mange tilfelle til at føretak utnyttar moglegheitene til å få slik støtte fullt ut. Dermed kan desse føretaka ikkje få meir bagatellstøtte. Til dømes vil dei kommunale og fylkeskommunale næringsfonda som ikkje er notifiserte, i avgrensa grad kunne nyttast til bedriftsretta støtte.

Utvalet har ikkje hatt tid til å undersøkje i detalj kor mange eksisterande ordningar som berre blir nytta etter bagatellreglane. Men dei fleste kommunale næringsfonda kan vere det viktigaste dømet på slike ordningar. Det ligg derfor eit auka handlingsrom i å *notifisere dei kommunale næringsfonda* i forhold til dei tillatne støtteformåla. Om dei berre blir nytta til formål innanfor gruppeunntaka, vil det vere enkelt å få til notifisering.

Tabell 4.1 viser at mellom 5 og 15 prosent av føretaka i dei aktuelle regionane fullt ut vil nytte det handlingsrommet som bagatellstøtte utgjør i samband med den graderte arbeidsgivaravgifta. For dei andre 85–95 prosentane vil det vere att noko handlingsrom innanfor bagatellstøttereglane. Det vil gjelde mindre føretak, særleg i sone 2. For nystarta bedrifter og bedrifter med få tilsette vil bagatellstøttereglane vere eit handlingsrom, til dømes ved etablerarstipend.

4.2.2 Støtte til nyinvesteringar

a) Kort om reglane

Reglane for støtte til nyinvesteringar innanfor støttekartet er omtalte i ESAs retningslinjer kapittel 25. Vidare er reglar for støtte til nyinvesteringar gitt i kommisjonsforordning nr. 70/2001 om støtte til SMB (vedlegg 1).

Dette er typiske døme på *aktiva* som det kan ystast investeringsstøtte til:

1. bygningar
2. anlegg
3. maskinar
4. grunnlagsinvesteringar¹
5. utgifter til kjøp av patentrettar, lisensar og teknisk kunnskap

Med *nyinvesteringar* er det meint ei investering med ein viss kapital i samband med anten

1. oppstart av ei *ny verksemd*
2. *utviding* av ei eksisterande verksemd

1. Unntak: Støtte til grunnlagsinvesteringar i samband med offentleg tilrettelagde næringsområde blir ikkje rekna som statsstøtte, men i den grad slike område blir selde eller utleigde til bedrifter til subsidierte prisar, kjem reglane for statsstøtte i bruk.

Tabell 4.1 Tal på verksemder i sonane og del av verksemder og årsverk som etter omlegginga av arbeidsgivaravgifta får avgiftsauke ut over det bagattellstøtta dekkar

Sone	Verksemder i alt	Verksemder som nyttar bagattellstøtta fullt ut, i prosent	Årsverk i alt	Årsverk som nyttar bagattellstøtta fullt ut, i prosent
2	10 400	5	99 700	39
3	2 500	16	19 000	40
4	9 900	14	83 100	49
Sum	22 800	10	201 800	44

Kjelde: Finansdepartementet

3. oppstart av ein aktivitet som inneber fundamentale *endringar* av produktet eller produksjonsprosessen for ei eksisterande verksemd

Investeringar til *utskifting av utstyr* fell utanfor. Det same gjeld investeringar i form av *finansiell restrukturering*.

Støtta blir rekna som prosent av *verdien til investeringa*. Verdien blir fastsett på basis av standard kostnader for grunnen, bygningane og anlegg/maskinar. Det er gitt nærmare reglar for verdsetjinga av immaterielle rettar (patent osv.). Støtta må reknast om til ei nettoeining ("*net grant equivalent*", forkorta NGE) slik at ho kan samanliknast prosjekta og landa imellom. Detaljerte reglar for utrekningane følgjer av vedlegg X til ESAs retningslinjer.

Lovleg støtte er avgrensa til ein *viss prosent NGE* avhengig av arten og intensiteten i utfordringane i regionen. For Noreg gjeld maksimalgrensene for støtte slik det er vist i tabell 4.2. Støtte til slike investeringar vil variere innanfor støttekartet med verkeområdet og storleiken på bedrifta. Tabellen syner òg at berre innanfor støttekartet er det er lov å gi slik støtte *til store bedrifter*.

Med omsyn til sektorar der det finst eigne sektorregelverk, til dømes skipsbyggingsindustri, gjeld desse regelverka (sjå avsnitt 4.2.11 om sektorstøtte).

For *store regionale prosjekt* som mottek støtte etter regionalstøtteregelverket, gjeld ei særleg meldeplikt til ESA når anten

- den totale *prosjektkostnaden* er over 50 mill. euro, samla støtte til bedrifta eller prosjektet utgjer meir enn halvparten av den regionale grensa for støtte til større bedrifter i området og støtta per ny eller oppretthalden arbeidsplass er minst 40 000 euro

eller

- den samla *støtta* er over 50 mill. euro

b) Eksisterande ordningar

I tabell 4.3 er det berre dei tre første ordningane som er notifiserte i forhold til dei høgare maksimalsatsane som gjeld i støttekartet.

I tillegg kan nemnast at for LNG-anlegg (Snøhvit) er det vedteke ekstra høge avskrivingsatsar (33,3 prosent) baserte på regional investeringsstøtte for store regionale investeringsprosjekt, sjå Ot.prp. nr. 84 (2001–2002). Dette er ikkje ei fast ordning, men eit døme på ein enkelt notifikasjon for eit større regionalt prosjekt.

Først og fremst blir støtte til investeringar gitt som investeringstilskot, men også til dømes gunstige lån

Tabell 4.2 Maksimale støttesatsar (prosent av utrekningssgrunnlaget) til fysiske investeringar

Verkeområde ¹⁾	SMB ²⁾	Store bedrifter
Sone A	30	25
Sone B	25	20
Sone C	20 ³⁾	10
Utanfor støttekartet	Små bedrifter	0
	15 Mellomstore bedrifter 7,5	

¹⁾ Sjå figur 4.1.

²⁾ Sjå avsnitt 2.2.3.4.

³⁾ Til prosjekt med forventa høg distriktspolitisk effekt kan 25 % støtte gis til SMB og 15 % nyttast til store bedrifter.

Tabell 4.3 Eksisterande norske ordningar som kan nyttast til å støtte investeringar

Verkemiddel	Kap./post	Ansv. dep.	Operatør	Merknader
Distriktsretta risikolån	551/60*	KRD	IN	
Investeringsstilskot	551/60*	KRD	IN	
Distriktsretta låneordning	2420/96	NHD	IN	Med ei øvre utlånsramme på 500 mill. kr og eit tapsfond på 75 mill. kr (15 % av utlåna)
Landsdekkjande risikolån	2421/50	NHD	IN	
Landsdekkjande garanti	2421/50	NHD	IN	Blir i svært liten grad nytta innanfor støttekartet
Landsdekkjande tilskot	2421/50	NHD	IN	

* 551/60 er midlar til fylkeskommunane til verkemiddel for regional utvikling. Desse kan mellom anna nyttast til risikolån og investeringsstilskot.

og garantiar blir nytta. Dei maksimale støttesatsane gjeld for *den samla støtta til prosjektet*, same kva form det er og medrekna støtte frå alle offentlege kjelder. Når det gjeld lån, er det berre den *utrekna tapsrisikoen* i dei ulike prosjekta som blir belasta dei tildelte rammene. (I gjennomsnitt skal tapsrisikoen ikkje overstige 40 prosent av tildelte lån.)

Løyvingane under ordninga med investeringsstilskot blir fordelte til *fylkeskommunane*. Fylkeskommunane gir ein del av pengane vidare til *Innovasjon Norge*. I utgangspunktet kan midlane som blir tildelte Innovasjon Norge, nyttast til tilskot (investeringsstilskot og ulike former for bedriftsutviklingsstilskot) og til tapsfond knytte til risikolåna til Innovasjon Norge. Innovasjon Norge fordeler pengane mellom tilskot og lån.

Tilskota til dei bedriftsretta verkemidla og investeringsstilskot er reduserte dei siste ti åra. Innanfor ramma har ein framfor fysiske investeringar prioritert *immaterielle investeringar*, til dømes utviklingsprosjekt, FoU og kompetanseutvikling. Det er også lagt vekt på at nyskappingsprosjekt med høg risiko skal få ein større del av tilskota enn prosjekt med lågt innovativt innhald, til dømes utvidingar og rasjonaliseringar. For støtte til slike prosjekt blir lån rekna som meir høveleg.

I retningslinjene for tilskot heiter det at tilskotet skal føre til at samfunnsøkonomisk lønnsame prosjekt blir *bedriftsøkonomisk lønnsame*. Utmålinga av tilskot skal såleis gjere det mogleg for bedrifta å gjennomføre prosjektet. Omfanget av tilskotet blir gradert av Innovasjon Norge frå null og opp til maksimalsatsen for det aktuelle området og ut frå storleiken på bedrifta. SMB skal prioriterast.

c) Gjenverande handlingsrom

I samband med vedtaket om støttekartet for Noreg blei det samtidig fastsett maksimalsatsar for støtta. Tabell 4.4 viser dei gjennomsnittlege støttesatsane som blei nytta i 2003 i forhold til maksimalsatsane i dei ulike *områda* og etter *storleiken på bedrifta*.

Tabell 4.4 viser den gjennomsnittlege støttesatsen og samla støtte samanlikna med dei samla prosjektkostnadene. Den gjennomsnittlege støttesatsen gjeld støttesatsen i kvart enkelt prosjekt. At samla støtte gir lågare satsar, kjem av at store prosjekt gjennomgåande får mindre støtte. Vidare går det fram av tabellen at maksimalstøttesatsane i gjennomsnitt ikkje blir nytta fullt ut, same kva utrekningsmåte ein nyttar. Ein ser òg at det er svært få bedrifter med fleire enn 100 tilsette som har fått tilskot.

Det er ikkje uvanleg at det samtidig med investeringsstilskot også blir gitt lån slik at *den samla offentlege finansieringsdelen* er høgare enn det tabellen viser. Likevel vil det vere *eit rom* for å auke tilskota i forhold til maksimalsatsane som gjeld for investeringar.

Dei *nasjonale retningslinjene* for slik støtte er at tilskot først og fremst skal bli gitt til nyskappingsprosjekt med *stor risiko*. Derfor er det mange prosjekt som ikkje blir vurderte som aktuelle for investeringsstilskot. Her er det eit handlingsrom for at andre typar prosjekt kan få støtte.

At det ut i frå retningslinjene for Innovasjon Norge *ikkje skal bli gitt tilskot i større omfang enn nødvendig* for at prosjekta kan bli gjennomførte, er også ei nasjonal avgrensing. ESA stiller ikkje krav til slik utløysande effekt så lenge ein held seg innanfor maksimalgrensene og ESA har godkjent ordninga.

Dei tre siste ordningane som er nemnde i tabell 4.3 (*landsdekkjande ordningar*), er ikkje notifiserte etter

Tabell 4.4 Investeringstilskot tildelt i 2003, gjennomsnittlege støttesatsar etter lokaliseringa av verksemdene (verkeområde A–C) og storleik

Verkeområde	Maksimal støttesats SMB	Kor mange tilseger	Gjennomsnittlig støttesats for prosjekta	Samla støtte i prosent av prosjekt kostnadene	Samla støtte (1000 kr)
A	30 %	28	20,2 %	12,4 %	10 456
B	25 %	133	18,9 %	14,8 %	68 129
C	20 %	65	16,5 %	9,7 %	34 444
Bedriftsstorleik					
0–19 tilsette		182	19,3 %	14,9 %	75 841
20–99 tilsette		40	13,5 %	8,9 %	31 788
100–250 tilsette		4	11,9 %	10,2 %	5 400
250+ tilsette		0	–	–	
Totalt		226	18,3 %	12,5 %	113 029

Kjelde: Innovasjon Norge

dei regionale reglane, men etter dei generelle. Bruken av dei er konsentrert til dei sentrale områda (og ikkje til å støtte fysiske investeringar). Dette er eit døme på at ordningar som i prinsippet er landsdekkjande, berre blir nytta i delar av landet.

Når det gjeld støtte til nyinvesteringar, *kan handlingsrommet aukast* ved at

- maksimalstøttesatsane blir *utnytta i større grad*
- investeringstilskot blir gitt i større grad til formål med eit *lågare innovativt innhald*
- *store bedrifter* i større grad får tilskot

4.2.3 Støtte til sysselsetjing

a) Kort om reglane

ESAs retningslinjer om regional støtte kapittel 25.4 (22)–(25) inneheld reglar for støtte til jobbskaping. Ein kan også gi støtte til auke i sysselsetjing gjennom gruppefritaket som er gitt i *kommisjonsforordning* nr. 2204/2002 (12.12.2002), sjå vedlegg 1.

Tabell 4.5 gir dei lovlege maksimalsatsar for støtte.

Jobbskaping ved nyinvesteringar under regional støtte

Etter reglane for jobbskaping i ESAs retningslinjer for det regionale regelverket (kapittel 25) er det ein føresetnad at støtta berre blir gitt i samband med eit prosjekt som inneber *fysiske investeringar*. I slike tilfelle kan det til eitt og same prosjekt berre bli gitt støtte til nyinvesteringa *eller* til jobbskapinga som følger av denne. Det krevst da ein nettoauke i talet på årsverk. Støtta må ikkje overstige ein viss prosent-sats av bruttolønn og sosiale kostnader for det nye årsverket, rekna over ein toårsperiode. Taket vil vere det same som for investeringsstøtta i regionen. Støtta må føre til at det nye årsverket varer over ein femårsperiode.

Satsane for støtte er dei same både når det gjeld nyinvesteringar og nyttilsetjingar, men *utrekningssgrunnlaget* for dei to er ulike. Dermed kan støttebeløpa bli ulike. Oftast vil støtte til nyinvesteringane vere mest tenleg for kapitalintensive verksemdar. Verksemdar med meir avgrensa bruk av lokale og maskinar og som samtidig vil auke sysselsetjinga, vil vere meir tente med støtte til sysselsetjing.

Sysselsetjing

I gruppefritaket om støtte til sysselsetjing er det *ikkje ei slik binding* om at støtte til auka sysselsetjing berre kan bli gitt i samband med fysiske investeringar. I kortform er reglane for støtte til sysselsetjing desse:

- Det kan bli gitt støtte til ein auke i sysselsetjinga i verksemdene gjennom delvis dekning av lønns-kostnader inkludert sosiale utgifter.
- Det må skje ein nettoauke i sysselsetjinga i verksemda for å kunne gi støtte.
- Det er berre lov å gi sysselsetjingstøtte i to år.
- Det er eit krav at den auka sysselsetjinga blir hal-den ved lag over ein periode på minst tre år (to år for SMB). Det er eit krav at dei som blir tilsette som følgje av auka sysselsetjing, ikkje hadde ein jobb, eller at dei hadde mist eller er i ferd med å miste tidlegare jobb i verksemda.
- Det er spesielt gunstige reglar for tilsetjing av personar som kan ha problem på arbeidsmarknaden, til dømes ungdom, innflyttarar, etniske minoritets-grupper og handikappa.

b) Eksisterande norske ordningar

Når det gjeld støtte til *jobbskaping* nedfelt i retningslinjene for regional støtte, er ikkje dei distriktsretta verkemidla som Innovasjon Norge behandlar, notifiserte med dette formålet.

Tabell 4.5 Maksimalsatsar (prosent av lønnskostnader) for støtte til jobbskaping og sysselsetjing

Område	SMB	Store bedrifter
A	30	25
B	25	20
C	20	10
Utanfor støttekartet	7,5 – mellomstore og 15 – små bedrifter	0

Også når det gjeld reglane om støtte til *sysselsetjing*, er ingen norske støtteordningar notifiserte til ESA for dette formålet, verken gjennom spesielle ordningar eller ved bruk av ei eller fleire i eksisterande ordningar.

Som nemnt i avsnitt 4.2.1 om bagatellstøtte vurderer Arbeids- og administrasjonsdepartementet for tida ei ordning med *lønnstilskot* etter reglane for sysselsetjingsstøtte.

c) Gjenverande handlingsrom

Her er det eit handlingsrom for å nytte ordningar som i dag er lite nytta. Handlingsrommet er *større innanfor sysselsetjing* enn jobbskaping i samband med regionale investeringar. Det kan òg *opnast* for at det kan bli gitt støtte frå fleire av dei eksisterande ordningane til sysselsetjing. Ei slik utviding av ordningane kan måtte notifierast til ESA. Støtte til sysselsetjing går inn under gruppeunntaka. I den grad det blir opna for støtte etter denne kommisjonsforordninga, er melding til ESA ikkje nødvendig, berre ei forenkla melding til Nærings- og handelsdepartementet. Dersom ordninga til Arbeids- og administrasjonsdepartementet blir tilpassa sysselsetjingsdirektivet, bør ein vurdere om opninga for høgare tilskotssatsar innanfor støttekartet bør nyttast.

4.2.4 Støtte til opplæring

a) Kort om reglane

Kommisjonsforordning nr. 68/2001 (12.01.2001) gir gruppefritak frå notifieringsplikta for støtte til opplæring, sjå vedlegg 1. Tabell 4.6 gir dei lovlege maksimalsatsar for slik støtte.

I regelverket skil ein mellom *spesiell* og *generell opplæring*:

- *Spesiell opplæring* er definert som fagleg opplæring som dei tilsette kan bruke i deira noverande og framtidige stillingar i den støtta verksemda, og som gir kvalifikasjonar som ikkje eller berre i liten grad kan overførast til andre verksemdar eller arbeidsområde.
- *Generell opplæring* er definert som fagleg opplæring som i det vesentlegaste kan nyttast i den noverande eller den framtidige stillinga for den tilsette i den støtta verksemda, men som gir kvalifikasjonar som kan overførast til andre bedrifter eller arbeidsområde, og som slik betrar sjansane for den tilsette på arbeidsmarknaden.

Dei *kostnadene* det kan bli gitt støtte til å dekkje, omfattar

- personalkostnader til undervisningspersonell, kursleiar osv.
- reiseutgifter for undervisningspersonell og andre tilsette
- andre løpande utgifter, til dømes kursmateriell
- verdiforringing av verktøy og utstyr i den grad dei utelukkande blir nytta til opplæringsprosjektet
- utgifter til rettleiing og konsulenttenester i samband med opplæringsprosjektet
- personalutgifter avgrensa til omfanget av dei andre kostnadselementa som er nemnde i strekpunkta ovanfor

b) Eksisterande norske ordningar

Det er få av *tilsegnene* i 2003 for dei tre sistnemnde ordningane i tabell 4.7 som har gått til reine opplæringsprosjekt. Av dei samla tilsegnene frå ordninga til Innovasjon Norge med bedriftsutviklingstilskot vil dei til dømes vere berre om lag 8 prosent. Opplæring og

Tabell 4.6 Maksimale støttesatsar (prosent av utrekningsgrunnlaget) for støtte til opplæring

Område	SMB		Store bedrifter	
	Spesiell opplæring	Generell opplæring	Spesiell opplæring	Generell opplæring
A, B og C	40	75	30	55
Utanfor støttekartet	35	70	25	50

Tabell 4.7 Eksisterande norske ordningar som kan nyttast til opplæring

Verkemiddel	Kap./post	Ansv. dep.	Operatør	Merknader
Bedriftsintern opplæring	1594/70	AAD	Aetat	
Kompetanseutviklings-programmet	259/21	UFD	VOX	
Bedriftsutviklings-tilskot	551/60	KRD	IN	
Nasjonale tiltak for regional utvikling	551/72	KRD	IN/NFR/SIVA	Tilsegn gjelder berre IN
Landsdekkjande utviklings-tilskot	2421/50	NHD	IN	

kompetanseheving er derimot ofte eit viktig element i prosjekt som er notifiserte etter andre formål.

c) Gjenverande handlingsrom

Det er eit klart handlingsrom for *nye* tiltak innanfor gruppefritaket. Dersom ein er innanfor dette, så er det inga notifikasjonsplikt til ESA, berre ei meldeplikt til departementet.

Ordningane i tabell 4.7, med unntak av bedriftsintern opplæring, er notifiserte for å kunne nyttast til opplæring og med maksimalt tillatne støttesatsar inkludert høgare satsar innanfor støttekartet. I kor stor monn dei maksimale satsane blir nytta, har det ikkje vore mogleg å få oversyn over.

4.2.5 Støtte til konsulentbistand og andre tenester

Reglane før støtte til konsulentbistand og liknande er gitt i *kommisjonsforordning* nr. 70/2001 (12.01.2001) som omhandlar eit gruppefritak for støtte til SMB (sjå vedlegg 1).

a) Kort om reglane

Støtte kan berre bli gitt til SMB. Det kan bli gitt støtte til å dekkje *kostnader* i samband med tenester som blir utført av eksterne konsulentar. Ein kan ikkje gi støtte til slike tenester som inngår i dei vanlege driftskostnadene til bedriftene, til dømes rutinemessing hjelp til skatte-spørsmål, juridisk bistand og marknadsføring. Deltaking på messer og utstillingar kan støttast, men berre første gong ei bedrift er med på ei spesiell messe eller utstilling.

Den *maksimale støttesatsen* til desse formåla er 50 prosent av utgiftene utan at ein skil mellom verkeom-råda. Ein kan gi slik støtte i heile landet.

b) Norske støtteordningar

Tabell 4.8 gir eit oversyn over dei viktigaste eksisterande norske ordningar som kan nyttast til støtte til konsulentbistand og liknande. I hovudsak gis tilskot. Lån er ei mindre eigna støtteform til denne typen prosjekt.

c) Gjenverande handlingsrom

Det er *handlingsrom* for støtte til små og mellomstore bedrifter etter desse reglane. Støtte til SMB høyrer inn under gruppeunntaka. Dette forenkler ein eventuell notifikasjonsprosess.

Prosjekt med dette formålet vil ofte vere relativt små. Støtte frå dei *kommunale næringsfonda* kan vere gitt til slike prosjekt som bagatellstøtte. Ei notifisering av desse fonda vil gi større handlingsrom for anna bagatellstøtte.

4.2.6 Støtte til forskning og utvikling

a) Kort om reglane

Retningslinjene for støtte til forskning og utvikling (FoU) er gitt i ESAs retningslinjer i *kapittel 14*. Tabell 4.9 gir dei lovlege maksimalsatsar for slik støtte i Noreg.

Ein kan gi støtte til prosjekt med formål å utvikle *nye produksjonsmetodar, produkt eller tenester*. Støtte til FoU kan bli gitt i heile landet og til både SMB og store bedrifter, men dei tillatne støttesatsane er høgare inn-anfor støttekartet.

Regelverket skil mellom *grunnforskning, industriell forskning og utviklingsaktivitetar før kommersialisering*, der dei tillatne støttesatsane blir reduserte dess nær-mare verksemda er marknaden.

Tabell 4.8 Eksisterande norske ordningar som kan nyttast til støtte ved konsulentbistand osv.

Verkemiddel	Kap./post	Ansv. dep.	Operatør	Merknader
Bedriftsutviklingstilskot	551/60	KRD	IN	
Landsdekkjande utviklingstilskot	2421/50	NHD	IN	

Boks 4.2 Støtte til eksportfremmande tiltak

Eksportstøtte er omtalt i kommisjonsforordning nr. 69/2001 om bagatellstøtte og i kommisjonsforordning nr. 70/2001 om støtte til SMB. ESAs retningslinjer, kapittel 17A, handlar om kortsiktige eksportkredittgarantiar.

Reglane for eksportstøtte er nokså strenge. Eksportstøtte er definert som eksportrelaterte aktivitetar som er direkte knytte til eksporterte mengder, etablering og drift av distribusjonsnettverk eller andre løpande utgifter knytte til eksportaktivitetar.

I kommisjonsforordninga om SMB går det fram at det kan ystast støtte til "Konsulentbistand og andre tenester og aktivitetar" med inntil 50 prosent av kostnadane, sjå også avsnitt 4.2.5. Slik støtte kan ikkje bli gitt til arbeid som omfattar kontinuerlege eller periodiske aktivitetar eller gjeld dei vanlege driftskostnadene til verksemdene (til dømes vanlege eksportaktivitetar). Kostnader i samband med deltaking på messer og utstillingar kan likevel dekkjast første gong ei verksemd er med på ei bestemt messe eller utstilling. I tråd med ESAs vurderingar omfattar desse konsulenttenestene også tiltak som er eksportretta.

Frå ESA si side er det understreka at ein ikkje kan gi støtte til ei verksemd som alt er etablert som eksportør, og at interne kostnader ikkje kan inngå i støttegrunnlaget. Støtta må vidare vere eit eingongstilfelle. Det typiske tiltaket skal omfatte overføring av kunnskap og informasjon. Dette kan i somme tilfelle omfatte deltaking på seminar. Etablering av nettverk mellom verksemdar for samarbeid om forretningstenester kan få støtte. Vidare skil ein mellom støtte til eksportframstøytar i eller utanfor EØS-området, der det vil bli sett lempelegare på støtte i det siste tilfellet.

I samband med notifikering av støtteordningar da EØS-avtalen tok til å gjelde i 1994, blei nokre ordningar som mellom anna Eksportrådet forvalta, melde til ESA. ESA godkjende desse ordningane etter reglane for SMB.

Det er lite nasjonalt handlingsrom på dette feltet fordi eksportretta tiltak lett vil påverke samhandelen i EØS-området. Støtte til eksport er som hovudregel derfor heilt forboden.

- *Grunnforskning* er verksemd som tek sikte på å utvide den vitskaplege og tekniske kunnskapen, og som ikkje er knytt til industrielle eller kommersielle mål. Offentleg støtte til grunnforskning, som til vanleg skjer ved universitet og andre forskingsinstitusjonar, blir *ikkje rekna som statsstøtte* etter EØS-reglane.
- *Industriell forskning* er utforskning eller undersøkingar som har ny kunnskap som mål. Slik kunnskap kan vere nyttig ved utvikling av nye produkt, prosessar eller tenester eller for å oppnå vesentlege forbetringar i eksisterande produkt, prosessar eller tenester.
- *Utviklingsaktivitetar for kommersialisering* er overføring av resultat frå industriell forskning til planar, prosjekt, design og konstruksjon som har som mål å skape nye, endra eller forbetra produkt, prosessar eller tenester, anten dei er tenkte for sal eller til eige bruk. Det omfattar også utvikling av ein første prototyp. Dette stadiet kan også omfatte idéforming, design og konstruksjon i samband med alternative produkt, produksjonsmetodar eller tenester og dei første demonstrasjonsprosjekta eller pilotprosjekta, dersom desse prosjekta ikkje kan tilpassast slik at dei direkte kan utnyttast industrielt eller kommersielt. Det omfattar ikkje rutinemessige eller periodiske endringar av eksisterande produkt, produksjonslinjer, produksjonsprosessar, tenester eller andre pågåande arbeidsoperasjonar, sjølv om slike endringar kan vere forbetringar.

Støtte kan bli gitt til å dekkje desse *kostnadene*:

- Personalkostnader (forskarar, teknikarar og hjelpepersonale) som berre blir nytta i samband med FoU-aktiviteten.
- Utgifter til instrument, utstyr, areal og bygningar som utelukkande og permanent blir nytta til FoU-aktiviteten.
- Utgifter til konsulenthjelp og tilsvarande tenester som utelukkande blir nytta i samband med FoU-aktiviteten, inkludert forskingsresultat, teknisk kunnskap, patentsøknader (berre for SMB), patent osv. som blir kjøpte eksternt.
- Administrasjonskostnader direkte knytte til FoU-prosjektet.
- Andre driftsutgifter (til dømes materiale, forsyningar og liknande produkt) som er direkte knytte til FoU-aktiviteten.

FoU-prosjekt eller FoU-program med ei kostnadsramme på over 25 mill. euro og der støtta er på *meir enn 5 mill. euro*, må meldast særskilt på førehand for godkjenning hos ESA, sjølv om pengane kjem frå ei notifisert ordning.

b) Eksisterande norske ordningar

Det er ein generell svikt i marknaden når det gjeld investeringar i FoU. Det er dermed fleire landsdekkjande tiltak som er retta mot å auke denne innsatsen. Men dette er òg eit regionalt problem, og i Noreg har vi eit desentralisert innovasjonssystem knytt til universitet, dei regionale forskingsinstitusjonane og høg-

Tabell 4.9 Maksimale støttesatsar (i prosent av utrekningsgrunnlaget) for støtte til FoU

Område	SMB		Store bedrifter	
	Industriell forskning	Utviklingsaktivitetar før kommersialisering	Industriell forskning	Utviklingsaktivitetar før kommersialisering
A, B og C	65 (90)	40 (65)	55 (80)	30 (55)
Utanfor støttekartet	60 (85)	35 (60)	50 (75)	25 (50)

Kjelde: Tala i parentes gjeld tekniske forstudiar knytte til dei ulike FoU-stadia.

skolane. I tabell 4.10 er dei viktigaste nasjonale støtteordningane til FoU sette opp.

SkatteFUNN skil seg frå dei andre ordningane ved at det er ei ordning som verkar gjennom skattesystemet der utgiftene kjem til frådrag i skatten, medan dei andre ordningane er tilskot tildelt etter søknad til Forskningsrådet eller Innovasjon Norge. Skattefrådraget i SkatteFUNN er på 18 prosent for store bedrifter og 20 prosent for SMB. Dette svarer omtrent til tilskotssatsane som gjeld *Utviklingsaktiviteter før kommersialisering*.

Med unntak av SkatteFUNN og dei tre siste landsdekkjande ordningane i tabell 4.10 er alle notifikerte med rett til å gi høgare støttesatsar innanfor støttekartet.

c) Gjenverande handlingsrom

Midlar til forskning og utvikling kan nyttast i forskingsinstitusjonar, høgskolar osv. utan at dette blir rekna som statsstøtte. Kryssubsidiering kan her vere eit problem, sjå kapittel 2 om dette.

Når det gjeld *bedriftsretta støtte*, er dette tiltak som må meldast til ESA. Innanfor dei eksisterande ordningane kan ein etter statsstøttereglane for FoU gi 5 pro-

sentpoeng høgare støtte til FoU-prosjekt innanfor støttekartet samanlikna med prosjekt utanfor, noko som ikkje er gjort for alle ordningane.

Det kan òg vere rom for å *auke tildelingar* innanfor dei eksisterande ordningane. Av dei søknadsbaserte tiltaka som er retta mot det enkelte prosjektet og den enkelte bedrifta, er gjennomsnittleg støtte for dei fleste av tilskotsordningane lågare enn maksimalsatsane. Til dømes var gjennomsnittleg støtte tildelt av Forskningsrådet i 2003 til industrielle FoU-prosjekt 30 prosent. Handlingsrommet for å gi støtte frå andre ordningar ut over dette er avhengig av forskingsinnhaldet i prosjektet, kor stor bedrifta er, og lokaliseringa.

I dei siste åra er støtta som er gitt frå dei søknadsbaserte ordningane, blitt påverka av innføringa av SkatteFUNN. Dei fleste bedriftene som har FoU-aktivitet, vil nytte skattefrådraget som ordninga med SkatteFUNN opnar for, og eventuelt søkje om tilleggsstøtte gjennom nokre av dei andre FoU-ordningane. Handlingsrommet for å gi støtte frå andre ordningar i tillegg til støtta gjennom SkatteFUNN vil i mange tilfelle derfor vere lite på grunn av maksimalsatsane som er sette for støtte til FoU. SkatteFUNN blir derimot meir nytta av verksemder utanfor støttekartet enn verksemder innanfor.

Tabell 4.10 Eksisterande norske ordningar som kan nyttast til å støtte FoU

Verkemiddel	Kap./post	Ansv. dep.	Operatør	Merknader
SkatteFUNN		FIN	NFR/IN	
Næringsretta brukarstyrt forskning	920/50.1	NHD	NFR	
Forsking og utviklingskontraktar (OFU/IFU)	923/70	NHD	IN	
Distriktsretta risikolån	551/60	KRD	IN	
Bedriftsutviklingstilskot	551/60	KRD	IN	
Distriktsretta låneordningar	2420/96	NHD	IN	Ei mellombels ordning med ei øvre utlånsramme på 500 mill. kroner og eit tapsfond på 75 mill. kroner (15 % av utlåna)
Landsdekkjande risikolån	2421/50	NHD	IN	
Landsdekkjande garanti	2421/50	NHD	IN	
Landsdekkjande tilskot	2421/50	NHD	IN	

Når det gjeld ordninga med SkatteFUNN, ligg det *unytta handlingsrom* gjennom ein auke i dei tillatne skattefrådragssatsane for SMB og ved at ein tek bort det øvre taket for støtte som dei nasjonale retningslinjene set. Maksimalsatsen for støtte til SMB er etter ESAs retningslinjer 35 prosent dersom støtta blir gitt brutto (før skatt). SkatteFUNN på 20 prosent skattefrådrag er sett på som ei nettostøtte som svarer til 27,8 prosent bruttostøtte. Det inneber at satsen på 20 prosent kunne ha vore auka noko for SMB. Dei nasjonale reglane for SkatteFUNN opnar for skattelette for FoU-utgifter opp til 4 mill. kroner og 8 mill. kroner for prosjekt i samarbeid med FoU-institusjonar godkjende av Forskningsrådet. Dei øvre grensene for storleiken på skattefrådrag er sette nasjonalt. Regelverket for statsstøtte har inga slik avgrensing når det gjeld storleik. Både ei opning for auke i skattefrådragssatsane og auke i maksimalbeløpa må meldast til ESA.

4.2.7 Risikokapital som eigenkapital

a) Kort om reglane

Reglane for retten det offentlege har til å gi risikokapital, står i ESAs retningslinjer *kapittel 10A, "State Aid and Risk Capital"*. Retningslinjene klargjer for det første når risikokapitaltiltak er notifikasjonspliktig statsstøtte etter EØS-avtalen. For det andre blir det sett opp kriterium for kva som skal til for at ESA kan godkjenne risikokapitaltiltak som inneber statsstøtte. Før ei slik støtteordning kan setjast i verk, må ho godkjennast av ESA. Avveginga i forhold til staten som eigar er omtalt i avsnitt 2.2.2.1.

For å godkjenne ei ordning der det blir løyvt offentlege midlar til risikokapitaltiltak, vil ESA krevje dokumentasjon om at *marknaden for risikokapital sviktar*. Det går fram av retningslinjene at ESA meiner at det ikkje ligg føre nokon generell svikt i risikokapitalmarknadene. Marknadssvikt må derfor påvisast i kvart tilfelle. ESA er likevel innstilt på å akseptere at det ligg føre marknadssvikt når kvart delbeløp i finansieringa av eit føretak gjennom eit risikokapitaltiltak ikkje overstig 500 000 euro eller 750 000 euro i regionar som kan få støtte etter EØS-avtalen artikkel 61(3) bokstav c) (støttekartet). Grunngevinga for dette er at for så små investeringar er argumentet om at det

eksisterer ein marknadssvikt, på grunn av dei relativt høge transaksjonskostnadene, meir overtydande.

Det blir understreka i retningslinjene frå ESA at modellane som er nytta for eigenkapitalordningar, er svært varierte og nye, slik at ESA på det noverande stadiet ikkje kan definere klare kriterium for når ei ordning kan godkjennast. Det er likevel sett opp kva forhold – positive og negative – ein vil leggje vekt på i ei slik vurdering. I tillegg til kravet om at marknadssvikt er påvist, er mellom anna desse forholda nemnde som noko som *taler for å godkjenne* ei ordning:

- Omfanget av investeringane er ikkje høgare enn dei grensene som er nemnde ovanfor, og investorane er dei einaste som nyt godt av ordninga. Dei aktuelle bedriftene får ikkje støtte direkte, men gjennom eit investeringsselskap.
- Ordninga vil berre gjelde investeringar i SMB i samband med etablering av ei bedrift, i andre tidlege stadium eller innanfor støttekartet.
- Ordningar spesielt retta mot område med marknadssvikt og der finansiering i hovudsak skjer som tilførsel av eigenkapital eller likeverdig kapital, vil bli vurderte positivt.
- Vedtaka om investering er basert på at dei skal gi høveleg avkastning. I denne samanhengen er det positivt om ein *"vesentleg del"* av kapitalen blir tilført av private investorar.
- Konkurransen mellom investorar og mellom investeringsfond blir lite forstyrta.
- Sjølv om det generelt er eit atterhald mot ordningar retta mot spesielle sektorar, kan det likevel akseptast ein sektorfokus der dette har både ein kommersiell og ein politisk grunn (unntak vil vere skipsbygging og EKFS).
- "Utgangsmekanisme" for investeringane, det vil seie at den offentlege eigarskapen ikkje skal vere permanent.
- Ein må unngå ei kumulering av støtte til ei bedrift frå fleire kjelder.

b) Eksisterande norske ordningar

I tabell 4.11 gis eit oversyn over dei viktigaste eksisterande støtteordningar for risikokapital som eigenkapital i Noreg.

Tabell 4.11 Eksisterande støtteordningar for risikokapital som eigenkapital

Verkemiddel	Kap./post	Ansv. dep.	Operatør	Merknader
Såkornordning	2421/91	NHD	Regionale såkornelskap	Det blei løyvt totalt i 1998 780 mill. kroner i kapitalbasen, der 50 % er nytta til å gi lån til dei regionale såkornelskapa. Dessutan er det knytt eit tapsfond på 25 % av løyvinga.
Distriktsretta såkornordning	2421/91	NHD	Regionale såkornelskap	800 mill. kroner til lån med 200 mill. kroner i tapsfond. Ordninga er sendt ESA til godkjenning

c) Gjenverande handlingsrom

Det er eit handlingsrom for slike ordningar dersom ein følgjer dei vilkåra som er nemnde i punkt a. Den distriktsretta såkornordninga er for tida *til behandling* i ESA. I kor stor monn det er mogleg å auka handlingsrommet for såkornordningane, vil vere avhengig av dei vurderingane som ESA gjer.

4.2.8 Transportstøtte

a) Kort om reglane

Transportstøtte kan bli gitt for å kompensere for meir kostnader til transport for føretak i regionar med lågt folketal innanfor ramma for regional støtte, sjå *kapittel 25* om regional støtte og annex XI til retningslinjene (sjå vedlegg 4). Det er staten som har ansvar for å vise at desse meirkostnadene finst, og for å bestemme omfanget. Ein kan yte transportstøtte i regionar med eit lågare folketal enn 12,5 innbyggjarar per kvadratkilometer. Det kan bli gitt tilskot som dekkjer delar av faktiske transportkostnader per år.

b) Eksisterande norske ordningar

I samband med omlegging av den graderte arbeidsgivaravgifta er det innført ei ordning med transportstønad. Ordninga gjeld når visse fastsette krav til bedrifta, transportlengd osv. er oppfylte. Dei transportane som kan få støtte, er

- transport *inn til bedrifta* av varer som skal nyttast i produksjonen
- transport *ut frå bedrifta* av eigenproduserte varer

Eit eige støttekart for transportstøtte er godkjent av ESA og trekkjer opp dei geografiske grensene for ordninga. Kartet viser også dei to sonene som set øvre grense for støttesatsen (sjå vedlegg 4.2). Støtta skal ikkje kompensere for meir enn den auka avgifta som følgje av omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta. Transportstøtta blir rekna etter der bedrifta er lokalisert, medan den graderte arbeidsgivaravgifta blir rekna etter kvar den tilsette bur. Støtta er rekna som ein prosentvis del av *dei totale transportkostnadene* for kvar sending og støttesatsane er vist i tabell 4.12. Sjø elles: <http://odin.dep.no/krd/norsk/distrikts/transport/016061-990109/dok-bn.html>

Dei fire nordlegaste fylka har *eigne notifikerte transportstøtteordningar*, men dei blir berre prakti-

serte i Nordland, Troms og Nord-Trøndelag. Dei kan nyttast til delvis dekking av kostnader i samband med uttransport av produserte varer. Kvar bedrift må velje å nytte anten den nye landsdekkjande ordninga eller den lokale ordninga.

c) Gjenverande handlingsrom

Den norske ordninga er lagt nært opp til den svenske ordninga. Som i den svenske ordninga (sjå avsnitt 4.7.3) er det berre produksjonsbedrifter som kan få transportstøtte. I annex XI til ESAs retningslinjer er det ikkje nemnt at støtta berre skal gå til varer som bedrifta skal foredle eller har foredla. Her kan det vere eit handlingsrom for ei ordning som også gjeld *varehandelsbedrifter* (sjå vedlegg 4.3).

ESAs retningslinjer for transportstøtte legg ikkje rammer for omfanget av støtta utover dei godkjende *maksimalsatsane*. I reglane for den nye nasjonale ordninga er det likevel sett ei øvre ramme på kor mykje transportstøtte som kan bli gitt. Omfanget av transportstøtta kan ikkje vere meir enn kostnadsauken kvar bedrift får som følgje av omlegginga av arbeidsgivaravgifta. Dette er ei kompliserande ramme som er lagt av norske styresmakter. Den svenske ordninga har ikkje ei slik avgrensing. Denne avgrensinga gjeld heller ikkje for dei fylkeskommunale ordningane. Det kan derfor vere mogleg å utvide handlingsrommet for ordninga ved at ein tek bort regelen om at maksimal transportstøtte ikkje kan vere høgare enn det som svarer til auken i arbeidsgivaravgifta.

4.2.9 Støtte til miljøvern

a) Kort om reglane

Reglane for støtte til miljøvern står i ESAs retningslinjer kapittel 15. Retningslinjene på dette området er nokså omfattande. Generelt kan det seiast at støtte til tiltak som berre har som mål å få verksemda til eit føretak i samsvar med eksisterande eller nye EØS-standardar, ikkje vil bli godkjend av ESA. Som utgangspunkt vil berre tiltak som fører til eit *høgare miljøvernivå* enn fastsett i EØS-standardar, ha rett til støtte. I definisjonen av kva som kjem inn under reglane, er dette nemnt:

- tiltak retta mot å avhjelpe og hindre øydelegging av det fysiske miljøet eller naturlege ressursar eller å oppmuntre til meir effektiv bruk av desse ressursane
- energisparande tiltak og bruk av fornybare energiresursar

ESAs retningslinjer omfattar ikkje utvikling og produksjon av *maskinar og transportmiddel* som kan operere med redusert energiforbruk, og heller ikkje tiltak i bedrifter som har som formål å betre tryggleiken eller hygien. Generelt er det ikkje tillate å gi støtte til miljøverntiltak som har som formål at bedrifta skal oppfylle EUs fastsette miljøstandardar.

Tabell 4.12 Maksimumssatsar (prosent av utrekningsgrunnlaget) for transportstøtte i Noreg

Transportavstand i kilometer	Sone 1	Sone 2
< 350	0	0
350–700	30 %	20 %
> 700–	40 %	30 %

Tabell 4.13 Tillatne støttesatsar (prosent av utrekningsgrunnlaget) for ulike typar miljøtiltak

Miljøtiltak	SMB	Store bedrifter
Investeringar		
– SMB-tilpassing til nye EU-standardar	15	0
– Utover EU-standardar eller på område der det ikkje finst EU-standardar	40	30 (35)
Investeringar i energisparing	50	40 (45)
Investeringar for å fremme fornybare energikjelder	50	40 (45)

Kjelde: Tala i parentes er maksimale støttesatsar for bedrifter innanfor støttekartet.

Kostnadsgrunnlaget for den tillatne miljøvernstøtta må vere strengt knytt til dei ekstra kostnadene som er nødvendige for å nå miljøvernmåla.

Vidare omtaler retningslinjene kvar det er mogleg å få støtte i samband med *rehabilitering* av forureina næringsareal og omlokalisering av bedrifter. Det er også retningslinjer for driftsstøtte for å fremme arbeidet med avfallsbehandling og energisparing, fornybare energikjelder, samproduksjon, varme og kraft og for tilpassing til nye miljøavgifter.

Statsstøtte til *FoU innanfor miljøvern* skal behandlast etter retningslinjene for FoU og ikkje etter retningslinjene for miljøvern.

b) Eksisterande norske ordningar

Tabell 4.14 gir eit oversyn over dei viktigaste eksisterande norske ordningar som kan nyttast til miljøvern. Energifondet er meldt til ESA, og ordninga er til behandling. Mange av ordningane til Innovasjon Norge, både låne- og tilskotsordningar, kan nyttast og er nytta til miljøinvesteringar. Om lag 10 prosent av dei samla tilsegnene om lån og tilskot i 2003, det vil seie 361 mill. kroner, vart nytta til miljøretta prosjekt. Ingen av desse ordningane er derimot notifiserte etter dei spesielle støttesatsane som gjeld for miljøvern.

c) Gjenverande handlingsrom

Det er eit handlingsrom for denne typen tiltak. Desse ordningane er i liten grad regionalt graderte. Til ein viss grad er støttesatsane *høgare for støtte til miljøvern* enn dei som til dømes gjeld for fysiske investeringar. For SMB er det ikkje opna for høgare satsar innanfor støttekartet, men det er det for store verksemdar.

Generelt aukar statsstøtta til miljøformål i ein del EU-statar. Det er EUs politikk å flytte transport frå veg til andre transportformer. Derfor ser ein med *velvilje*

på investeringar i utstyr til kombinert transport og annan infrastruktur enn veginfrastruktur, men derimot ikkje til kjøretøy med mindre dei er retta mot miljøtiltak eller auka tryggleik og at dette kompenserer for ekstra kostnader ved innføring av høgare teknisk standard i samband med slike tiltak.

4.2.10 Støtte til krisetiltak og omstilling

Reglane for støtte til krisetiltak og omstilling av bedrifter står i ESAs retningslinjer *kapittel 16*.

Vilkåra for å få godkjent støtte etter desse reglane er *svært restriktive*. Føretaket må vere i ei reell krise og støtte kan berre givast på strenge vilkår. Krisestøtte kan berre ytast i form av lån eller lånegarantiar. Omstillingsstøtte krev ein restruktureringsplan som må godkjennast av ESA. Med unntak av støtte innanfor ramma for bagatellstøtte må all støtte til slike bedrifter notifiserast særskilt, sjølv om ein nyttar ei notifisert ordning til å gi slik støtte.

Det er likevel eit visst handlingsrom. Krisestøtte er for kortvarige vanskar, ofte følgd av restruktureringsstøtte på grunnlag av ein plan som viser at føretaket etter operasjonen vil vere levedyktig. Det er tale om eingongsoperasjonar.

4.2.11 Sektorar med eigne regelverk

a) Kort om reglane

Enkelte sektorar har eigne regelverk. På visse område er særreglane strengare enn for andre bransjar, i andre tilfelle er dei meir gunstige. Bransjevis støtte påverkar handel og konkurranse og blir derfor strengt vurdert av styresmaktene. EU har som mål å fjerne sektorstøtte.

Sektorstøtte er gjerne knytt til det ein kallar *kjenslege sektorar*. Dette er sektorar som blir råka særleg

Tabell 4.14 Eksisterande norske ordningar som kan nyttast til miljøvern

Verkemiddel	Kap./post	Ansv. dep.	Operatør	Merknader
Energifondet	1825/50	OED	ENOVA	Til behandling hos ESA

hardt av økonomiske problem, særleg som ei følge av overkapasitet i produksjonen i forhold til marknaden. Til slike sektorar kan vi nemne:

1. skipsbyggingsindustrien
2. maritim transport
3. stålbedrifter utanom EKFS-stål (berre tidlege stadium i stålproduksjonen)

Det er reglane for *skipsbygging* og *maritim transport* som er mest aktuelle for Noreg.

1 Skipsbyggingsindustrien

Reglane for støtte til skipsbyggingsindustrien er tekne inn i ESAs retningslinjer *kapittel 24B*. Etter at støttere-
glane for denne sektoren tidlegare var meir restriktive enn for dei fleste andre sektorar, svarer dei no meir til dei *generelle reglane*. Det same gjeld krava til godkjenning av støtte til denne sektoren. Mellom anna inneber dette at kvar tildeling av støtte til sektoren ikkje lenger må godkjennast på førehand. Reglane for støtte til SMB, opplæring, FoU, miljøvern osv. er *dei same* for denne sektoren som for dei andre sektorane.

Støttere-
glane for skipsbyggingsindustrien er sær-
eigne når det gjeld

- *støtte til innovasjon*: Innovasjon er definert som bruk av teknologisk nye eller vesentleg forbetra produkt og prosessar samanlikna med dei som er i allmenn bruk innanfor sektoren i EØS, og som inneber ein teknologisk eller industriell risiko. Støtta må vere avgrensa til utgifter til investeringar, design, "engineering" og testing direkte og eksklusivt knytt til den innovative delen av prosjektet. Støtteomfanget til innovative prosjekt er maksimalt sett til 20 prosent av kostnadene.
- *støtte til fysiske investeringar til bedrifter innanfor støttekartet*: Maksimal støtte er avgrensa til 12,5 prosent av investeringskostnadene. Den maksimale støtta til denne typen investeringar er derfor lågare enn satsane for slike investeringar i andre sektorar. Vidare er det berre tillate å gi slik investeringsstøtte i samband med oppgradering eller modernisering av eksisterande skipsbyggingsverksemdar med formål å betre produktiviteten i dei eksisterande anlegga. Investeringsstøtte kan derfor ikkje bli gitt til å etablere ny verksemd i denne sektoren.
- *mellombels verftsstøtte*: Reglar om dette står i rådsforordning nr. 1177/2202. Denne forordninga er forlengd i tid gjennom rådsforordning nr. 502/2004. Forordninga gir høve til å tildele 6 prosent *kontraktstøtte* til bygging av konteinarskip, produkt- og kjemikalietankarar. Også bygging av LNG-skip har rett til støtte etter at denne typen skip blei innlemma i ordninga frå 2003. Ordninga gjeld fram til 31.03.2005 og har samanheng med at EU har gått til sak mot Korea etter WTO-reglane

på grunn av mogleg ulovleg subsidiering av skipsverft i Sør-Korea.

2 Maritim transport

Reglane for støtte til maritim transport er tekne inn i ESAs retningslinjer *kapittel 24A*. For å vere med på å halde ved lag skipsfartsnæringa i EØS-området opnar retningslinjene for tildeling av *driftsstøtte* i større grad enn det som elles er tilfelle. Støtte som er gitt med heimel i kapittel 24A, må som ein hovudregel notifiserast og godkjennast av ESA før ho kan setjast i verk.

På nærmare oppgitte vilkår gir retningslinjene høve til å gi støtte til reiarlag slik som eit gunstigare *skatte- og avgiftssystem*, det gjeld også det såkalla tonnasjeskatt-systemet. Systemet inneber at reiaren betaler eit avgiftsbeløp knytt til driftstonnasjen. Avgifta blir kravd inn uavhengig av dei faktiske inntektene til selskapet, fortенeste eller tap. Retningslinjene opnar også for reduserte trygdeavgiftssatsar og inntektsskattesatsar for EØS-sjøfolk som arbeider om bord på skip som er registrerte i ein EØS-stat. For å redusere kostnadene ved å tilsetje sjøfolk frå EØS-statane er det gitt høve til å gi støtte til utskifting av mannskapet om bord på skip.

Investeringsstøtte må i utgangspunktet bli gitt i samsvar med retningslinjene i kapittel 24B. Dersom formålet med den aktuelle investeringa er å fremme tryggleiken til sjøs, er det ei viss opning for å tildele investeringsstøtte også etter kapittel 24A.

Opplæringsstøtte kan tildelast utan førehandsnotifikasjon etter kommisjonsforordning 68/2001. I retningslinjene i kapittel 24A er det i tillegg opna for tildeling av opplæringsstøtte som ikkje blir omfatta av forordninga. Men slik støtte må meldast til og godkjennast av ESA før ho kan setjast i verk.

Når det gjeld *omstruktureringsstøtte* og *kompensasjon for pålagde tenester* som er viktige av allmenne økonomiske omsyn, tek ein i utgangspunktet i bruk dei generelle reglane for desse støtteformene også når det gjeld maritim transport.

I tillegg er det nyleg gitt detaljerte reglar om tilgangen til å gi støtte for å fremme "nærskipsfart".

3 Stålbedrifter utanom EKFS-stål

EKFS-avtalen er oppheva. Tidlegare EKFS-stålbedrifter er underlagde eit *overgangsregime*. Kvar tildeling innanfor denne sektoren må meldast til ESA.

b) Norske ordningar

Tabell 4.15 gir eit oversyn over eksisterande ordningar i Noreg etter reglane for sektorstøtte.

c) Gjenverande handlingsrom

Handlingsrommet er her stort, og grensene vil vere av *økonomisk og politisk art*.

Tabell 4.15 sektorstøtte i Noreg

Type	Operatør	Egenskapar	Unntak/heimel
Nettolønnsordninga	Skatteetaten	Inntektsskatten til mennesket blir gitt til reiarlaga	Sektorstøtte Maritim transport
Særskilde skattereglar for reiarlag (tonnasje-skatt)	Skatteetaten	Eigen skatt på tonnasje	Sektorstøtte Maritim transport

4.2.12 Oppsummering av dei norske ordningane

Tabell 4.16 gir ei oppsummering av dei norske støtteordningane, og det er merkt av for kva regelverk i forhold til støtteformål dei er knytte opp mot.

4.3 Investering i infrastruktur og andre tilretteleggingstiltak

a) Kort om reglane

Fysiske infrastrukturinvesteringar blir ikkje omfatta av regelverket for statsstøtte når dei er utforma som *generelle verkemiddel* som ikkje skaper særfordelar for enkeltbedrifter når det gjeld pris, tilgang eller tenestnivå. Sjølv om støtta blir gitt til å betre infrastrukturen der bedrifta elles medverkar til å dekkje kostnadene gjennom kommunale avgifter eller på andre måtar, er det ikkje statsstøtte.

Slike infrastrukturinvesteringar kan til dømes gjelde

- vegar
- bruer og tunnelar
- breiband
- vassforsyning
- hamner og hamnestell
- basetenester for prøveboring
- sjukehus

Grunnen til at støtte til slik verksemd vanlegvis fell utanfor reglane for statsstøtte, er dels at infrastrukturen i seg sjølv ikkje opererer i *konkurranse* med annan infrastruktur, dels at infrastrukturen er *open for alle* og derfor ikkje er til fordel for berre "enkelte" føretak. Men dette er ikkje alltid tilfellet. Av og til kan ein infrastruktur konkurrere med andre (til dømes kan sjøtransport konkurrere med landtransport). Slik sektorstøtte vil vanlegvis oppnå unntak etter artikkel 59(2) i EØS-avtalen om støtte til føretak med særlege oppgåver (sjå avsnitt 2.2.5). Desse tenestene vil ofte vere av allmenn økonomisk interesse.

Dersom ei infrastrukturinvestering kan seiast å tilgodesjå ei eller fleire enkeltbedrifter etter ei *konkret vurdering*, kan ein likevel kome i konflikt med regelverket for statsstøtte. Dette er ei gråsone. EF-domstolen har til dømes behandla eit tilfelle (sak C-225/91, *Matra*), der Kommisjonen hadde godkjent statsstøtte til eit industriprosjekt i Portugal. Støtta omfatta mellom anna eit

utdanningsprogram for dei tilsette og fleire infrastrukturinvesteringar, mellom anna veganlegg, vass- og elektrisitetsforsyning og avfallsbehandling. EF-domstolen godtok at dette ikkje var statsstøtte fordi investeringane "ikkje utelukkande" ville kome industriføretaket til gode. I den saka dreidde det seg stort sett om infrastruktur som det var vanleg i Europa at det offentlege sørgjer for. Praksis frå Kommisjonen tyder på at i tilfelle der det gjeld infrastruktur som det er vanlegare at marknaden sørgjer for, til dømes elektrisitetsnett og gassnett, vil støtte til tiltak som berre kjem eit mindre område til gode, lettare bli vurdert som statsstøtte.

Inn under eit noko vidare infrastrukturomgrep kan ein òg sjå andre *tilretteleggjande aktivitetar*. Det kan til dømes vere organisering av

- støtte til marknadsføring av ein region
- tenester knytte til kunnskapsparkar, inkubatorar og næringshagar
- utviklingsselskap
- nettverksbygging

Her gjeld den same avgrensinga for handlingsrommet. Kvart tiltak må vurderast juridisk i forhold til dei fire kriteria for statsstøtte som er omhandla i kapittel 2. Det er berre ulovleg statsstøtte dersom alle fire vilkåra er oppfylte. Når det gjeld desse tilretteleggjande aktivitetane, er det *selektivitetsvilkåret* ein må passe seg for ikkje å bli råka av. Støttemottakarane må ikkje vere "enkelte føretak eller produksjonen av enkelte varer". Til dømes vil marknadsføring av ein region i utgangspunktet ikkje vere ulovleg støtte. Men dersom det eigentleg er marknadsføring av det eine hotellet i dalen, kan det bli vurdert annleis.

Dei andre tiltaka som er nemnde, vil alle vere retta mot å skape næringsmiljø for å få eksisterande næringsverksemd til å bli verande i regionen, men enda meir for å få til innovasjon og nyskaping. I næringshagar vil samlokalisering vere verkemiddelet for å halde oppe eksisterande næringsverksemd og skape ny. Såleis skaper ein òg nyttige nettverk. Det vil vere utan problem i forhold til reglane for statsstøtte om det offentlege er tilretteleggjar, dersom vilkåra er som elles i marknaden. Dersom prisane til dømes er lågare enn normal marknadspris (anten ved kjøp eller leige av lokala), kan det vere statsstøtte, jamfør avsnitt 2.2.2.1.

Dersom det er ei eiga juridisk eining utan økonomisk formål som står for etableringa av næringsshagen eller næringsmiljøet, må ein sørgje for at eventuell

Tabell 4.16 Støtteordningar og formål dei er godkjende for

Kapittel/post		Tillatne støtteformål								Merknader
		Bagatell	Fysiske invest.	Sysselsetjing	FoU	Opplæring	Konsulentbistand inkl eksport	Miljø	Eigenkapital transport	
Ordning										
Arbeidsgivaravgift		X								Etter omlegginga
551/60										Fylkeskommunane nyttar sin del i stor grad til ulik infrastruktur. Omlag 60 pst av midla løyvast til Innovasjon Norge og omfattar lån, tilskot til fysiske investeringar, bedriftsutvikling og etablererstipend.
Tilskot til fylkeskommunar										
– Lån	(–)	X		X	(–)	(–)			1016	
– Tilskot fysiske investeringar		X		X	X	X			118*	
– Bedriftsutvikling	X	X							113	
– Etablerer-stipend	X								282	
– Kommunale næringsfond	X								103	
– Omstilling	X			X	X	X			64	
									83	
552/72										
Nasjonale tiltak for regional utvikling	X			X	X	X			287	
2421/50										
Nyskaping									103	
– Lån		(X)		X	(X)					
– Garanti	X	(X)		(X)						
– Tilskot	X	(X)		X		X				
2420/96										
Lån distriktsretta ordning	(–)	X		X	(–)	(–)				
2421/72										
OFU/IFU	X			X		X			100	
920/50.1										
Næringsretta brukarstyrt forskning				X					309	
920/50.2										
Næringsretta strategisk forskning				X					207	
920.50.3										
Innovasjon				X					94	

Tabell 4.16 Støtteordningar og formål dei er godkjende for

Kapittel/post	Tillatne støtteformål							Merknader
	Bagatell	Fysiske invest.	Sysselsettjning	FoU	Opplæring	Konsulentbistand inkl eksport	Miljø kapital transport	
Ordning							Løving 2003 mill. kr	
1825/50 Energifondet							X	539**
2421/71 Internasj. og profilering						X		292
2421/91 Landsdekkjande såkornfond							X	Fem fond med totalt 780 mill kr i kapitalbase
2421/91 Distriktsretta såkornordning							X	Under etablering. Fire regional fond med totalt 1600 mill kr i kapitalbase
259/21 Kompetanseutv.-program	X							60
1591/70 Bedriftsintern opplæring					X			For 2004 er det ikkje løyva midlar til denne ordninga
1594/70 Lønnstilskot	X							2004: 483 Til arbeidstakar- grupper med problem på arbeidsmarknaden
550/63 Transportstøtte							X	200 Kompensasjon for omlegging av arbeidsgivaravgift

*Avsatt tapsfond av utlån på 295 mill. kroner.

**Ordninga er etablert som eit fond. Disponibel sum i 2003 var på 539 mill. kroner. Utbetaling og nye tilsegner var på 393 mill. kroner.

(X) indikerer at ordninga kan nyttast til desse formåla, men som ikkje nyttast i dag mellom anna på grunn av prioritering innanfor budsjettammer.

(-) Indikerer at ordninga er notisert for formålet, men at lån er mindre egna til desse formåla.

offentleg støtte ikkje blir gitt til enkeltbedrifter gjennom denne eininga. Ein må heile tida ta omsyn til dei juridiske vurderingane som er nemnde i kapittel 2, særleg avsnitt 2.2.2.1. Dersom det på noko vis blir gitt ein økonomisk fordel til dei private bedriftene som verkeleg eigar, kan det vere ulovleg statsstøtte.

Det same vil gjelde for til dømes inkubatorverksemd, der nyetablerte kan få økonomisk, juridisk og administrativ hjelp. Dersom det er ei teneste som andre næringsdrivande vanlegvis betaler for, må det også krevjast vederlag for inkubatortenesta dersom det ikkje skal oppstå statsstøtteproblematikk. Sjå til dømes avsnitt 4.2.1 om inkubatorstipend som blir gitt som bagatellmessig støtte.

For kunnskapsparkar, forskingsparkar og andre miljø som er organiserte som egne juridiske einingar – der eigarane ofte er høgskular eller forskingsinstitusjonar – er det på same måten relevant om dei driv økonomisk verksemd. Elles gjeld det same om prisar og eventuelle fordelar til dei verkelege eigarane som er nemnt ovanfor. Krysssubsidiering mellom den samfunnsretta og den kommersielle verksemda skal ikkje skje. Ein rekneskapsmessig separasjon kan sikre nødvendig kontroll.

b) Eksisterande norske ordningar

Fysisk infrastruktur som tradisjonelt er dekt over dei statlege budsjetta, ser ein ikkje på som statsstøtte. Typisk vil vere investeringar til vegar. Eit anna konkret døme kan vere *"Det Digitale Distriktsagder"*, der 18 kommunar og dei to fylkeskommunane gjekk saman om å skaffa eit konkurransedyktig breibandstilbod til næringsliv og publikum innanfor egne kommunar og for deira eigen administrasjon, sjå <http://www.hoykom.no> under fagstoff og HØYKOM-rapportar.

Når det gjeld tilretteleggjande infrastruktur for næringsutvikling, er den aktiviteten som SIVA (Selskap for industrivekst SF (statsforetak)) står for det viktigaste verkemiddelet. ARENA-programmet i Innovasjon Norge er eit døme på eit tiltak for å skape møteplassar og byggje nettverk.

c) Gjenverande handlingsrom

Her er spørsmålet om handlingsrom knytt til om det er statsstøtte eller ikkje. Handlingsrommet er stort når det gjeld tradisjonell infrastruktur. Ein vil vanlegvis ikkje kome i konflikt med reglane for statsstøtte. Når det gjeld infrastruktur i den vidare meininga, kan det vere vanskelegare å avgjere om det ligg føre statsstøtte. Desse sakene må vurderast *i kvart tilfelle*, særleg i forhold til selektivitetskriteriet.

4.4 Sal av offentlig eigedom og bygningar

Kjøp og sal av varer og tenester mellom det offentlege og næringsverksemd må skje på *marknadsvilkår* der-

som det ikkje skal vurderast som statsstøtte. Sal av offentlig eigedom og bygningar er regulert gjennom særskilde reglar i kapittel 18 B i ESAs retningslinjer. Det at ein ikkje følgjer retningslinjene, treng ikkje å vere det same som at det verkeleg *er* statsstøtte, men det kan likevel bli rekna som eit teikn på at statsstøtte er gitt.

Dersom ein følgjer ein av to alternative prosedyrar for salet, treng ein ikkje å notifikere salet til ESA:

1 Sal etter open bodrunde utan vilkår

Her er hovudregelen at sal av offentlig eigedom gjennom ein tilstrekkeleg utlyst og open bodrunde, som det ikkje er knytt vilkår til, og der det høgaste eller einaste bodet blir godteke, blir rekna for å ha skjedd til marknadsverdi og inneheld derfor inga statsstøtte. Prisen ein oppnår, vil da bli rekna som marknadspris sjølv om det finst ein høgare salstakst.

2 Sal etter uavhengig verdisetjing

Etter denne framgangsmåten skal det gjennomførast ei uavhengig verdisetjing før forhandlingar tek til. Verdisetjinga skal ein uavhengig takstmann stå for. Prisen skal spegle marknadsverdien ut frå allment aksepterte marknadsindikatorar og verdisetjingsstandardar. Den marknadsprisen som blir fastsett slik, er den lågaste prisen som kan godkjennast utan at salet må reknast som statsstøtte.

I alle andre tilfelle er det ei plikt å notifikere salet, slik at ESA kan vurdere om det blir gitt statsstøtte.

4.5 Personretta tiltak

a) Kort om reglane

Personretta tiltak blir *ikkje rekna som statsstøtte*. Grunnen til det er at den som blir favorisert, er ein fysisk person, og ikkje ei bedrift eller ei næringsverksemd. Støtte til velferdstiltak, som bygging og drift av symjehall eller kulturhus, kan grense til statsstøtte dersom drifta er privat. Sjå avsnitt 2.2.5 om dette.

b) Eksisterande norske ordningar

Dei personretta verkemidla i distrikta kan ha ein rekrutterande og stabiliserande effekt når det gjeld busetjing og er gjerne utforma som *generelle ordningar* gjennom skattesystemet. Av eksisterande tiltak i Noreg er det særleg i Tiltakssona i Nord-Troms og Finnmark at dei personretta tiltaka er sterkt dimensjonerte, og dei kan derfor vere eit døme på slike verkemiddel. Ordningane som gjeld i Tiltakssona, omfattar – *redusert personskatt* gjennom auka botnfrådrag og redusert skattesats. Det blir gitt eit eige botnfrådrag på 15 000 kroner i skatteklass 1 og 30 000 i skatteklass 2. I tillegg blir det betalt 3,5 prosent lå-

- gare skatt på allmenn inntekt og 4 prosent lågare toppskatt i trinn 1
- *auka barnetrygd* inneber at busette med barn i sona får høgare barnetrygd enn elles i landet, om lag 2 400 kroner årleg for kvart barn
- *nedskriving av studielån* fører til at ein låntakar som er busett i Tiltakssona, med lån i Statens lånekasse for utdanning etter søknad kan få skrive ned lånet med 10 prosent av lånebeløpet, avgrensa til 16 500 kroner kvart år
- elektrisitet, med eit *fritak for elavgift og moms* på privat forbruk av straum

c) Gjenverande handlingsrom

Det juridiske handlingsrommet her er stort. Grensene vil vere av økonomisk og politisk art.

4.6 Inntektssystemet til fylke og kommunar

Inntekta til fylkeskommunar og primærkommunar er regulert gjennom eit inntektssystem der skatteinntekter og statlege rammetilskot blir fordelte mellom einingane. Denne fordelinga har *fleire mål*. Dels skal ho vere med på å sikre ei rimeleg lik evne einingane imellom til å dekkje tenestebehova. Systemet har i tillegg ein regionalpolitisk dimensjon, der kommunar og fylke i Nord-Noreg og i mindre kommunar over heile landet tek imot tilskot ut over det som følgjer av det behovsbaserte fordelingsystemet.

a) Kort om dei distriktpolitiske elementa

Nord-Noreg-tilskotet blir gitt til primærkommunar og fylkeskommunar i dei tre nordlegaste fylka. Tilskotet blir gitt etter fastsett sats per innbyggjar, der satsen er gradert med høgare sum i Troms enn i Nordland og høgare i Finnmark enn i Troms. Tilskotet er til saman på 1 521,7 mill. kroner i 2004.

Regionaltilskotet blir gitt til primærkommunar som har mindre enn 3 000 innbyggjarar, og som har lågare direkte skatteinntekter enn 110 prosent av landssnittet. Satsen per innbyggjar er høgare i Finnmark og Nord-Troms (sone A på støttekartet) enn i resten av landet. For å unngå store inntektseffektar ved passering av innbyggjargrensa, blir det gitt stegvis avdempa sats for tilskotet for kommunar som kjem innanfor inntektskravet, men som har mellom 3 000 og 3 200 innbyggjarar. Tilskotet er til saman på 552,5 mill. kroner i 2004.

Desse to tilskota har eit eksplisitt regionalpolitisk formål. Tanken er at i slike område trengst det ein ekstra innsats for å halde oppe busetjinga, mellom anna som sterkare næringspolitisk innsats, og ved at ein lettare kan byggje ut eit tenestetilbod som vil gjere området attraktivt for å etablere næringsliv og byggje bustader.

Ut over desse tilskota har både primærkommunar og fylkeskommunar *gradert arbeidsgivaravgift*. Det har vore diskutert om inntektssystemet skulle ta omsyn til dette når ein laga systema for inntekts- og utgiftsutjamning. Formålet med desse systema er å jamne ut inntekta i forhold til tenestebehova, og da vil ulike avgiftssatsar skape ein faktisk skilnad i utgiftsbehova. Ein har likevel valt ikkje å jamne ut denne avgiftsskilnaden. Det ville i så fall vore å oppheve ein ønskt distriktpolitisk effekt som den graderte arbeidsgivaravgifta bevisst tek sikte på å skape.

Kommunesektoren var med i ordninga med gradert arbeidsgivaravgift. Også her er formålet at avgiftslette gir primærkommunar og fylkeskommunar ein økonomisk gevinst, som gir dei eit rom til å drive ein meir aktiv innsats til gode for innbyggjarane og verksemdene i dei prioriterte distrikta. Denne politikken står ved lag ved at ein gjennom skjønnsstilskotet gir primærkommunar og fylkeskommunar kompensasjon for inntektstapet ved omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta.

Den *samla stønadseffekten* av gradert arbeidsgivaravgift for kommunesektoren er på om lag 2,8 mrd. kroner. Av desse går 590 mill. kroner til Tiltakssona, der ordninga held fram. Resten av midlane vil gradvis gå over frå avgiftslette til skjønnsstilskot etter kvart som avgiftsletten blir fasa ut fram mot 2007.

Også innanfor utgiftsutjamninga finst det kostnadmoment som har regionalpolitisk effekt. Omleggingar innanfor inntektssystemet vil derfor skape stor debatt der distriktpolitiske argument har sin plass. Ved systemomlegginga i 1996 blei dei elementa som er viktige for distriktskommunar (kompensasjon for lågt folketal per kvadratkilometer, lange avstandar osv.), tona ned. Dette vart da kompensert med ekstraordinære skjønnsstilskot, som no er under nedtrapping.

b) Handlingsrom

Det økonomiske mellomværet mellom offentlege forvaltningsnivå er ikkje regulert av EØS-avtalen. I den grad kommunesektoren bruker ressursane sine på å fremme rammevilkåra for næringslivet og/eller byggje ut velferdstenester, vil ei distriktsretta fordeling av midlar innanfor sektoren gi ein regionalpolitisk effekt som ikkje skaper problem i forhold til EØS-reglane. Det den enkelte kommune deretter gjer, må likevel vere innanfor reglane for statstøtte.

Det er dermed eit *nasjonalt politisk spørsmål* i kva grad ein vil la distriktsbaserte ulemper få vekt i inntektssystemet, og kor mykje ein vil ha eigne tilskot som er distriktpolitisk innretta. Det vil også vere eit distriktpolitisk spørsmål om tapet i kommunesektoren ved omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta skal kompensast. Det er full handlefridom på dette feltet.

4.7 Nasjonale verkemiddel i andre EØS-statar

4.7.1 Innleiing

I dette avsnittet er det gjort eit utval av verkemiddel frå andre EØS-statar som kan vere av interesse også for norske forhold. Vi har først og fremst sett på regionale verkemiddel i EU, da det er her handlingsrommet innanfor dei regionale verkemidla er størst i forhold til maksimale støttebeløp. Dei fleste av regionane som får auka arbeidsgivaravgift, ligg i område som er godkjende av ESA for regional støtte.

Lista over verkemiddel byggjer i stor grad på eit oversyn over viktige regionale verkemiddel i EØS-statane som er laga av "European Policies Research Centre" (EPRC) ved Strathclyde universitet i Glasgow. Det har vore naturleg å sjå særleg på ordningane til *Finland* og *Sverige*. Det er desse EU-statane som alt i alt liknar mest på Noreg når vi tenkjer regionalpolitikk. Desse to landa har lågt folketal per kvadratkilometer som eit kriterium for støtte. Det er ikkje lagt noka vekt på ordningar som er knytte til EØS-avtalens artikkel 61(3) bokstav a², da Noreg ikkje lenger har slike område på støttekartet.

Stort sett er dei ordningane som er nemnde som dei viktigaste regionale tiltaka, notifikerte som regionale tiltak, men somme av dei kan vere notifikerte som horisontal støtte, og nokre av ordningane har tidsavgrensa godkjenning. Utvalet hadde ikkje høve til å gå nærmare inn i notifikasjonane til andre land eller gi eit fullt oversyn over verkemidla til andre land da det ikkje var rom for det innanfor den ramma som var sett for arbeidet.

4.7.2 Generelt om statsstøtte i andre EØS-statar

Etter det siste oversynet frå EU var det i 2002 til saman fordelt 49 mrd. euro i tillaten statsstøtte frå EU-statane gjennom nasjonale verkemiddel. Slik støtte blir gitt av dei nasjonale styresmaktene. Det meste av dette går til *horisontal og regional støtte* og i mindre grad til sektorstøtte. Til saman 72 prosent av pengane gjekk til horisontal støtte, det vil seie: FoU (15 prosent), miljø (16 prosent), små og mellomstore bedrifter (14 prosent), sysselsetjing (2 prosent), kompetanseheving (2 prosent) og anna regionalstøtte (23 prosent). Støtte til fisk, landbruk og transport er ikkje rekna med i dette oversynet.

I tillegg til nasjonal støtte kjem den overnasjonale støtta frå EU gjennom strukturfonda og den nasjonale støtta (samfinansiering eller "*co-financing*") dette utløyser.


Strukturfonda utgjer ein tredel av det samla budsjettet til EU, og i perioden 2000–2006 er desse ordnin-

gane på 213 mrd. euro. Dette er i snitt om lag 250 mrd. kroner per år. Det meste er retta mot regionalpolitiske mål. Nasjonal samfinansiering av EUs strukturfond-program er dermed ikkje inkludert i dei 49 mrd. euro i oversynet som er illustrert på figurane 4.2 og 4.3. Strukturfonda blir omtalte i avsnitt 4.8.

EU søkjer å avgrense den eigenfinansierte statsstøtta til medlemsstatane. Dette gjeld særleg sektorstøtte og støtte til kriseramma bedrifter. Det europeiske rådet oppfordrar til ikkje å fokusere på statsstøtte til enkelte verksemdar eller sektorar, men heller til *horisontale mål av felles interesse*. Rådet har òg oppmoda statane til å vurdere om støtta er retta inn mot ein klart påviseleg marknadssvikt eller mot horisontale mål, og om statsstøtta er det mest passande og effektive verkemiddelet til å avhjelpe desse problema. Kommisjonen har mellom anna sagt dette:


But over the last five years, State aid control has been instrumental in attenuating many of the worst symptoms of State aid. Our vigilance has fostered a tendency to redirect aid towards horizontal objectives of common interest, including cohesion objectives. Based on the latest available figures, the majority of Member States appear to be responding positively to the call for "less and better targeted State aid" which Heads of Government recognised is a key part of effective competition." (Kommisjonær Monti, Press Releases, Brussel, 20.04.2004)

Regionalpolitikken og regelverket for statsstøtte i EU er i stadig endring. På nettsida til Kommisjonen (http://europa.eu.int/comm/competition/state_aid/scoreboard/) kan ein få eit oversyn over kva for nasjonal statsstøtte som er godkjend i EU samla og i dei ulike EU-statane. I tillegg finn ein her omtalt kva for kontrollaktivitetar som Kommisjonen arbeider med når det gjeld statsstøtte. På nettsida deira (http://europa.eu.int/comm/competition/state_aid/register/ii/) er det et oversyn over notifikasjonane til dei ulike EU-statane.



Figur 4.2 Statsstøtte frå nasjonale styresmakter i EU
Kjelde: State aid Scoreboard, våren 2004 (oppdatert 20.04.2004)

2. Støtte som har som formål å fremme den økonomiske utviklinga i område der levestandarden er unormalt låg, eller der det er særleg høg arbeidsløyse. Slike område har hittil i EU vore knytte til land som Spania, Portugal, Irland og Hellas.



Figur 4.3 Nasjonal horisontal statstøtte i EU

Kjelde: State aid Scoreboard, våren 2004 (oppdatert 20.04.2004)

Figur 4.2 viser at om lag halvparten av statsstøtta frå nasjonale styresmakter går til industrien. Derneist er det landbruk og fiske som får mest støtte.

Som figur 4.3 viser, er det fleire statar som først og fremst gir statsstøtte innanfor rammene av horisontal støtte, der ein inkluderer regionalstøtte og ser bort frå støtta til landbruk, fisk og transport.

Utvikling i dei regionalpolitiske verkemidla i andre EØS-statar

EPRC samanliknar regionalpolitikk i EU, inkludert i EØS-statane og peiker på at regionalpolitikken i medlemsstatane har endra seg over tid. Tidlegare var det dei sentrale styresmaktene som utforma og sette i verk regionalpolitiske tiltak. I dag er stadig meir ansvar for regionalpolitikk overført til *det regionale og det lokale nivået*. Dette er ein prosess som har skjedd over fleire år, og som har vore støtta av EU-organa. Grunnen til det er ønsket om å få til effektivitets- og styringsgevinstar ved å desentralisere og delegere avgjerder og ressursar til eit regionalt og eit lokalt nivå. Dessutan vil ein styrkje regionale, offentlege aktørar slik at dei kan ta eit sterkare ansvar for utviklinga. Ein kan også sjå dette i forhold til ønska om å utvikle demokratiet i EU. Mange av dei regionale tiltaka i andre EØS-statar er etter kvart administrerte på eit regionalt nivå, slik det er tenkt at næringsutviklingsmidlane etter omlegginga av arbeidsgivaravgifta skal nyttast.

Finansielle insentiv som investeringstilskot, lån og garantiar har vore dei tradisjonelle verkemidla i regionalpolitikken. I dei siste tjue åra har det skjedd ei endring frå tilskotsbaserte og automatiske verkemiddel til eit insentivsystem som er administrert på ein meir selektiv måte. I tillegg er maksimal støtteintensitet og verkeområda blitt reduserte. Inntil 1998 hadde ikkje maksimumsgrensene noko praktisk å seie for ønskt utforming av verkemidla med omsyn til intensitet i regionalpolitikken i EØS-statane. Men etter 1998 har maksimumsgrensene blitt sette litt lågare og kan i somme tilfelle vere avgrensande for handlingsrommet.

Stort sett er dei konkrete verkemidla i dei andre EØS-statane utforma slik at tildelinga er retta mot *tidsavgrensa prosjekt* og mot bruk av *kapital*, sjølv om bidrag til sysselsetjing ofte er eit av tildelingskriteria. Men det er òg rom for støtte til kompetanseheving og anna tilretteleggjande støtte.

EPRC hevdar at ein ser auka fokus i regionalpolitikken på det som ikkje er direkte insentivretta ("*non-incentiv measures*"), til dømes rammeverk for bedriftsmiljø og økonomisk infrastruktur, i tillegg til regionale program og strategiutvikling. EPRC viser mellom anna til at

"(o)ne of the broad themes arising from the review of recent developments has been the increased focus on the non-incentive components of policy: framework support for the business environment, the provision of economic infrastructure and regional programmes and strategy development." (Yuill, 2003)

4.7.3 Dei viktigaste regionale verkemidla

EPRCs kartlegging dekkjer EU og Noreg ut frå sorteringa i landa sjølve av kva som er dei viktigaste regionale verkemidla deira blant verkemiddel som er utelukkande nasjonalt finansiert. Eit oversyn over desse verkemidla står i tabell 4.17, og ein omtale av verkemidla finn ein i dette avsnittet. Som tidlegare nemnt er den største skilnaden mellom verkemiddel som er notifiserte som regional støtte, og dei som er notifiserte som horisontal støtte, at maksimumsgrensene for støtte er litt høgare innanfor dei godkjende regionane for regional støtte. Særleg gjeld dette grensene for støtte til større føretak, og det er ofte her at EU-statane nyttar dei høva som finst for å gi regional støtte.

Den vanlegaste inndelinga av *horisontale formål* er

- utvikling av små og mellomstore bedrifter
- forskning og utviklingstiltak
- risikokapital/venturekapital
- miljøtiltak
- kompetanseheving
- tiltak for å redde bedrifter i krise
- sysselsetjingstiltak

Det er stort sett dei same typane verkemiddel som blir nytta uavhengig av om dei er gitt som horisontal eller som regional støtte. Eit unntak er transportstøtta, som det berre er lov å gi innanfor støttekartet for område med særleg lågt folketal per kvadratkilometer. I dette avsnittet er det typen tiltak som er av størst interesse, og derfor ser vi horisontale og regionale tiltak under eitt. I nokre tilfelle set landa saman ei pakke av verkemiddel innanfor støttekarta. Til dømes har Irland eit program for "small industries", som tilbyr ein pakke av verkemiddel som kombinerer investerings- og sysselsetjingsstøtte i tillegg til tilretteleggjande tiltak og FoU-tilskot. I stadig større grad nyttar dei òg eigenkapital.

4.7.3.1 Støtte til nyinvesteringar

Dei fleste EU-statane nyttar høvet til å gi regionalt grunngitt støtte til investeringar innanfor deira godkjende støttekart og har dette som ein del av regionalpolitikken sin. Slik støtte kan bli gitt på ulike vis, og vi skil her mellom tilskot, lån og skattefordelar.

Tilskot

Den tradisjonelle regionale investeringsstøtta er *prosjektrelatert* og basert på ei vurdering av søknader. Tildelinga blir gitt etter ei vurdering av potensialet og utløysande effekt av dei offentlege midlane eller etter jobbskapingseffekt.

I *Finland* og *Sverige* tildeler ein regional investeringsstøtte innanfor støttekartet. Finland har også ei landsdekkjande ordning for støtte til småbedrifter, der satsane er høgare innanfor det finske støttekartet. I *Nederland*, *Finland* og *Sverige* tildeler styresmaktene

regional investeringsstøtte både til harde og mjuke (produktutvikling, marknadsføring, utdanning osv.) investeringar.

I *Hellas* gir ein i tillegg investeringsstøtte i samband med utanlandske direkte investeringar i regionane. I *Italia* gir ein investeringsstøtte til dels saman med lokaliseringskontraktar for å trekkje investeringar til problemområda. I *Irland* dominerer direkte kapitalstøtte i dei industrielle utviklingsprosjekta. I *Portugal* tildeler styresmaktene nystarta små- og mikrobefrifter direkte kapitalstøtte til prosjekt.

Gunstige lån

I tillegg til eller i staden for direkte tilskot vil ein i ein del land gi gunstige lån som blir tildelte etter søknad.

I *Austerrike* gir ein ikkje direkte investeringsstønad til regionane, men regionale lån og rentesubsidiar. I tillegg har landet ein regional dimensjon på innovasjonspolitikken sin. Forutan direkte kapitalstøtte gir ein i *Tyskland* gunstige lån, i støtteområda. I *Portugal* tildeler styresmaktene nystarta små- og mikrobefrifter også støtte som rentefrie lån med ein tilbakebetalingspremie (der delar av støtta ikkje må betalast tilbake) til bedriftsutvikling og modernisering. I *Hellas* gir ein rentesubsidiar på investeringar. I *Nord-Irland* gir ein rentesubsidiar og garantiar i samband med ein pakke med selektive verkemiddel i regionane.

Skatte- og avgiftsfordelar

Denne typen verkemiddel kan vere generelt utforma innanfor dei godkjende regionane. Stort sett er skattefordelen heimla i reglane for regional investeringsstøtte.

Eit interessant unntak er nedsett arbeidsgivaravgift der Sverige og Finland praktiserer gradert arbeidsgivaravgift innanfor regelverket for bagatellstøtte.

I *Sverige* gir ein 10 prosent reduksjon i arbeidsgivaravgifta per føretak i dei godkjende regionane med unntak for visse sektorar. Derimot er det sett eit tak på frådraget per månad. Dette gir ei maksimal støtte per år som er mykje lågare enn bagatellmessig støtte. Ved godkjenninga i 2002 var grensa for reduksjon i arbeidsgivaravgifta sett til 127 800 svenske kroner per år. Dermed har den svenske ordninga framleis mindre omfang enn den norske. Den svenske ordninga følgjer arbeidsgivar og ikkje arbeidstakar som i Noreg. Fordelen er retta mot verksemdar som har fast drift innanfor regionane, uavhengig av kvar hovudkontoret er plassert og er knytt til dei som er tilsette ved den delen av verksemda som er plassert i den godkjende regionen. I Sverige gjeld ei tilsvarande ordning for reduksjon av dei sosiale avgiftene utrekna av inntekta til den næringsdrivande (tilsvarande den norske trygdeavgifta av utrekna personinntekt) innanfor regionane. I

Finland er det ei mellombels ordning i perioden 2003–2005 med reduserte sosiale avgifter i godkjende regionar. Landet har ei ordning med eit botnfrådrag i dei sosiale utgiftene til arbeidsgivaren på maksimalt 30 000 euro per år. Som i Sverige er støtta knytt til lønnsutbetalningar ved den faste verksemda til ein arbeidsgivar i regionane og sosiale avgifter på desse. For jordbruk, fiske og transport gjeld ikkje ordninga med redusert avgift.

I *Finland* har ein også lågare regionale skattar som høgare avskrivning dei første tre åra etter ei investering for føretak innanfor områda 1 og 2 på støttekartet.

I *Frankrike* har ein lågare bedriftsskattar innanfor det franske støttekartet i samband med investeringsprosjekt (maksimalt fem år med frådrag). Ordninga er knytt til dei kommunalt utskrivne skattane på bedrifter, der det kan vere store skilnader mellom dei ulike delane av landet. Skattane skal dekkje felleskostnader og er generelt høgare der det er færre bedrifter. Det er vanskeleg å rekne ut fordelene fordi det kan vere betre å vere i ein kommune med generelt låge skattar enn i ein kommune med høge skattar der ein får lågare skattar i ein periode i samband med investeringane.

I *Nederland* praktiserer ein ei raskare nedskrivning av investeringane i problemområda i tillegg til direkte kapitalstøtte. Dette er ei mindre ordning som landet ser på som ein del av skattesystemet sitt. I *Tyskland* har ein ei ordning med skattefrådrag som ei prosentteining av godkjend investering innanfor dei nye "Länder". Dersom ordninga skal først vidare etter 2004, må ein finne ei ny juridisk grunngiving.

I *Hellas* gir ein også skattefrådrag som ei prosentteining av godkjend investering, men med eit tak med omsyn til kor stor del det kan vere av skattbart overskot. I *Italia* er det ei ordning med lågare bedriftsskattar i samband med investeringar innanfor støttekartet i perioden 31.12.2000–31.12.2006. Investeringa kan nyttast til å redusere både dei direkte og dei indirekte skattane ut frå det som er mest høveleg. Ordninga er notifisert som ei regionalstøtteordning.

I *Irland* er det ei ordning med høgare nedskrivning av investeringar i bygg, modernisering, vedlikehald eller reparasjonar for hotellbransjen, som er notifisert som regionalstønad for dei større bedriftene og som SMB-stønad for små og mellomstore bedrifter. Avskrivninga her er på sju i staden for 25 år, med 15 prosent avskrivning dei første seks åra og 10 prosent det siste året. Provenyeffekten er rekna ut til 65 mill. euro for perioden 2000–2006. I dag er heile Irland rekna som område for regionalstøtte etter 61(3) a. Med EUs utviding med ti nye statar vil dette endre seg. Irland må dermed gå bort frå denne ordninga for store føretak etter 2006.

4.7.3.2 Støtte til sysselsetjing

Ved regionalt grunngitt investeringsstøtte kan ein velje om ein vil gi tilskot til investeringa eller støtte til lønnskostnader ved nyttilsetjing i samband med eit pro-

sjeckt. Slik støtte til lønnskostnader kan bli gitt over to år. I tillegg nyttar somme land gruppeunntaket for støtte til sysselsetjing for å kunne gi slik tidsavgrensa støtte i regionane (sjå kapittel 2).

Sverige har ei ordning med sysselsetjingsstøtte til føretak med fast tilsette innanfor det svenske støttekartet for regionalstøtte. Hovudkontoret kan ligge utanfor støtteregionen, men støtta er knytt til sysselsetjinga innanfor. Støtta er gradert i to soner: område A, der det blir tildelt inntil 200 000 svenske kroner over fem år, og område B, der den samla støtta i ein slik periode er maksimalt 120 000 svenske kroner. Føretaket kan velje om ein større del skal bli gitt det første året, avgrensa til 60 000 kroner i område A og 40 000 kroner i område B. Støtta blir tildelt etter søknad og ei vurdering om det verkar utløysande på etableringa av nye, varige arbeidsplassar. Denne ordninga har ein kvoteringsregel. Minst 40 prosent av dei nye jobbane skal gå til det underrepresenterte kjønnet på arbeidsplassen. Støtaden går stort sett til eksisterande føretak i arbeidsintensive sektorar som til dømes tenesteyting. Berre 3 prosent av dei støttemottakande føretaka er nyetableringar. Gjennomgåande har dette verkemiddelet eit budsjett på rundt 200 mill. svenske kroner per år. Ei evaluering viser at sysselsetjingsutviklinga innanfor bedrifter som har motteke selektiv sysselsetjingsbidrag har hatt ei meir positiv utvikling i sysselsetjinga enn føretak dei kan samanliknast med.

I *Belgia* er omfanget av tilskot avhengig av sysselsetjingskomponenten i regionen Vallonia, medan ein i Flandern heftar støtta på lønnskostnadene for ein spesifikk jobb over ein toårsperiode i staden for investeringskostnad. I *Frankrike* er omfanget av tildelinga uttrykt som kostnad per arbeidsplass innanfor maksimumsgrensar som er sette som prosentteining av godkjend investeringskostnad (for industrien) og som prosentteining av toårig lønnskostnad per nyetablert arbeidsplass (for tenesteytande sektor). I *Tyskland* gir ein tilskot per nyetablert kompetansearbeidsplass i samband med prosjektinvesteringar.

Det er òg fleire land som vel å stimulere til sysselsetjing ved å leggje inn ein føresetnad om bidrag til nyttilsetjing i kriteria for tildeling av investeringstilskotet. *Nord-Irland, Irland, England, Luxembourg, Belgia, Frankrike* og *Tyskland* har alle eit slikt kriterium knytt til heile eller delar av den regionalt grunngitte investeringsstøtta. I *Luxembourg* er det òg eit sysselsetjingselement i tildelinga. I *Nord-Irland* blir det gitt ein pakke med selektive verkemiddel der sysselsetjingsbidrag i ein avgrensa periode inngår saman med kapitalstøtte og rentefordelar ved prosjekt. I *England* gir dei ein tilsvarende søknadsbasert pakke til føretak i problemregionar; prosjektet må skape eller sikre arbeidsplassar dersom det skal tildelast meir enn 100 000 pund.

I *Irland* støttar ein prosjekt retta mot industriell utvikling og eksportretta tenesteyting. I dei industrielle prosjekta dominerer direkte kapitalstøtte, sjølv om sysselsetjingstilskot, lån, garantiar, rentefordelar,

Tabell 4.17 Regionale verkemiddel innanfor EU og Noreg

Land	Verkemiddel	Type verkemiddel				
		Kapital- subsidiar	Rente- subsidiar	Skatte- reduk- sjonar	Jobb- skaping*	Transport- støtte
Austerrike	Rentesubsidiar		+			
Belgia	Flandern:	+			+	
	Vallonia	+			+	
Danmark	Inga regional næringsretta støtte					
Finland	Investeringsstøtte	+				
	Auka avskrivning på investeringar			+		
	Transportstøtte					+
	Differensiert arbeidsgivaravgift (de minimis)				+	
Frankrike	Investeringsstilskot	+			+	
	Kommunale skattefrådrag på investering			+		
Tyskland	Investeringsstøtte	+			+	
	“Mjuke” lån		+			
	Skattefrådrag på investering i dei nye “Länder”			+		
Hellas	Investeringsstøtte	+				
	Rentesubsidiar		+			
	Skattefrådrag			+		
Irland	– Irland: Industriprosjekt	+				
	– Irland: Eksportretta tenesteyting	+			+	
	– Små bedrifter	+			+	
Italia	Investeringsstøtte	+				
	Skattefrådrag på investeringar			+		
	Infrastruktur (i vid meining), lokalt organisert	+				
Luxembourg	Kapitaltilskot	+			+	
Nederland	Auka avskrivning på investeringar	+				
Portugal	Små bedrifter	+	+			
Spania	Investeringsstøtte	+				
Sverige	Regional utviklingsstøtte	+				
	Sysselsetjingsstøtte				+	
	Transportstøtte					+
	gradert arbeidsgivaravgift (de minimis)				+	
Storbritannia	Regional selektiv støtte	+			+	
Nord-Irland	Selektiv finansiell støtte	+	+		+	
Noreg	Investeringsstøtte	+				
	Risikolån		+			
	Transportstøtte/gradert arbeids- givaravgift					+

* knytte til 2-årsregelen om støtte til bruk av arbeidskraft i samband med investering
Kjelde: Basert på tabell av Douglas Yuill, EPRC ved University of Strathclyde, Glasgow

Boks 4.3 Regionalstøtte i Sverige

Det har – slik EPRC ser det – vore eit skifte i svensk politikk frå å skilje mellom distrikts- og regionalpolitikken til å sjå verkemidla under eitt for å utvikle vekstpotensialet i alle regionar. Målet er *"velfungerande og berekraftige lokale arbeidsmarknadsregionar med eit akseptabelt servicenivå i alle delar av landet"*. Ein vil utvikle det ibuande potensialet ved å gjere regionane så attraktive som råd for individ og bedrifter, få til ei berekraftig utvikling og sørje for tilgang til eit tilstrekkeleg nivå på offentlege og private tenester. Likevel er dei tradisjonelle distriktspolitiske tiltaka innanfor støttekartet ein viktig del av denne politikken. Regional utviklingsstøtte gir tilskot til ulike typar prosjekt frå fysiske investeringar til produktutvikling, patent, lisensar, informasjons-

kampanjar og utdanning. Sysselsetjingstilskotet er støtte til nyttilsetjingar og transportstøtte til meirkostnader ved lange transportavstandar. I tillegg har ein gradert arbeidsgivaravgift avgrensa til bagatellmessig støtte.

Dei svenske regionale vekstprogramma er dei viktigaste koordinerande instrumenta på regionalt nivå. Programma har mellomlang sikt og er utvikla av regionale partnerskap. Målet er å fremme strategisk tenking i regionane ut frå klare mål og indikatorar. Tema er strategi for å matche tilbod og etterspurnad på arbeidsmarknaden, fremme entreprenørskap og støtte innovasjonssystema.

Kjelde: European Policies Research Centre ved University of Strathclyde, Glasgow og NUTEK

Tabell 4.18 Dei viktigaste regionale verkemidla i Sverige (mill. svenske kroner)

Type støtte	2000	2001	2002	2003 ²⁾
Regional utviklingsstøtte	165	191	244	105
Sysselsetjingsstøtte	19	35	39	5
Sysselsetjingsstøtte – gammal ordning ¹⁾				
Transportstøtte	321	378	353	357

¹⁾ Utfasing av ordning som ikkje lenger er godkjend av ESA.

²⁾ Etterspurnaden etter dei investeringsrelaterte ordningane var låg i 2003 på grunn av historisk låg investeringsaktivitet generelt i Sverige i 2003.

Kjelde: NUTEK, Årsrapport 2003.

FoU-tilskot og kompetanseutvikling også er tilgjengelege. I tenesteprosjekta dominerer sysselsetjingsstøtten, men kapitaltilskot, rentefordelar og utdanningstilskot er også tilgjengelege.

4.7.3.3 Transportstøtte

Sidan dette unntaket er grunngitt i regional støtte med tilleggskriteria om lange avstandar og lågt folketal, er dette eit verkemiddel som berre blir nytta i *Noreg, Sverige og Finland*.

I *Sverige* gir ein dette innanfor støttekartet i dei fire nordligaste lena, med nokre avgrensingar mot visse næringar. Den norske ordninga ligg tett opp til den svenske. I Sverige gir ein støtte til uttransport av ferdla varer og inntransport av halvfabrikat og innsatsvarer. Transportbidraget varierer mellom 15 og 45 prosent av transportkostnadene, avhengig av den geografiske plasseringa. Til saman blei det gitt 353 mill. svenske kroner i transportbidrag i 2003.

I *Finland* gir ein transportstøtte til SMB som kompensasjon for meirkostnader ved lange transportavstandar til marknaden for føretak som er plasserte innanfor det finske støttekartet. Støtta er avgrensa til visse bransjar (nærings- og nyttingsmid-

del, bergverk, tre og trevarer og papirindustri). Bidraget dekkjer 7–29 prosent av kostnadene, avhengig av transportavstand. Budsjettet for 2004–2006 er på 3,7 mill. euro.

4.7.3.4 Andre verkemiddel

Innovasjon, forskning og utviklingstiltak

Desse ordningane har ofte eit nasjonalt fokus, men der mange land har ei regional orientering med høgare satsar innanfor støttekartet. Til dømes har ein i *Austerrike* og *Italia* fleire nasjonale innovasjonsretta verkemiddel ei regional orientering. Marknadssviikt knytt til innsats retta mot forskning og utvikling er velkjend, og EU har derfor sitt overnasjonale rammeprogram for forskning og utvikling som også er ope for norsk deltaking (sjå <http://www.forskningsradet.no> under EU-forskning).

Tilretteleggjande verkemiddel for næringsutvikling

Desse verkemidla inngår ofte i ein pakke saman med andre verkemiddel. Ein ser ein trend i retning av aktiv bruk av forskningssenter og kunnskapsparkar som verkemiddel i næringspolitikken. Slike tiltak involverer

offentlege og private midlar og til ein viss grad også private gåver. Mellom anna gir ein i *Finland* utviklingsstøtte til SMB (konsulenthjelp) og støtte til utvikling av bedriftsmiljø (inkubatorar og eigenkapitalfinansiering). I *Sverige* blei det mellom anna i 2003 løyvt 70 mill. svenske kroner i støtte til eit program for utvikling av innovasjonssystem og "næringsklynger". Ein har i dette programmet støtta prosess- og kunnskapsutvikling og internasjonal marknadsføring. I *Irland* tilbyr ein "støttepakkar" i programma sine som kombinerer investerings- og sysselsetjingsstøtte med tilretteleggjande tiltak som støtte til utdanning, opplæring, mentorprogram, leiingsutvikling og FoU-tilskot. I *Italia* er det også eit program for å støtte "ungt entreprenørskap" innanfor støttekartet og eit garantifond for SMB i Mezzogiorno-regionen.

Infrastruktur

Som hovudregel blir slike tiltak *ikkje notifikerte* fordi ein ser på dei som allmenntytte og ikkje noko som favoriserer einskilde føretak. Her må ei vurdering gjerast i kvart tilfelle om tiltaket oppfyller dei fire kriteria for statsstøtte i EØS-avtalen og EF-traktaten (sjå kapittel 2). I visse tilfelle kan det vere nødvendig å notifikere slike tiltak, fordi ein kan identifisere somme føretak som mottakarar av fordelene. Til dømes har ein i *Tyskland* i nokre tilfelle notifisert infrastruktur som ein del av regionalstøtta. I *Italia* har ein i dei siste åra auka innsatsen til infrastruktur (vidt definert) i regionalpolitikken. Gjennom regionale partnerskap har ein eit "forhandlingsprogram" der ein vel ut eit sett med verkemiddel både innanfor fysisk infrastruktur og

kompetanseutvikling. Elles er infrastruktur og viktige tiltak innanfor strukturfonda omtalte i neste kapittel.

4.8 EUs strukturfond og Interreg-programmet

4.8.1 Generelt om strukturfonda

EUs regionalpolitikk er forankra i EF-traktaten og går ut på å *minske skilnadene* i utviklingsgrad og fremme økonomisk og sosial utjamning ("*cohesion*") EU-statane imellom. Strukturfonda er dei viktigaste verkemidla i EU for dette. Desse midla er særleg retta mot dei delane av EU som er svakt utvikla, eller som står overfor omstillingar. EUs strukturfond er heimla i rådsforordning nr. 1260/1999. Her finn ein dei generelle prinsippa bak strukturfonda.

Det er viktig å få fram at *strukturfonda er underlagde dei same reglane* i EF-retten for statsstøtte som det nasjonale styresmakter er. Strukturfonda har derfor *ikkje meir handlingsrom* etter reglane enn det kvar medlemsstat har.

Strukturfonda i EU er fire ulike fond: regionalfondet ("*European Regional Development Fund*" – EDRF), sosialfondet ("*European Social Fund*" – ESF), utviklingsdelen av landbruksfondet ("*European Agricultural Guidance and Guarantee Fund*" – EAGGF) og eit eige finansieringsinstrument for fiskeria ("*Financial Instruments for Fisheries Guidance*" – FIGF). Dei fire fonda er *budsjettpostar* på EUs budsjett og ikkje avhengig av ei avkastning på ein fondskapital. Fondsbudsjetta er fastlagde for fleire år om gongen. For tidsrom-

Boks 4.4 Regionalstøtte i Finland

Tradisjonelt har dei finske regionalpolitiske verkemidla vore næringsretta verkemiddel administrerte av nærings- og handelsdepartementet gjennom det regionale kontoret. Dei viktigaste verkemidla har vore regional investeringsstøtte, transportstøtte og utviklingsstøtte for SMB, sjølv om det berre er dei to første som har vore avgrensa til det finske støttekartet. I tillegg har fleire horisontale støttetiltak hatt ein regional dimensjon, mellom anna prosjekt samfinansiert med strukturfonda og FoU-støtte gjennom "Tekes" og "Sitra" og risikokapitalstøtte gjennom "Finnvera".

I tillegg til bedriftsretta støtte har fleire nasjonale program hatt regionalpolitiske formål:

- *Utviklingsprogram for regionale senter* er eit program for å utvikle eit aukande nettverk av regionale senter som dekkjer alle finske regionar, gjennom å styrkje konkurranseevna til dei ulike regionale sentra og oppmuntre til

auka samarbeid mellom kommunar og offentlig og privat sektor.

- *Distriktpolitisk program*: Revitalisere og diversifisere den økonomiske aktiviteten i distrikta gjennom å tryggje og utvikle tenestetilbodet ved koordinerande tiltak i ulike relevante administrative sektorar for desse områda.
- *Centre of Expertise-programmet*: Betre rammevilkåra for etablering og utvikling av internasjonalt konkurransedyktig miljø innanfor forskning og kompetanseintensive næringar.
- *Utviklingsprogram for øyområde*: Diversifisere og få meir effektiv utnytting av areal i øykommunar, særleg i distrikta.

I tillegg vil dei regionale styresmaktene sette opp ein fireårig strategisk utviklingsplan og ein årleg handlingsplan.

Kjelde: European Policies Research Centre ved University of Strathclyde, Glasgow

met 2000–2006 er dei samla budsjetta på 213 mrd. euro. Kommisjonen har føreslått ei ramme på 336 mrd. euro for perioden 2007–2013.

Midlar som blir tildelte frå EU krev *nasjonal samfinansiering* ("matching funds"). Budsjettet for fonda reflekterer derfor ikkje den samla finansieringa som fonda utløyser. Som eit døme fekk *Sverige* i perioden 1995–99 samla 12,33 mrd. kroner frå strukturfonda. Kravet om minst tilsvarende nasjonal samfinansiering gjorde at finansieringa frå fonda utløyste minst 24,66 mrd. kroner til regional utvikling i Sverige i denne perioden.

Strukturfondsmidla er reserverte for EU-statane, men det er opna for *norsk deltaking* i Interreg-programmet. Det utløyser ikkje EU-midlar til dei norske deltakarane, der samfinansieringa skjer mellom den regionale parten og Kommunal og regionaldepartementet.

4.8.2 Målområda

Innsatsen frå fonda skjer i det ein kallar målområdar:

- *Mål 1* er retta mot område som ligg etter i utviklinga.
- *Mål 2* er retta mot omstilling i industriområde, byområde, rurale område og fiskeriavhengige område.
- *Mål 3* omfattar arbeidsmarknadspolitiske tiltak retta inn mot grupper med særlege problem på arbeidsmarknaden, og innsatsen her er uavhengig av geografi.

Av dei 195 mrd. euro som er sette av til strukturfonda i perioden, blir 136 mrd. euro fordelte til mål 1, 22,5 mrd. euro til Mål 2 og 24 mrd. euro til Mål 3. Resten av pengane går til det ein kallar fellesskapsinitiativ, der Interreg er det tyngste, og til såkalla pilotprosjekt.

Regionalpolitisk utjamning har vore eit satsingsområde i EU dei siste tretti åra. Heile 70 prosent av midlane i strukturfonda går til *tilbakestående regionar* (Mål 1-regionar).

Mål 1-regionar er for denne perioden

1. NUTS II³-regionar med BNP per innbyggjar som er *lågare enn 75 prosent* av EU-gjennomsnittet
2. Tidlegare Mål 6-område i Sverige og Finland (for perioden 1994–99 var målområda i Sverige og Finland kalla mål 6 med eit kriterium om spreidd busetjing)
3. Dei mest *ferntliggjande regionane* i EU (franske oversjøiske departement, Kanariøyane, Azorane og Madeira)

I tillegg finst Det europeiske utjamningsfondet ("*Cohesion Fund*") på 18 mrd. euro (148 mrd. kroner), som går til statar med ein *lågare levestandard* enn gjennomsnittet i EU.

Fondet blei oppretta med Maastrichttraktaten. Også dette fondet er heimla i traktaten og er regulert i ei eiga rådsforordning nr. 1264/1999. Utjamningsfondet finansierer først og fremst miljø- og infrastrukturprosjekt ("*Transnational European Networks*" – TEN) i medlemsstatar som har ein BNP på *mindre enn 90 prosent* av EUs gjennomsnitt. For strukturfondsperioden 2000–2006 skal fondet fordelast til prosjekt i Spania som får om lag 60 prosent av pengane, Hellas og Portugal får kvar om lag 17 prosent og Irland rundt 5 prosent. Der som ein stat ikkje tilfredsstiller hovudkriteriet etter ei midtvegsevaluering (det vil seie at staten kan vise til ei positiv utvikling), kan overføringane for resten av perioden reduserast eller falle bort.

Stort sett har det vore slik at Mål 1-områda skriv seg til dei relativt fattige EU-statane i sør. Eit viktig unntak er visse område med ekstremt lågt folketal nord i Sverige og Finland. Med den siste utvidinga av EU har den målte gjennomsnittlege *levestandarden i EU gått ned*, og brorparten av strukturfondsmidlane kjem no til å bli kanaliserte til dei nye medlemsstatane. Fleire av dei statane som tidlegare var dei økonomisk svakaste, vil få mindre støtte etter EU-utvidinga. BNP-kriteriet for Mål 1-områda ser ut til å bli stadig strengare handheva.

Mål 2-regionar er område med strukturelle problem. Kriteria for støtte til økonomisk og sosial omstilling er for

1. *industrielle område* at dei har høgare arbeidsløyse og høgare del av sysselsetjinga i industrisektoren enn EUs gjennomsnitt og har ein nedgang i industrisysselsetjinga
2. *rurale område* at dei har spreidd busetjing eller ein stor del av arbeidskrafta sysselsett i landbruket saman med ei aukande arbeidsløyse i tillegg til nedgang i folketalet
3. *urbane område* at dei oppfyller eitt av desse fem kriteria: høg langtidsløysing, høgt fattigdomsnivå, miljøproblem, høg kriminalitet eller lågt utdanningsnivå
4. *område avhengige av fiske* at dei har ein stor del av sysselsetjinga i fiskerisektoren og ein nedgang i sysselsetjinga i denne sektoren

Ikkje meir enn 18 prosent av innbyggjarane i EU kjem inn under Mål 2. For Mål 2-område gjeld dei to fonda *ERDF* og *ESF*.

Mål 3 regulerer støtte til utdanningssystemet, opplæringstiltak, arbeidsmarknadstiltak og sysselsetjingstiltak. *Støttekriteria* til slike område er å

- fremme ein aktiv arbeidsmarknadspolitikk for å redusere arbeidsløysa
- forbetre tilgangen til arbeidsmarknaden, med spesiell fokus på menneske som står overfor sosial utestenging
- fremme sysselsetjing gjennom utdanningsprogram og livslang læring

3. Statistisk nomenklatur som EUROSTAT har utvikla.

- fremme tiltak som identifiserer nødvendige tilpassingstiltak på førehand
- fremme likestilling mellom kjønna

Mål 3 er å sjå på som eit rammeverk for alle tiltak for å fremme utvikling av *menneskelege ressursar* til dei spesielle behova i dei ulike regionane. Mål 3 er òg knytt til den europeiske sysselsetjingsstrategien og kapittelet om sysselsetjing i EF-traktaten. Program under Mål 3 skal gjennomførast utanfor Mål 1- og Mål 2-områda.

EUs regionalpolitikk er også grunna i at dei ser på regionane som basis for økonomisk utvikling. *I tillegg til målområda* finansierer fonda også det ein kallar fellesskapsinitiativ. Det største er det grenseregionale programmet *Interreg*, som er det einaste som opnar for norsk deltaking.

4.8.3 Fellesskapsinitiativ

Av strukturfonda er 5,35 prosent (10,4 mrd. euro for 2000–2006) øyremerkt til såkalla "*Community Initiatives*". Det finst fire slike initiativ:

1. *Interreg III* er grensekryssande (Interreg IIIA), transnasjonale (Interreg IIIB) og interregionale (Interreg IIIC) tiltak (i alt 4,875 mrd. euro).
2. *URBAN II* er omstilling av byområde i krise (700 mill. euro).
3. *LEADER+* er rural utvikling gjennom nyskapande, lokale prosjekt (2,020 mrd. euro).
4. *EQUAL* skal motverke diskriminering og ulikskapar i arbeidsmarknaden (2,847 mrd. euro).

4.8.3.1 Norsk deltaking i Interreg-programmet

Noreg kan delta i både Interreg og LEADER+ programma, men er i dag berre med i Interreg. Av *aktivitetar* som blir støtta, er etablering av nettverk, transnasjonalt samarbeid, utdanning, kunnskapsoverføring osv. Det blir ikkje gitt direkte bedriftsstøtte innanfor programmet. Interreg IIIA er regionalt forankra, medan Interreg IIIB og C er både regionalt og nasjonalt forankra.

Noreg deltek i den noverande programperioden i tre *grenseregionale program* (under Interreg IIIA). Desse er "*Interreg Nord*", "*Interreg Kvarken – Midt Skandia*" og "*Interreg Noreg-Sverige*". "*Interreg Nord*" er eit program mellom dei nordre delane av Noreg, Finland og Sverige og har tre delprogram, "*Nordkalotten*", "*Kolarctic*" (med russisk deltaking) og "*Såpmi*". "*Noreg-Sverige*" har fire delprogram, som er "*Sør-Såpmi*", "*Nordens grøne belte*" (Trøndelag/Jämtland), "*Indre Skandinavia*" (Värmland/Dalarna med Hedmark, delar av Akershus og nordre Østfold) og "*Et grenseløst samarbeid*" (søre Østfold med nordre del av Västra Götaland).

Noreg deltek i tre *transnasjonale program* (Interreg IIIB): "*Nordleg Periferi*", "*Nordsjøen*" og "*Østersjøen*".

I det *interregionale programmet* (Interreg IIIC) kan regionar over heile Europa etablere nettverkssamarbeid og erfaringsutveksling. Noreg er med i Interreg IIIC Nord. Sjå elles desse nettstadene: <http://www.interreg.no>; http://www.europa.eu.int/comm/regional_policy/index_en.htm og <http://www.nordregio.se/>

4.8.4 Strukturfonda etter 2006

For perioden 2007–2013 foreslår Kommisjonen at inndelinga i tre målområde blir halden ved lag, men at måla blir knytte til:

1. *Konvergens* gjennom å fremme økonomisk vekst og sysselsetjing i dei *minst utvikla områda* i EU. Heile 78 prosent av strukturfondsmidlane skal gå med til dette. For å bli definert under dette målområdet må ein region anten vere
 - a) NUTS II-region med mindre enn 75 prosent av BNP målt i *kjøpekraft* av EUs gjennomsnitt
 - b) region påverka av den *statistiske effekten* ved redusert gjennomsnittleg BNP av utvidinga av EU. Desse kjem til å bli utfasa over ein sjuårsperiode
 - c) spesielle program for dei *oversjøiske områda* (Kanariøyane osv.)
2. *Regional konkurransekraft og sysselsetjing*. Dette er retta inn mot dei *delane av EU* som ikkje får støtte under det første målområdet. Måla med dei regionale programma er å medverke til å styrkje konkurransevna, omstille næringsliv og arbeidskraft, auke kompetansen i arbeidsstokken, trekkje til seg investeringar og fremme rolla regionale styresmaktene har som utviklingsaktør. Om lag 18 prosent av strukturfondsmidlane er føreslått nytta på dette målområdet.
3. *Territorialt samarbeid* (tidlegare Interreg). Her er målet å fremme integrasjon over landegrensene, både innanfor EU og mellom EU og tilgrensande område. I alt 4 prosent av strukturfondsmidlane er føreslått nytta til dette.

Ein kan finne fleire opplysningar om den framtidige regionalpolitikken i EU for perioden 2007–2013 på http://www.europa.eu.int/comm/regional_policy/debate/forum_en.htm.

4.9 Nye reglar i EU med verknad for statsstøtteområdet

Oppdraget for utvalet er knytt til dei *gjeldande* reglane for statsstøtte, men det ville vere ufullstendig ikkje å nemne forslaga frå Kommisjonen til regelendringar i EU på statsstøtteområdet. Endringar i regelverket for statsstøtte vil bli ein del av EØS-reglane.

ESA vil i så fall revidere *retningslinjene sine* for perioden frå og med 2007 i tråd med det som blir vedteke som retningslinjene for Kommisjonen, sjå ESAs retningslinjer kapittel 25A. Vidare skal reglane for risikokapital, støtte til forskning og utvikling og miljøstøtte reviderast i løpet av 2005.

4.9.1 Nye reglar for regionalstøtte

Dei noverande reglane for regionalstøtte gjeld frå 2000 til og med 2006. Utkast til nye reglar for perioden frå 2007 blir venteleg lagde fram hausten 2004. Kommisjonen sende ut eit høyringsnotat i slutten av april 2004. Her trekkjer Kommisjonen opp linjene for den føreståande revisjonen. Kommisjonen føreslår mellom anna ei vidareføring av reglane om at område med *lågt folketal per kvadratkilometer* skal reknast med i regelverket for regionalstøtte, og at driftsstøtte som *transportstøtte* også blir vidareført.

Kommisjonen føreslår også at ein opnar for at det i *arktiske soner* med nedgang i folketallet kan bli gitt andre former for driftsstøtte enn transportstøtte. Dette kan gjere det mogleg å gjeninnføre ordninga med gradert arbeidsgivaravgift. Det er eit vilkår at slik støtte ikkje påverkar konkurransen mellom medlemsstatane. I notatet heiter det mellom anna:

"For arctic areas suffering from continued depopulation, the Commission may authorise other types of operating aid where such aid is necessary to stop depopulation and provided that the aid does not adversely affect trading conditions to an extent contrary to the common interest."

Forslaget vil bli teke opp til diskusjon i EU. Norske styresmakter vil kunne ta del i drøftingane. Utvalet meiner at forslaget kan gi grunnlag for at norske styresmakter tek opp den graderte arbeidsgivaravgifta på ny. Som det vil gå fram av utgreiinga, meiner uvalet at den graderte arbeidsgivaravgifta er eit godt tiltak for regional utvikling. I samband med behandlinga av forslaget til endring må ein mellom anna presisere nærare kva som er "arktiske område, og kva som må reknast som avfolking. Ein kan ikkje sjå bort frå at store delar av støttekartet for Noreg kan kome inn under slike vilkår.

4.9.2 Krise- og omstrukturingsstøtte

Kommisjonen føreslår no å innføre eit nytt omgrep – *hastestøtte* – som skal omfatte det ein tidlegare kalla

krisestøtte. Utkastet presiserer og skjerpar dei noverande reglane.

4.9.3 Støtte som har avgrensa verknad på samhandelen

Som eit ledd i moderniseringa av reglane for statsstøtte, har Kommisjonen vurdert ulike metodar for å identifisere tiltak som har ein avgrensa effekt på samhandelen mellom medlemsstatane, og som dermed kan vere underlagde eit *forenkla meldingssystem*.

Kommisjonen har fremma to ulike forslag. Det eine er basert på at *små summar* som går til horisontale mål (til dømes FoU, miljøvern og opplæring) til beste for Fellesskapet, har lite potensial til å påverke samhandelen. Den andre tilnærmingsmåten er basert på at *visse identifiserte typar* støtte vil ha avgrensa verknad på samhandelen. Støtta må i begge tilfella meldast til Kommisjonen (ESA), men etter ei forenkla saksbehandling.

4.9.4 Tenester av allmenn økonomisk interesse

I den såkalla Altmark-saka, som er nemnd i avsnitt 2.2.4, fann EF-domstolen at kompensasjon til føretak som er tildelt oppgåva med å utføre tenester av allmenn økonomisk interesse, ikkje var notifikationspliktig statsstøtte dersom dei fire vilkåra var oppfylte.

Kommisjonen har følgd opp avgjerda med å leggje fram *tre dokument* som skal auke rettstryggleiken for medlemsstatane og bedriftene som utfører slike tenester. Dokumenta gjeld:

1. Kompensasjon til "små" tenester, det vil seie summar under ein viss terskel til føretak som utfører tenester av allmenn økonomisk interesse.
2. Dei vilkåra som skal nyttast for å godkjenne støtte som er meldepliktig når dei såkalla Altmark-vilkåra ikkje er oppfylte.
3. Endringar i direktivet (80/723/EØF) som sikrar innsyn i transaksjonar mellom det offentlege og føretak der det offentlege har dominerande påverknad, og innsyn i private føretak som det offentlege gir særlege eller eksklusive rettar. For å tilpasse direktivet til rettstilstanden etter Altmark-avgjerda, skal også føretak som utfører slike tenester, og som samtidig driv verksemd i konkurranse med andre, omfattast av direktivet.

Kapittel 5

Oppsummering og vurderingar

5.1 Innleiing

Spørsmålet som utvalet har undersøkt, er kva for handlingsrom EØS-reglane om offentlig støtte gir norske styresmakter i distrikts- og regionalpolitikken. Dette er eit spørsmål om kva for *juridiske rammer* styresmaktene må handle innanfor. Utgangspunktet er at statsstøtte er forboden, men i ein del tilfelle er det gjort unntak frå dette etter gitte retningslinjer og forordningar.

Handlingsrommet for styresmaktene er dermed knytt til kva ESA kan tillate, anten gjennom godkjenning av støtteordningar, eller støtte i enkeltsaker. Det er ikkje alltid noka skarp grense mellom tiltak som fell utanfor og innanfor EØS-avtalen, og heller ikkje mellom tiltak som etter EØS-reglane blir rekna som statsstøtte eller ikkje. Desse grensedragingane kan dermed påverke handlingsrommet i saker om statsstøtte for dei nasjonale styresmaktene.

Sjølv om styresmaktene har eit handlingsrom i forhold til rettsreglane om statsstøtte, er det ikkje sjølvstøtt at handlingsrommet bør utnyttast. Dette må vurderast ut frå både faglege og politiske omsyn. Utnyttinga av dette handlingsrommet er knytt til *nasjonale prioriteringar*, mellom anna av knappe budsjettmidlar.

Utvalet er samd i det synet at den graderte arbeidsgivaravgifta er eit *godt tilpassa regionalpolitisk verkemiddel* etter norske forhold. Framlegget om nytt regionalpolitisk regelverk som skal gjelde frå 2007, og som er omtalt i avsnitt 4.9, er no til drøfting i EU. Dette kan gi høve til endringar i regelverket, og det kan opne for generell bruk av gradert arbeidsgivaravgift i ein stor del av dei områda der tiltaket har vore nytta.

Om ein trur at norske styresmakter vil lykkast i dette arbeidet, bør dei tiltaka som blir sette i verk i mellomtida for å kompensere for den graderte arbeidsgivaravgifta, ikkje ha form og innhald som gjer dei vanskelege å oppheve. Dette taler mellom anna for at ein ikkje opprettar nye organ i regionalpolitikken, men heller nyttar dei institusjonane og ordningane som alt finst.

5.2 Det juridiske handlingsrommet

Støtte som er gitt av norske styresmakter, kjem ikkje inn under EØS-reglane om statsstøtte i desse tilfella:

- Styresmaktene kan yte statsstøtte på eit område som *ikkje er dekt av EØS-avtalen*. Dette gjeld innan-

for delar av fiskeri- og landbrukssektoren, sjå avsnitt 2.1.2.

- Styresmaktene kan yte støtte som klart *ikkje er omfatta av statsstøtedefinisjonen* i artikkel 61(1) i EØS-avtalen. Til dømes gjeld det støtte som ikkje oppfyller kravet om å påverke samhandelen, sjå avsnitt 2.2.2.

Styresmaktene må *melde frå* til ESA om offentlig støtte som det er ønskeleg å gi for å få støtta godkjend. Meldingsplikta gjeld likevel ikkje støtte i desse tilfella:

- Styresmaktene kan yte støtte til tiltak som ikkje treng godkjenning på førehand, når tiltaket oppfyller vilkåra om *gruppefritak* for opplæringsstøtte, sysselsetjingsstøtte, støtte til SMB eller bagatellstøtte, sjå avsnitt 2.2.3.
- Styresmaktene kan tildele og auke støtte innanfor ei *støtteordning som alt er godkjend* av ESA, dersom høvet til støtte ikkje er nytta fullt ut.
- Enkelttildelingar under gruppefritaka og godkjendte støtteordningar treng styresmaktene ikkje å notifisere til ESA.
- Styresmaktene kan yte vederlag til bedrifter som er tildelte ei oppgåve med å utføre *tenester av allmenn økonomisk interesse*. Føresetnaden er at tildelinga oppfyller dei vilkåra som er sette, sjå avsnitt 2.2.5.

Det kan vere vanskeleg å trekkje grensa mellom kva som er og ikkje er statsstøtte, til dømes vurderingar av kva som er marknadsvilkår eller korleis samhandelen blir påverka. Praktiseringa av unntaka frå statsstøtte kan innebere vurderingar ut frå skjønn.

Er det *rimeleg tvil* om eit tiltak blir råka av statsstøtteforbudet, taler mykje for at saka blir meld til ESA. Årsaka er at om støtta er ulovleg, kan ESA krevje at bedrifta må betale pengane tilbake. Dette kan vere økonomisk vanskeleg for bedrifta som har fått støtte, og politisk vanskeleg for styresmaktene. Støtte som er meld til ESA, kan ikkje bli gitt så lenge saka blir behandla.

Norske styresmakter kan rette seg etter ESAs haldning. Men er norske styresmakter usamde med ESA om korleis reglane for statsstøtte i EØS-avtalen skal tolkast, kan saka prøvast for EFTA-domstolen. Omsynet til ei *rettsleg avklaring* kan gjere det ønskeleg at norske styresmakter går til sak for EFTA-domstolen. Dette kan til dømes gjelde om saka er prinsipiell eller særskild viktig elles. Vinn styresmaktene fram, vil det føre til at dei får eit større handlingsrom enn om dei hadde godteke ESAs syn.

5.3 Dei økonomiske omsyna

Når ein vurderer tiltak som skal kompensere for endringa i den graderte arbeidsgivaravgifta, kan ein ta utgangspunkt i dei positive verknadene dette tiltaket har. I kapittel 3 har vi drøfta sterke og svake økonomiske sider ved ulike verkemiddel. Det er fire forhold ein legg særskilt vekt på ved denne vurderinga: *treffgrad, styringseffektivitet, transaksjonskostnader og vridingseffektar*.

Den graderte arbeidsgivaravgifta kompenserer for lønnskostnadene til bedriftene og verkar med det direkte inn på sysselsetjinga (det blir billigare å tilsetje folk). Dersom årsaka til låg busetjing er få eller lite varierte arbeidsplassar, vil tiltak som subsidierer arbeidskrafta, ha positive verknader når det gjeld å auke sysselsetjinga. Da vil talet på arbeidsplassar skapte eller haldne ved lag, bli høgast per støttekrone. Ein kan seie at verkemiddelet har *god treffgrad* i forhold til distriktsproblemet og *høg styringseffektivitet*.

Ved tiltak som verkar *indirekte*, til dømes gjennom transportmarknaden, kan støttekostnadene per arbeidsplass bli høgare. Næringslivet får ein stimulans, men det er usikkert kva effekt lågare transportkostnader eller betre kvalitet på transportinfrastrukturen har for sysselsetjinga i distrikta. Tiltak som verkar gjennom kapitalmarknaden, til dømes støtte til fysiske investeringar, kan stimulere den økonomiske veksten, men treng ikkje å stimulere sysselsetjinga.

Arbeidsintensive bedrifter med høgt lønnsnivå vil få den sterkaste stimulansen gjennom den graderte arbeidsgivaravgifta. Når målet er fleire arbeidsplassar med høgt lønnsnivå, blir *styringseffektiviteten* høg. På den andre sida vil alle som betaler lønn til tilsette, nyte godt av ei slik ordning. Generelle ordningar kan dermed bli kostbare. Dette gjelder også dei arbeidsgivarane som ikkje let seg påverke av stimulansen, og bedrifter som ville ha greidd seg utan ordninga. I den grad støtta berre aukar overskotet i bedrifta, er *styringseffektiviteten* låg om ikkje overskotet blir nytta lokalt til å skape vekst.

Selektive verkemiddel har sin styrke i at dei både kan rettast mot dei behova kvar bedrift har, og mot prioriterte område. Støtte blir gitt etter søknad ut frå faglege vurderingar i kvart tilfelle. Men det kan da bli andre *styringsproblem* fordi behandling av søknader krev vanskeleg tilgjengeleg informasjon, mellom anna om mottakarane verkeleg treng støtte, eller om det gjeld eit godt prosjekt.

Administrasjonen av støttetiltak fører til *transaksjonskostnader* hos både styresmaktene og mottakarane. Slike transaksjonskostnader kan vere store. Dette gjeld særleg tiltak som er baserte på ei individuell behandling i motsetning til tiltak som verkar automatisk. Styresmaktene bruker tid på å hente inn informasjon og behandle søknadene, administrere verkemiddeletaten m.v. Søkjarane bruker tid og

andre ressursar mellom anna på å gjere seg kjent med ordningane, søkje om støtte og seinare rapportere. Dessutan bruker bedriftene noko av sine ressursar på å få støtte i staden for å skaffe seg ein betre marknadsposisjon. Det kan gi feil bruk av ressursane i bedrifta. Men tiltak som er baserte på søknad, gjer det også mogleg med betre budsjettkontroll og styring mot utvalde mål.

Verkemiddel som er retta mot å støtte ein bestemt produksjonsfaktor vrir dei relative prisane og fører til auka bruk av denne faktoren. Om til dømes arbeidskraft, kompetanse eller FoU blir støtta, aukar bruken av desse faktorane. Dette er tilsikta *vridingseffektar*. Men verkemiddel kan også ha vridingseffektar som ikkje er tilsikta eller ønskjelege. Til dømes vil investeringsstøtte redusere prisen på kapitalinvesteringar. Da kjem det til å bli investert meir. Men dette kan minke bruken av arbeidskraft fordi bedrifta til dømes får meir effektive maskinar.

Ei anna type vriding er mellom *geografiske område* som får tildelt støtte, og område utan støtte. Det er da eit mål å vri aktiviteten frå område utan støtte til område med støtte.

Det er viktig å ta omsyn til *dei dynamiske effektane* av dei ulike tiltaka. Verkemiddel som styrkjer endrings- og nyskapingsevna til bedriftene, til dømes gjennom auka investeringar og FoU, eller gjennom infrastrukturtiltak, kan skape vekst på lang sikt. Dette kan sikre arbeidsplassar og skape auka sysselsetjing.

5.4 Vurderingar av handlingsrom og tiltak

Med eit relativt stort juridisk handlingsrom vil dei faglege og politiske vala i nokon grad bli styrte av om ein *vil kompensere* for avgiftsauken, eller om ein siktar meir mot *overordna regionalpolitiske mål*. Også handlingsplanane frå fylkeskommunane reflekterer desse to perspektiva.

Eit omsyn for styresmaktene kan vere å utforme tiltaka slik at dei best mogleg treffer dei arbeidsplassane og næringane som mister eit viktig støtteelement. Det kan ein gjere gjennom eit *utval av selektive verkemiddel*. Dei bedriftene som blir særleg råka av omlegginga, er mellomstore og store arbeidsintensive bedrifter som ikkje får transportstøtte, til dømes større tenesteytande bedrifter.

På kort sikt kan eit slikt utval *kompensere* meir direkte enn verkemiddel som verkar indirekte og på lengre sikt, til dømes infrastrukturtiltak og personretta tiltak. Dei selektive verkemidla er styringseffektive i forhold til enkeltbedrifter. Ein kan også ta eit visst omsyn til bransjeulempar når ein bestemmer seg for selektive tiltak i dei ulike regionane.

Eit anna perspektiv kan vere å finne fram til tiltak som påverkar *overordna regionalpolitiske mål* på litt

lengre sikt. I denne tankegangen stiller ein seg friare samanlikna med ein direkte kompensasjon. Ein kan argumentere for å bruke selektive verkemiddel her også, men effektane for utviklinga på litt lengre og lang sikt vil stå meir sentralt.

Ein kan òg sjå på korleis ein best kan innrette *organiseringa* av tiltaka, slik at det blir færrest mogleg styringsproblem og transaksjonskostnader.

I kapittel 4 har vi sett at det er meir dei *nasjonale prioriteringane* enn EØS-reglane som set grensa for kor stor støtte som blir gitt til ulike formål. Styresmaktene har eit stort handlingsrom innanfor støtteordningar som alt er godkjende av ESA, til dømes å gradere ei godkjend horisontal støtteordning innanfor den melde maksimale støttesatsen, eller berre å støtte visse regionar.

Ei rekkje tiltak kan nyttast meir enn i dag. Men det er ikkje sikkert at det i alle tilfelle er fornuftig å gjere det. Somme tiltak er dessutan vanskelegare å få godkjent av ESA enn andre, og i nokre tilfelle er handlingsrommet klarare enn i andre. At eit handlingsrom er klart, kan i seg sjølv vere eit argument for å nytte det om ein samanliknar med mindre klare tilfelle.

ESA har sett ei grense for bagatellstøtte per føretak som ein fritt kan gi utan at det blir sett på som statsstøtte. Etter omlegginga er den graderte arbeidsgivaravgifta gitt prioritet i bruken av dette fribeløpet. Dette reduserer mykje av handlingsrommet for å gi anna støtte som bagatellstøtte i regionar der arbeidsgivaravgifta blir auka. Til dømes nyttar mange av dei kommunale næringsfonda denne heimelen for dei næringsretta tiltaka sine i dag. Ei notifikasjon og godkjenning av desse tiltaka i forhold til gruppefritak eller andre unntak vil auke det samla handlingsrommet.

5.5 Nokre konkrete vurderingar

I dette avsnittet har vi trekt fram nokre tiltak der det finst eit klart handlingsrom. Det blir vist til gjennomgangen i avsnitt 4.2.

5.5.1 Fysiske investeringar

Investeringsstilskot er eit døme på at styresmaktene kan ha stort handlingsrom innanfor fastsette rammer med omsyn til støtteintensitet. Det er omtalt i avsnitt 4.2.2.

Når det gjeld støtte til bedriftene sine fysiske investeringar, kan styresmaktene til dømes

- auke den noverande støttegraden innanfor dei fastsette maksimalstøttesatsane
- opne for at også store bedrifter i større grad enn no får støtte innanfor dei fastsette maksimalsatsane
- gi investeringsstilskot til prosjekt med eit lågare innovativt innhald enn det som krevst no

Innanfor eksisterende ordningar er tildelingar til dei ulike prosjekta gitt ut frå ei vurdering av om dei løyser ut investeringar som elles ikkje ville ha blitt gitt. Ein prioriterer prosjekt med eit nyskapingssinnhald. Generelt vil nyinvesteringar kunne gi auka produktivitet og trekkje med seg både produkt- og kompetanseutvikling.

Långivarar og låntakarar har ulik informasjon om risikoen og potensialet i prosjekta. Dette er ei særleg ulempe for mindre bedrifter som kan ha dårleg tilgang til alternative kapitalkjelder. Slike negative sider ved kredittmarknaden kan tale for å bruke investeringsstøtte meir aktivt.

I distrikta vil òg andrehandsverdien av fysiske investeringar som bygg, anlegg og andre mindre mobile kapitalgjenstandar, vere lågare enn i sentrale strøk. Dermed vil risikoen ved lån til slike investeringar bli høgare og tilbodet av kapital dårlegare her. Det kan tale for å opne for støtte til investeringsprosjekt i distrikta uavhengig av innovasjonsinnhaldet i prosjekta.

Når det gjeld sysselsetjing, verkar investeringsstøtte indirekte og er dermed mindre målretta på kort sikt. Slike tiltak kan likevel ha gode effektar på lengre sikt dersom det styrkjer konkurranseevna og fører til auka produksjon. At store bedrifter i større grad kan få slike tilskot, kan gi meir dekning av dei auka kostnadene etter omlegginga av arbeidsgivaravgifta enn det som kan skje gjennom bagatellreglane aleine. Dersom ein nyttar eit kompensasjonsperspektiv, er det ei ulempe at støtte til fysiske investeringar i mindre grad vil råke kompetanseintensive, tenesteytande næringar.

Evalueringar av dei tildelingane Innovasjon Norge gjer av investeringsstilskot, tyder på at dette er eit føreseieleg verkemiddel og at det er relativt kostnadseffektivt. Det er enkelt å administrere og har få styrings- og insentivproblem. Ordninga kan gjerast meir generell ved at ein innfører henne som ein rett dersom prosjektet oppfyller visse minstekrav. Dess meir automatisk verkemiddelet er utforma, dess mindre er tilpassingsproblema. Derimot kan det vere andre problem i samband med ei slik ordning. Det vil mellom anna auke kostnadene ved ordninga og kan føre til overinvesteringar.

5.5.2 Sysselsetjing

Støtte til å auke sysselsetjinga kan kome inn under gruppefritaket etter kommisjonsforordninga, eller inn under støtte til jobbskaping etter ESAs retningslinjer for regionalstøtte. I den grad det blir opna for støtte etter gruppefritaket, er melding til ESA ikkje nødvendig, berre ei forenkla melding til Nærings- og handelsdepartementet. Både denne ordninga og regionalstøtte til jobbskaping i samband med investeringar, blir meir nytta i andre EØS-statar enn i Noreg.

I eit kompensasjonsperspektiv kan dette vere eit godt alternativ for å støtte tenesteytande næringar. Slike føretak vil ofte ikkje få full kompensasjon etter dei tiltaka som er gjorde for å kompensere for omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta. Dei får til dømes ikkje transportstøtte, og store føretak får liten kompensasjon innanfor grensa for bagatellstøtte.

Støtte til nyinvesteringar vil i første rekkje favorisere kapitalintensive verksemdar med relativt store krav til lokale, maskinar m.v. Spesielt for verksemdar innanfor fleire av servicenæringane og store delar av bygg og anlegg kan behovet for slike investeringar vere lite.

Støtte til jobbskaping vil treffe direkte når det gjeld målet om å auke sysselsetjinga, særleg i arbeidsintensive næringar som til dømes servicenæringar. Desse næringane, og særleg kompetanseintensiv forretningsmessig tenesteyting, har ikkje dei fordelane som sentral lokalisering gir. I slike bransjar kan det derfor vere fornuftig å bruke verkemiddel som er direkte retta mot jobbskaping. Det kan vere vanskeleg å administrere ordningar som skal gi støtte berre til auke i sysselsetjinga, fordi ein kan få tilpassingar til systemet. Derfor kan ein få styringsproblem i samband med administrasjon og kontroll med dette.

5.5.3 Kompetanseheving

Støtte til kompetansehelevande tiltak kan kome inn under eit gruppefritak frå meldeplikta knytt til *opplæring*. Dersom ein er innanfor dette, er det inga notifikasjonsplikt til ESA, men ei forenkla meldeplikt til det ansvarlege departementet. På dette feltet er handlingsrommet stort.

Dei fleste bedrifter vil ha nytte av kompetansehelevande tiltak, og ofte nyttar bedrifter færre ressursar til slik aktivitet enn det som er samfunnsøkonomisk tenleg. Det er lite midlar som går til slike kompetansehelevande tiltak etter dei ordningane vi har i dag. Dersom det er ønskjeleg, kan kompetansehelevande tiltak rettast mot dei bedriftene som får dei høgaste kostnadene ved omlegginga av avgifta.

Kompetanseheving kan altså vere tenleg både i eit kompensasjonsperspektiv og i eit utviklingsperspektiv. Det vil likevel vere vanskeleg å måle kor lønnsamt eit kompetansetiltak er.

5.5.4 Forsking og utvikling

Støtte til FoU kjem inn under horisontal støtte som må meldast til ESA. Innanfor dei eksisterande ordningane er det rom for auka bruk av *regional gradering av støtte til FoU*. Etter reglane for statsstøtte til FoU, kan ein gi fem prosentpoeng høgare støtte til FoU-prosjekt innanfor støttekartet enn til prosjekt utanfor. Dette er ikkje gjort i alle tilfelle no. I praksis er det i mindre grad teke regionale omsyn ved tildeling av midlar til FoU i Noreg.

Samanlikna med maksimalsatsane etter reglane for statsstøtte ligg den gjennomsnittlege støtta lågare for dei fleste av dei gjeldande tilskotsordningane til FoU. Derimot vil dei fleste verksemdene med FoU-aktivitetar nytte skattefrådraget gjennom ordninga med SkatteFUNN. Maksimalsatsane for støtte til FoU i ESAs retningslinjer for statsstøtte sett ei grense for støttegrad per prosjekt. Handlingsrommet for å gi støtte frå andre ordningar i tillegg til SkatteFUNN er avhengig av forskingsinnhaldet i prosjektet og kor stor bedrifta er, i tillegg til lokalisering.

Når det gjeld sjølve ordninga med SkatteFUNN, ligg det eit *unytta handlingsrom* gjennom ein auke i dei tillatne satsane for skattefrådrag for SMB og ved at ein tek bort det øvre taket for frådraget som dei nasjonale retningslinjene set. Både ei opning for auke i satsane for skattefrådrag og auke i maksimalbeløpet må meldast til ESA.

Det vil vere vanskeleg å måle den distriktpolitiske effekten av eit slikt tiltak. SkatteFUNN er mellom anna grunnlagt i dei eksterne effektane av FoU, det vil seie at også andre bedrifter enn dei som ber kostnadene av prosjektet, kan få nytte av kunnskapen som blir generert ved eit FoU-prosjekt. Dei eksterne effektane som følgjer av FoU som er utført av bedrifter i distrikta, er neppe systematisk høgare enn effektane av FoU sentralt lokaliserte bedrifter har stått for. Ein eventuell regionalt grunnlagt støtte til FoU som bør derfor givast som eit særskilt tilskot, slik at de regionale effektane av støtta også kan vurderast særskilt.

Det er fleire grunnar for at gjennomsnittleg støtte frå Forskringsrådet og Innovasjon Norge ligg lågare enn den maksimalt tillatne. Dette har å gjere med prioriteringar, budsjetttrampar og at ein ikkje skal gi meir støtte enn det som skal til for å utløyse aktiviteten. SkatteFUNN blir meir nytta av verksemdar utanfor støttekartet enn innanfor. Det fortel at det er mindre forskning i distrikta enn i sentrale strøk. Ut frå eit kompensasjonsperspektiv vil treffgraden av støtte til FoU dermed vere mindre enn ved andre tiltak, fordi få av bedriftene driv med FoU-aktivitet, og enda færre gjer det kvart år. I eit utviklingsperspektiv vil støtte til FoU vere tenleg dersom det fører til auka nyskaping, vekst og lønnssemd i næringslivet i distrikta.

5.5.5 Infrastruktur

Handlingsrommet for å gi støtte til infrastruktur er stort.

Fysiske infrastrukturar som tradisjonelt er dekte over dei statlege budsjetta, ikkje blir rekna som statsstøtte. Slike infrastrukturar er opne for alle og favoriserer ikkje enkeltbedrifter når det gjeld pris, tilgang eller tenestenivå. Dersom det dreier seg om infrastruktur det er vanlegare at marknaden sørgjer for, vil støtte til tiltak som berre kjem eit mindre område til gode, lettare bli vurdert som statsstøtte. Kvart tiltak må vur-

derast for seg i forhold til dei fire kriteria for statsstøtte som er omhandla i kapittel 2.

Også når det gjeld dei *tilretteleggjande aktivitetane*, er selektivitetsvilkåret viktig. Støttetiltakane må ikkje omfattast av vilkåret "*enkelte foretak eller produksjonen av enkelte varer*". Til dømes vil marknadsføring av ein region i utgangspunktet ikkje vere ulovleg støtte. Men dersom det eigentleg er marknadsføring av det einaste hotellet i dalen, kan det bli vurdert annleis.

Etablering av næringshagar og liknande *nettverksbyggjande aktivitetar* kan kompensere for nokre av dei ulempene som følgjer av små miljø på mindre stader. Tenester som er knytte til kunnskapsparkar, inkubatorar, næringshagar, utviklingsselskap, bygging av nettverk m.v. kan også kome inn under omgrepet infrastruktur. Ved etablering av slikt må tenestene bli gitt etter dei same vilkåra som elles i marknaden.

Samanhangen mellom investeringar i *transportinfrastruktur* og regionalutvikling er ikkje eintydig. Det er ikkje lett å snu ei negativ utvikling i ein region ved hjelp av investeringar i transportinfrastrukturen. Unntaket er om det er ein situasjon der samfunnsøkonomisk gode prosjekt ikkje blir gjennomførte på grunn av mangel på pengar og når manglande infrastruktur er ein flaskehals for utviklinga. I slike tilfelle kan det gi gode regionale effektar å investere i transportinfrastruktur som òg kan gi målbare effektar for bedriftene. "Effektutvalet" prioriterte *breiband* framfor fysisk transportinfrastruktur. Grunnen var at marknadskreftene ikkje utan vidare gir nok investeringar der folketalet er under ei kritisk mengd for lønnsemd.

Generelt verkar infrastrukturtiltak meir indirekte på sysselsetjing og har størst effekt på den regionale utviklinga over tid. Det er litt vanskelegare å nytte slike tiltak innanfor eit reint kompensasjonsperspektiv, men eit døme kan vere marknadsføring av reiseliv og utvikling av kulturprosjekt. Slike tiltak kan kome dei store bedriftene innanfor reiselivsnæringa til gode. Desse får liten nytte av andre kompenserande tiltak, til dømes transportstøtte. Støtte til regional marknadsføring kan utløse positive tiltak som det elles er vanskeleg å koordinere. Innanfor ei nytte-kostnad-tilnærming kan ein finne ut om tiltaka er samfunnsøkonomisk lønnsame. Samfunnsøkonomisk lønnsame infrastrukturtiltak vil generelt vere i tråd med eit breiare utviklingsperspektiv.

5.5.6 Andre tiltak

Handlingsrommet for *driftsstøtte* er lite. Med omlegginga av den graderte arbeidsgivaravgifta er dette handlingsrommet avgrensa til å gjelde direkte transportstøtte. Her er det som omtalt i avsnitt 4.2.8 noko handlingsrom att.

Meir *personretta* tiltak og *tiltak retta mot eit auka offentleg og privat tenestetilbod* generelt er i samsvar med eit utviklingsperspektiv. Regelverket opnar mellom anna for at det offentlege kan gi kompensasjon til føretak

som yter tenester av allmenn økonomisk interesse, sjå avsnitt 2.2.5. Å setje i verk til dømes personretta tiltak ved å nytte dei generelle ordningane som blir administrerte gjennom skattesystemet, vil lett bli kostbart.

5.6 Avslutning

I valet mellom ulike tiltak som blir omtalte i utgreiinga, har vi teke omsyn til dei måla som den graderte arbeidsgivaravgifta har, og til innhaldet i dei fylkesvise planane om næringsretta tiltak som er behandla i Kommunal- og regionaldepartementet. Slik utvalet ser det, bør rettesnora for valet av tiltak som skal kompensere for auka arbeidsgivaravgift slike tiltak som i eit langsiktig perspektiv vil verke utviklande på distrikta, meir enn å søkje etter tiltak som direkte kompenserer enkelte bedrifter eller bransjar.

I forhold til EØS-avtalen er det juridiske handlingsrommet stort når det gjeld å setje i verk næringsretta tiltak innanfor dei godkjende måla, dersom tiltaka ikkje er utforma som støtte til drift. I hovudsak kan ein dermed velje dei verkemidla som skal kompensere for den auka arbeidsgivaravgifta ut frå faglege og politiske vurderingar. Somme tiltak er vanskelegare å få godkjent enn andre, og i nokre tilfelle er handlingsrommet klarare enn i andre tilfelle.

Ut frå det relativt store juridiske handlingsrommet vil dei faglege og politiske vala i nokon grad bli styrte av om ein har til intensjon å kompensere for avgiftsauken, eller om ein siktar breiare mot dei overordna regionalpolitiske måla. Også dei regionale handlingsplanane ser ut til å reflektere desse to perspektiva. Oppgåva for styresmaktene blir å finne *ein god kombinasjon* av det som er lovleg og det som er fornuftig.

5.7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Etter utgreiingsinstruksen skal ein i offentlege utgreiingar sørgje for "*en konsekvensutredning som skal bestå av analyse og vurdering av antatt vesentlige konsekvenser av den beslutning som foreslås truffet*".

Utvalet viser til at det i mandatet for denne utgreiinga er bedt om å vurdere det distrikts- og regionalpolitiske handlingsrommet for nasjonale verkemiddel som er tillatne etter EØS-avtalen og ESAs retningslinjer. Dette har utvalet tolka slik at det sentrale faglege spørsmålet er å gjere ei vurdering av handlingsrommet for norske tiltak i distrikts- og regionalpolitikken innanfor ramma av EØS-reglane om offentleg støtte. Utvalet har derfor ikkje kome med ei tilråding om korleis eller i kor stor grad dette handlingsrommet bør nyttast. Av den grunn kjem ikkje utvalet med framlegg om avgjerder eller tilrådingar som det er naturleg å knyte ein konsekvensanalyse til.

Vedlegg 1**Gruppefritaksreglene****1.1 KOMMISSJONSFORORDNING (EF) nr. 69/2001 av 12. januar 2001 om anvendelse av EF-traktatens artikkel 87 og 88 på bagatellmessig støtte**

KOMMISSJONEN FOR DE EUROPEISKE FELLESKAP HAR -

under henvisning til traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap,

under henvisning til rådsforordning (EF) nr. 994/98 av 7. mai 1998 om anvendelse av artikkel 92 og 93 i traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap på visse kategorier horisontal statsstøtte,¹ særlig artikkel 2,

etter offentliggjøring av utkast til forordning,²

etter samråd med Den rådgivende komite for statsstøtte og

ut fra følgende betraktninger:

1. Forordning (EF) nr. 994/98 gir Kommisjonen myndighet til ved forordning å fastsette en øvre grense, slik at støttetiltak under denne verdien ikke anses å oppfylle alle kriterier i traktatens artikkel 87 nr. 1 og dermed ikke faller inn under framgangsmåten for melding fastsatt i traktatens artikkel 88 nr. 3.
2. Kommisjonen har i en rekke vedtak anvendt traktatens artikkel 87 og 88, og har særlig klargjort støttebegrepet som omhandlet i traktatens artikkel 87 nr. 1. Kommisjonen har også vist sin politikk med hensyn til en øvre grense for bagatellmessig støtte, slik at artikkel 87 nr. 1 ikke anses å få anvendelse på støtte under denne grensen, senest i kommisjonsmelding om regelen om bagatellmessig støtte.³ I lys av denne erfaring og med henblikk på større klarhet og rettssikkerhet, bør regelen om bagatellmessig støtte fastlegges i en forordning.
3. Tatt i betraktning de særlige regler som gjelder i landbruks-, fiskeri- og akvakultursektoren, og i transportsektoren, samt faren for at selv små støttebeløp innenfor disse sektorene vil kunne oppfylle kriteriene i traktatens artikkel 87 nr. 1, bør denne forordning ikke få anvendelse på disse sektorene.
4. I lys av Verdens handelsorganisasjons (WTO) avtale om subsidier og utjevningsavgifter⁴ bør

denne forordning ikke unnta eksportstøtte eller støtte som begunstiger innenlandske framfor importerte produkter. Støtte til dekning av kostnadene ved deltaking på handels-/varemesser eller til undersøkelser eller rådgivningstjenester som er nødvendige for lanseringen av et nytt eller eksisterende produkt på et nytt marked utgjør normalt ikke eksportstøtte.

5. På bakgrunn av Kommisjonens erfaring kan det fastslås at støtte som ikke overstiger en øvre grense på 100.000 euro over et tidsrom på tre år, ikke påvirker handelen mellom medlemsstatene og/eller ikke vrir eller truer med å vri konkurransen; slik støtte faller dermed ikke inn under traktatens artikkel 87 nr. 1. Den relevante treårsperioden er av glidende karakter, slik at for hver ny tildeling av bagatellmessig støtte må den samlede bagatellmessige støtten tildelt i de foregående tre årene fastslås. Den bagatellmessige støtten skal anses å være gitt i det øyeblikk det rettslige krav på å motta støtten overføres til mottakeren. Regelen om bagatellmessig støtte berører ikke foretakenes mulighet til, for samme prosjekt, også å motta statsstøtte godkjent av Kommisjonen eller i henhold til en forordning om gruppeunntak.
6. Med henblikk på åpenhet, likebehandling og korrekt anvendelse av den øvre grense for bagatellmessig støtte, bør medlemsstatene benytte samme beregningsmetode. For å forenkle slik beregning, og i samsvar med gjeldende praksis for anvendelse av regelen om bagatellmessig støtte, bør støttebeløp som gis i annen form enn kontanttilskudd, omregnes til brutto tilskuddsekvivalent. Ved beregning av tilskuddsekvivalenten til støtte som utbetales i flere rater, og ved beregning av støtte i form av lån på gunstige vilkår, er det nødvendig å benytte den markedsrente som gjaldt da støtten ble gitt. Med henblikk på en ensartet, åpen og enkel anvendelse av statsstøttereglene, bør markedsrentene for denne forordning anses som referansesatser, forutsatt at eventuelle lån på gunstige vilkår sikres på vanlig måte og ikke innebærer noen unormalt stor risiko. Referansesatsene bør være de satser som jevnlig fastsettes av Kommisjonen på grunnlag av objektive kriterier og som

1 EFT L 142 av 14.5.1998, s. 1.

2 EFT C 89 av 28.3.2000, s. 6.

3 EFT C 68 av 6.3.1996, s. 9.

4 EFT L 336 av 23.12.1994, s. 156.

offentliggjøres i De Europeiske Fellesskaps Tidende og på Internettet.

7. Kommisjonen er forpliktet til å sikre at statsstøtte-reglene overholdes, og særlig at støtte som er gitt i henhold til regelen om bagatellmessig støtte oppfyller vilkårene for slik støtte. Medlemsstatene bør bidra, i samsvar med samarbeidsprinsippet fastsatt i traktatens artikkel 10, til å lette gjennomføring av denne oppgaven ved å opprette et kontrollapparat som skal sikre at det samlede støttebeløp som gis til samme mottaker etter regelen om bagatellmessig støtte, ikke overstiger den øvre grense på 100.000 euro over en periode på tre år. Når de berørte medlemsstater gir bagatellmessig støtte, bør de for dette formål underrette vedkommende foretak om at det er tale om bagatellmessig støtte, innhente fullstendig informasjon om annen bagatellmessig støtte som foretaket har mottatt i løpet av de tre foregående år, samt forsikre seg om at den øvre grensen for bagatellmessig støtte ikke overstiges som følge av den nye støtten. Alternativt kan det opprettes et sentralt register for å kontrollere at den øvre grensen for bagatellmessig støtte overholdes.
8. På bakgrunn av Kommisjonens erfaring, og særlig tatt i betraktning det generelle behov for stadig å revidere politikken på statsstøtteområdet, bør gyldighetstiden for denne forordning begrenses. Der som denne forordning ikke forlenges ved gyldighetstidens utløp, bør medlemsstatene ha en tilpasningsperiode på seks måneder med hensyn til støtteordninger for bagatellmessig støtte som omfattes av denne forordning -

VEDTATT DENNE FORORDNING:

Artikkel 1

Virkeområde

Denne forordning får anvendelse på støtte til foretak i alle sektorer unntatt følgende:

- a) transportsektoren og virksomhet knyttet til produksjon, bearbeiding og markedsføring av produkter angitt i vedlegg I til traktaten,
- b) støtte til eksportrelatert virksomhet, det vil si støtte som er direkte knyttet til eksportvolum, opprettelse og drift av distribusjonsnett eller til andre løpende utgifter knyttet til eksportvirksomhet,
- c) støtte som forutsetter at det brukes innenlandske framfor importerte produkter.

Artikkel 2

Bagatellmessig støtte

1. Støtteordninger som oppfyller vilkårene i nr. 2 og 3 skal anses som ikke å oppfylle alle kriterier i traktatens artikkel 87 nr. 1 og er derfor ikke om-

fattet av meldeplikten fastsatt i traktatens artikkel 88 nr. 3.

2. Samlet bagatellmessig støtte som gis til et foretak, skal ikke overstige 100.000 euro over en treårsperiode. Denne øvre grense gjelder uavhengig av støtten form og formål.
3. Den øvre grense fastsatt i nr. 2 skal uttrykkes som kontanttilskudd. Alle tall som benyttes skal være bruttobeløp, dvs. for direkte beskatning. Når støtte gis i en annen form enn som tilskudd, skal støttebeløpet være det samme som støtten brutto tilskuddsekvivalent.

Støtte som utbetales i flere rater, skal diskonteres til verdien på det tidspunktet støtten ble gitt. Rentesatsen som brukes ved diskontering og ved beregning av støttebeløpet ved lån på gunstige vilkår, skal være den referanse-renten som gjaldt på det tidspunktet da lånet ble gitt.

Artikkel 3

Kumulering og kontroll

1. Når en medlemsstat gir et foretak bagatellmessig støtte, skal den underrette foretaket om at det er tale om bagatellmessig støtte og innhente fra vedkommende foretak fullstendige opplysninger om annen bagatellmessig støtte som det har mottatt i løpet av de tre foregående årene. Medlemsstaten kan først gi den nye bagatellmessige støtten når den har forsikret seg om at dette ikke vil føre til at den samlede bagatellmessige støtte mottatt i løpet av referanseperioden på tre år overstiger den øvre grensen fastsatt i artikkel 2 nr. 2.
2. Dersom en medlemsstat har opprettet et sentralt register over bagatellmessig støtte med fullstendige opplysninger om alle former for bagatellmessig støtte gitt av en myndighet i denne medlemsstaten, får kravet i nr. 1 annet ledd ikke lenger anvendelse fra det tidspunkt registeret dekker et tidsrom på tre år.
3. Medlemsstatene skal registrere og samle alle opplysninger om anvendelsen av denne forordning. Slik dokumentasjon skal omfatte alle opplysninger som er nødvendige for å fastslå at vilkårene i denne forordning er overholdt. Opplysninger om individuelle tildelinger av bagatellmessig støtte skal bevares i ti år fra og med den dato da støtten ble gitt, og med hensyn til støtteordninger for bagatellmessig støtte, i ti år fra og med den dato da den siste individuelle støtte i henhold til ordningen ble gitt. Den aktuelle medlemsstat skal på skriftlig anmodning framlegge for Kommisjonen innen 20 virkedager, eller eventuelt et lengre tidsrom som fastsatt i anmodningen, alle opplysninger som Kommisjonen anser som nødvendige for å kunne vurdere om vilkårene i denne forordning er overholdt, særlig det samlede beløp for bagatellmessig støtte som er gitt til et foretak.

Artikkel 4

Ikrafttredelse og gyldighetstid

1. Denne forordning trer i kraft den 20. dag etter at den er kunngjort i *De Europeiske Fellesskaps Tidende*.
Den får anvendelse til 31. desember 2006.
2. Ved utløpet av denne forordnings gyldighetstid skal støtteordninger for bagatellmessig støtte som hører inn under denne forordning, fortsatt nyte godt av dens bestemmelser i en tilpasningsperiode på seks måneder.

I løpet av tilpasningsperioden kan ordningene fortsatt anvendes på vilkårene fastsatt i denne forordning.

Denne forordning er bindende i alle deler og kommer direkte til anvendelse i alle medlemsstater.

Utferdiget i Brussel, 12. januar 2001.

For Kommisjonen

Mario MONTI

Medlem av Kommisjonen

1.2 Kommisjonsforordning (EF) nr. 68/2001 av 12. januar 2001 om anvendelse av EF-traktatens artikkel 87 og 88 på opplæringsstøtte.

KOMMISSJONEN FOR DE EUROPEISKE FELLESSKAP HAR –

under henvisning til traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap,

under henvisning til rådsforordning (EF) nr. 994/98 av 7. mai 1998 om anvendelse av artikkel 92 og 93 i traktaten om opprettelse av Det Europeiske fellesskap på visse kategorier horisontal statsstøtte,⁵ særlig artikkel 1 nr. 1 bokstav a) iv),

etter offentliggjøring av utkast til forordning,⁶

etter samråd med Den rådgivende komité for statsstøtte og ut fra følgende betraktninger:

1. Forordning (EF) nr. 994/98 gir Kommisjonen myndighet til å erklære, i samsvar med traktatens artikkel 87, at opplæringsstøtte under visse omstendigheter er forenlig med det felles marked og ikke underlagt meldeplikten omhandlet i traktatens artikkel 88 nr. 3.
2. Kommisjonen har i en rekke vedtak anvendt traktatens artikkel 87 og 88 på opplæringsstøtte, og har dessuten definert sin politikk på dette området, senest i Fellesskapets rammebestemmelser for opplæringsstøtte.⁷ I lys av Kommisjonens betydelige erfaring med anvendelsen av disse artiklene

på opplæringsstøtte bør den, for å sikre effektiv gransking samt å forenkle saksbehandlingen uten å svekke sin kontroll, benytte myndigheten den er gitt i henhold til forordning (EF) nr. 994/98.

3. Med henblikk på å fastsette en klar og sammenhengende politikk for alle sektorer bør virkeområdet for denne forordning være så bredt som mulig og omfatte landbrukssektoren, fiskeri og akvakultur.
4. Denne forordning berører ikke medlemsstatenes mulighet til å melde opplæringsstøtte. Kommisjonen vil vurdere en slik melding særlig i lys av kriteriene fastsatt i denne forordning, eller i henhold til Fellesskapets gjeldende retningslinjer og rammebestemmelser, såfram slike retningslinjer og rammebestemmelser eksisterer. Dette er for tiden tilfellet for aktiviteter knyttet til produksjon, bearbeiding og markedsføring av produkter oppført i vedlegg I til traktaten, og for sjøtransportsektoren. Rammebestemmelsene for opplæringsstøtte bør oppheves fra datoen for denne forordnings ikrafttredelse, da innholdet erstattes av denne forordning.
5. Av åpenhetshensyn bør det gjøres oppmerksom på at i samsvar med artikkel 51 nr. 1 annet ledd i rådsforordning (EF) nr. 1257/1999 av 17. mai 1999 om støtte til utvikling av landdistriktene fra Det europeiske utviklings- og garantifond for landbruket (EUGFL) og om endring og oppheving av visse forordninger,⁸ får traktatens artikkel 87-89 ikke anvendelse på medlemsstatenes finansielle bidrag til tiltak som mottar fellesskapsstøtte til opplæringsformål som omhandlet i artikkel 9 i nevnte forordning.
6. Av åpenhetshensyn bør det understrekes at denne forordning bør få anvendelse bare på opplærings tiltak som utgjør statsstøtte i henhold til traktatens artikkel 87 nr. 1. Flere opplæringstiltak omfattes ikke av nevnte artikkel, men utgjør i stedet allmenne tiltak fordi de er beregnet på alle foretak i alle sektorer uten forskjellsbehandling og uten adgang til skjønnsutøvelse for myndighetene som iverksetter tiltakene (generelle ordninger for skattemessig oppmuntring, som automatisk skattekredditt for alle foretak som investerer i de ansattes opplæring). Andre opplæringstiltak faller utenfor virkeområdet for traktatens artikkel 87 nr. 1 fordi personer alle steder direkte nyter godt av den, og de ikke gir fordeler for visse foretak eller sektorer. Eksempler på dette er skolegang og grunnopplæring (f.eks. vekselvis skolegang og praksis), opplæring eller omskolering av arbeidsløse, herunder praksisplasser i foretak, tiltak rettet direkte mot arbeidstakere eller til og med mot visse grupper arbeidstakere, noe som gir dem muligheten til å nyte godt av opplæring som ikke er tilknyttet

⁵ EFT L 142 av 14.5.1998, s. 1.

⁶ EFT C 89 av 28.3.2000, s. 8.

⁷ EFT C 343 av 11.11. 1998, s. 10.

⁸ EFT L 160 av 26.6.1999, s. 80.

- bedriften eller sektoren de arbeider i (f.eks. en «utdanningskonto»). På den annen side bør det minnes om at bidrag fra sektorfond, dersom en stat gjør dem obligatoriske, ikke betraktes som private midler, men utgjør statsmidler i henhold til traktatens artikkel 87 nr. 1.
7. Denne forordning bør unnta alle former for støtte som oppfyller alle relevante krav i denne forordning, og alle former for støtteordninger, såfram støtte som kan gis etter en slik ordning, oppfyller alle relevante krav i denne forordning. Med henblikk på å sikre effektiv gransking og forenkling av administrativ behandling uten å svekke Kommisjonsens kontroll, bør støtteordninger og individuell støtte som gis uavhengig av støtteordninger, inneholde en uttrykkelig henvisning til denne forordning.
8. For å fjerne ulikheter som kan føre til konkurransevridding, og for å lette samordningen mellom ulike tiltak i Fellesskapet og på nasjonalt plan som gjelder små og mellomstore bedrifter, samt av hensyn til klarhet i den administrative behandling og til rettssikkerheten, bør definisjonen av «små og mellomstore bedrifter i denne forordning være den samme som den i kommisjonsrekommendasjon 96/280/EF av 3. april 1996 om definisjonen av små og mellomstore bedrifter».⁹
9. For å fastslå hvorvidt støtte er forenlig med det felles marked i henhold til denne forordning, er det nødvendig å vurdere støttens intensitet og dermed støttebeløpet uttrykt som tilskuddsekvivalent. Ved beregning av tilskuddsekvivalenten til støtte som utbetales i flere rater, og ved beregning av støtte i form av lån på gunstige vilkår, bør den markedsrente anvendes som gjaldt da støtten ble tildelt. Med henblikk på en ensartet, klar og enkel anvendelse av statsstøttereglene bør markedsrentesatsene i denne forordning anses som referansesatser, forutsatt at eventuelle lån på gunstige vilkår sikres på vanlig måte og ikke innebærer risiko utenom det vanlige. Referansesatsene bør være de som jevnlig fastsettes av Kommisjonen på grunnlag av objektive kriterier og offentliggjøres i *De Europeiske Fellesskaps Tidende* og på Internettet.
10. Opplæring vil vanligvis ha positive eksterne virkninger for samfunnet som helhet, idet den betyr et økt antall kvalifiserte arbeidstakere som rekrutteringsgrunnlag for andre foretak, forbedrer konkurranseevnen til Fellesskapets industri og spiller en viktig rolle i sysselsettingsstrategien. Ettersom foretakene i Fellesskapet generelt investerer for lite i opplæringen av sine arbeidstakere, kan statsstøtte bidra til å korrigere denne markedets ufullkommenhet, og kan derfor under visse omstendigheter betraktes som forenlig med det felles marked og derfor unntatt fra kravet om forhåndsmelding.
11. For å sikre at statsstøtte begrenses til det som er nødvendig for å nå Fellesskapets mål, noe som ikke vil være mulig ved hjelp av markedskreftene alene, bør den tillatte intensitet av støtte som gis unntak tilpasses etter den form for opplæring som gis, samt bedriftens størrelse og geografiske beliggenhet.
12. Generell opplæring gir kvalifikasjoner med bred anvendelse og forbedrer kvalifiserte arbeidstakernes mulighet til sysselsetting betydelig. Støtte for dette formål bidrar i mindre grad til konkurransevridding, og støtte med høyere intensitet kan derfor betraktes som forenlig med det felles marked og unntas fra kravet om forhåndsmelding. På den annen side innebærer særskilt opplæring, som først og fremst kommer bedriften til gode, en større fare for konkurransevridding, og støtte til slik opplæring bør være av mye lavere intensitet for at støtten skal kunne betraktes som forenlig med markedet og unntas fra kravet om forhåndsmelding.
13. På bakgrunn av den store belastningen på små og mellomstore bedrifter og de høyere relative kostnadene disse må bære når de investerer i opplæring av sine arbeidstakere, bør intensiteten til støtte som gis unntak i henhold til denne forordning, økes for små og mellomstore bedrifter.
14. I områder som er støtteberettiget i henhold til traktatens artikkel 87 nr. 3 bokstav a) og c), har opplæring relativt sett større eksterne virkninger, fordi det generelt investeres for lite i opplæring i sikre områder, og fordi arbeidsledigheten er høyere. Intensiteten av støtte som gis unntak i henhold til denne forordning, bør derfor økes for disse områdene.
15. Innenfor sjøtransportsektoren rettferdiggjør opplæringens særlige form en særskilt tilnærming.
16. Store støttebeløp bør fortsatt vurderes individuelt av Kommisjonen før de fordeles. Støttebeløp som overstiger en bestemt øvre grense, som bør fastsettes til 1000.000 euro, utelukkes følgelig fra unntaket fastsatt ved denne forordning og omfattes fortsatt av bestemmelsene i traktatens artikkel 87 nr. 3.
17. Denne forordning bør ikke unnta støtte som er kumulert med annen statsstøtte, herunder støtte gitt av nasjonale, regionale eller lokale myndigheter, eller med fellesskapsfinansiering som gjelder de samme støtteberettigede kostnader, når slik kumulering fører til at grensebeløpene fastsatt i denne forordning overstiges.
18. For å sikre åpenhet og effektiv kontroll i samsvar med artikkel 3 i forordning (EF) nr. 994/98, bør det opprettes et standard skjema, med henblikk på offentliggjøring i *De Europeiske Fellesskaps Tidende*, som medlemsstatene kan bruke for å gi

⁹ EFT L 107 av 30.4.1996, s. 4.

Kommisjonen opplysninger i sammendrags form når en støtteordning iverksettes, eller når individuell støtte som ikke omfattes av noen slik ordning, gis i henhold til denne forordning. Av samme årsak bør det fastsettes regler for hva slags registre medlemsstatene bør føre over støtte som er unntatt etter denne forordning. Kommisjonen bør selv fastsette presise krav når det gjelder de årlige rapportene som medlemsstatene skal oversende Kommisjonen, herunder krav om at opplysningene foreligger i elektronisk form, da den nødvendige teknologi nå er allment tilgjengelig.

19. På bakgrunn av Kommisjonens erfaring, og særlig tatt i betraktning behovet for stadig å revidere politikken på området statsstøtte, er det hensiktsmessig å begrense gyldighetstiden for denne forordning. Dersom denne forordning ikke forlenges ved gyldighetstidens utløp, bør støtteordninger som allerede er unntatt etter denne forordning, fortsatt være unntatt i seks måneder -

VEDTATT DENNE FORORDNING:

Artikkel 1

Virkeområde

Denne forordning får anvendelse på støtte i alle sektorer, herunder aktiviteter knyttet til produksjon, bearbeiding og markedsføring av produkter oppført i vedlegg I til traktaten.

Artikkel 2

Definisjoner

I denne forordning menes med.

- «støtte», ethvert tiltak som oppfyller samtlige kriterier fastsatt i traktatens artikkel 87 nr. 1,
- «små og mellomstore bedrifter», foretak som definert i vedlegg I, bedrifter i vedlegg I,
- «store foretak», foretak som ikke faller inn under definisjonen av små og mellomstore bedrifter i vedlegg I,
- «særskilt opplæring», opplæring som omfatter undervisning som er direkte og hovedsakelig knyttet til arbeidstakerens nåværende eller framtidige stilling i mottakerbedriften, og som gir kvalifikasjoner som ikke eller bare i begrenset grad kan benyttes i andre foretak eller på andre arbeidsområder,
- «generell opplæring», opplæring som omfatter undervisning som ikke utelukkende eller hovedsakelig er knyttet til arbeidstakerens nåværende eller framtidige stilling i mottakerbedriften, men som gir kvalifikasjoner som i stor grad kan benyttes i andre foretak eller på andre arbeidsområder og derfor i betydelig grad forbedrer arbeidstakerens mulighet til sysselsetting. Opplæring skal anses som «generell» dersom den f.eks.

- organiseres i fellesskap av flere uavhengige bedrifter, eller dersom arbeidstakere i forskjellige bedrifter kan ta del i opplæringen
- anerkjennes, attesteres eller godkjennes av offentlige myndigheter eller organer eller av andre organer eller institusjoner som er blitt tildelt den nødvendige myndighet av en medlemsstat eller Fellesskapet.

- «støtteintensitet», bruttostøttebeløpet uttrykt i prosent av prosjektets støtteberettigede kostnader. Alle tall som benyttes skal angi beløpene for eventuell direkte beskatning. Når støtten ikke gis som tilskudd, skal støttebeløpet være støttens tilskuddsekvivalent. Støtte som utbetales i flere rater, skal diskonteres til verdien på det tidspunktet støtten ble gitt. Rentesaften som benyttes ved diskontering og ved beregning av støttebeløpet ved lån på gunstige vilkår, skal være den referansesatsen som gjaldt på det tidspunktet lånet ble gitt,
- «vanskeligstilt arbeidstaker»,
 - unge personer under 25 år som ikke tidligere har vært i fast, lønnet stilling, i de første seks månedene etter ansettelse,
 - personer med alvorlige funksjonshemninger av fysisk, mental eller psykologisk art, men som likevel er i stand til å tre inn på arbeidsmarkedet,
 - vandrearbeidere som flytter eller har flyttet innenfor Fellesskapet eller som bosetter seg i Fellesskapet for å finne sysselsetting, og som trenger yrkes- eller språkopplæring,
 - personer som ønsker å tre inn på arbeidsmarkedet igjen etter en pause på minst tre år, og særlig personer som oppgav arbeidet på grunn av problemer med å forene arbeid og familieliv, i de første seks månedene etter ansettelse,
 - personer over 45 år uten videregående eller tilsvarende utdanning,
 - langtidsarbeidsledige, dvs. personer som har vært uten arbeid i 12 sammenhengende måneder, i de første seks månedene etter ansettelse.

Artikkel 3

Vilkår for unntak

- Individuell støtte som gis uavhengig av støtteordninger og som oppfyller alle vilkår i denne forordning, skal være forenlig med det felles marked i henhold til traktatens artikkel 87 nr. 3 og unntas fra meldeplikten fastsatt i traktatens artikkel 88 nr. 3, forutsatt at det i støtten uttrykkelig vises til denne forordning ved angivelse av tittel og henvisning til publiseringen i *De Europeiske Fellesskaps Tidende*.
- Støtteordninger som oppfyller alle vilkår i denne forordning, skal være forenlige med det felles marked i henhold til traktatens artikkel 87 nr. 3 og unntas fra meldeplikten fastsatt i traktatens artikkel 88 nr. 3, forutsatt at:

- a) enhver støtte som kan gis etter støtteordningen, oppfyller alle vilkår i denne forordning,
 - b) ordningen inneholder en uttrykkelig henvisning til denne forordning ved angivelse av tittel og henvisning til publisering i *De Europeiske Fellesskaps Tidende*.
3. Støtte som gis etter ordningene omhandlet i nr. 2, skal være forenlig med det felles marked i henhold til traktatens artikkel 87 nr. 3 og unntas fra meldepikten fastsatt i traktatens artikkel 88 nr. 3 dersom den umiddelbart oppfyller alle vilkår i denne forordning.

Artikkel 4

Støtte til opplæring som er gitt unntak

1. Støtteordninger og individuell støtte til opplæring må oppfylle vilkårene fastsatt i nr. 2-7.
2. Når det gis støtte til særskilt opplæring, skal støtteintensiteten ikke overstige 25 % for store foretak og 35 % for små og mellomstore bedrifter. Intensiteten skal økes med 5 prosentpoeng for foretak i områder som er berettiget til regionstøtte etter traktatens artikkel 87 nr. 3 bokstav c), og med 10 prosentpoeng for foretak i områder som er berettiget til regionstøtte etter traktatens artikkel 87 nr. 3 bokstav a).
